

KVARDAGSSLIT, TOMATAR, KJÆRLEIK OG STOLTHEIT



-EI HISTORIE OM PROVENCALSKE
BONDEHUSHALD UNDER PRESS

Anniken Førde

Hovedfagsoppgåve i samfunnsplanlegging og
lokalsamfunnsforskning
Institutt for Samfunnsvitskap
Universitetet i Tromsø
Mars 1995



ISV/sos 180



95C007794

KVARDAGSSLIT, TOMATAR, KJÆRLEIK OG STOLTHEIT

**-EI HISTORIE OM PROVENCALSKE
BONDEHUSHALD UNDER PRESS**

Anniken Førde

Hovedfagsoppgåve i samfunnsplanlegging og
lokalsamfunnsforskning
Institutt for Samfunnsvitskap
Universitetet i Tromsø
Mars 1995

95c004494

Universitetsbiblioteket]
i Tromsø

Takk

Takk først og framst til Mariehøiise og Maricile, René og hølen, Annie og Fernand og familiene deras - "qui portent leur cœur dans les mains."

Ein stor og varm takk til Ragnar Nilsen som har rettleia meg gjennom hundfaget. Takk for å ha vist stor interesse for og tru på arbeidet mitt, for gode diskusjonar og nytige kommentarar, for god fagleg og mælommensleleg støtte!

Han Trond skal ha stor takk for sitt uslitelege engasjement for mine franske tomatar. Takk for altid i ha stilt opp; lest, kommentert, diskutert, forstått og forklart, trøsta og oppmuntra - takk for at du har vore der!

Takk til han pappa, ho Asbjørg og han Tor - mine gode støttespilarar på landbruksida. Takk for å ha lest og kommentert oppgåva og for gode diskusjonar.

Hilde og Bjørn skal ha takk for nytige kommentarar på teori og metode. Ho Tone har gjort ein stor innsats med sluttgjennengangen av oppgåva - takk skal du ha!

Takk til han Johnny som tolmodig har høyst og svært på mine mange spørsmål, og for hjelp med den siste finpassen. Takk til Bjørn for forsidesiletet.

Ein stor takk til dei på lærerstolen og til planleggingsgruppa for å ha vore med og gjort dette til ei fin tid. For det har det vore!

INNHOLD:

| | |
|--|----|
| KAPITTEL 1: BØNDER I PROVENCE | 1 |
| INNLEIING | 1 |
| VAKRE PROVENCE | 1 |
| JORDBRUK I PROVENCE | 2 |
| VELKOMEN TIL GARDS - EIN PRESENTASJON AV FAMILIANE | 4 |
| HUSHALDSDYNAMIKKAR UNDER PRESS - TEMA FOR OPPGÅVA | 9 |
| GANGEN I OPPGÅVA | 10 |
| KAPITTEL 2: FRÅ BONDEN VIA HUSHALDET TIL SAMFUNNET | |
| -PRESENTASJON AV ANALYTISKE VERKTØY | 13 |
| KORLEIS GRİPE FOLK SITT KVARDAGSLIV? | 13 |
| KULTUR | 14 |
| KONSTRUKSJONEN AV SOSIALE PERSONAR OG IDENTITETSFORVALTNING | 15 |
| HUSHALD SOM ANALYTISK EINING | 17 |
| SOSIALE FELT | 19 |
| OPPSUMMERING OG SPESIFISERING AV PROBLEMSTILLING | 21 |
| KAPITTEL 3: FRÅ NORDNORSKE FJØS TIL SØRFRANSKE DRIVHUS | |
| -METODE OG EIGEN ROLLE I FELTARBEIDET | 23 |
| KORFOR PROVENCE? | 23 |
| EIN PLASS I DEIRA VERD | 24 |
| OM Å FINNE SEG TIL RETTE | 26 |
| KVA KAN EG SEIE NOKO OM? | 28 |
| KAPITTEL 4: KVARDAGEN PÅ GARDANE | 33 |
| EIN JUNIDAG HOS FAMILIEN LOPEZ | 33 |
| EIN FEBRUARDAG HOS FAMILIEN JORDAN | 38 |
| EIN APRILDAG HOS FAMILIEN RIVIERE | 42 |
| KAPITTEL 5: MANNFOLK, TEKNIKK, TOMATAR OG KJÆRLEIK | 47 |
| MANNFOLKARBEID OG MANNDOM | 47 |
| HARDT ARBEID, KUNNSKAP OG KJÆRLEIK | 52 |
| TRADISJON OG ENDRING | 56 |
| DEI TRADISJONELLE OG DEN MODERNE GARDBRUKAREN | 58 |
| KAPITTEL 6: KVINNFOLK, NETTVERK, ENERGI OG FANATASI | 61 |
| ENERGI OG PÅGANGSMOT | 61 |
| KREATIVITET OG NYTENKNING | 63 |
| KOORDINERING OG FLEKSIBILITET | 65 |
| KVINNEGROUPPENE | 67 |
| "DRIFTIGE KVINNFOLK" | 69 |
| SLITNE MEN STOLTE MENN OG KVINNER - EI OPSPUMMERING | 72 |

| | |
|--|-----|
| KAPITTEL 7: FAMILIELIV, REKRUTTERING OG GENERASJONS-FORSKJELLAR | 75 |
| FAMILIELIV | 75 |
| PESSIMISME I NÆRINGA | 78 |
| BONDEHETS OG BY-LAND-KONFLIKTAR | 80 |
| DEI UNGE GÅR UT AV GARDSDRIFTA, MEN BLIR PÅ GARDEN | 81 |
| NYE GENERASJONAR - NYE VERDIAR | 83 |
| KAPITTEL 8: FELLESSKAP, VIRKEFELT OG LOKALITET | 87 |
| "PROVENCAO" | 87 |
| MANGELEN PÅ LOKALSAMFUNN | 89 |
| KJØNN OG GEOGRAFI | 90 |
| HUSHALD SOM FELT | 92 |
| KAPITTEL 9: MODERNISERING VERSUS FLEKSIBILITET | |
| -OPPSUMMERING, DISKUSJON OG AVSLUTNING | 95 |
| ENDRING OG VEDLIKEHALD - VERDIAR OG VILKÅR | 95 |
| TRADISJONELL DRIFT - "BAKSTREVERSK" DRIFTSFORM? | |
| -FORSTÅINGSBARRIERER MELLOM FORVALTNINGA OG UTØVARANE | 96 |
| FRÅ FAMILIEBRUK TIL EINMANNSFØRETAK ? | |
| -Plassering i den faglege diskursen | 100 |
| "DEN SOM LEITER DEN FINN DET HAN LEITER ETTER" | 103 |
| "ET ALORS?" - AVSLUTNING | 105 |
| APPENDIX 1: STATISTIKK | 107 |
| APPENDIX 2: RENEE JORDAN HAR TEIKNA NED SITT LIVSLØP | 108 |
| LITTERATURREFERANSAR | 111 |

KAPITTEL 1

BØNDER I PROVENCE

INNLEIING

Fotografiet på forsida viser marknaden i Aix-en-Provence. Grytidleg kvar morgen er bønder og andre seljarar på plass på torga i provencalske landsbyar og byar. Dei stiller med eit stort utval av ferske, lekre og duftande frukter og grønsaker. Store koner og mindre menn ropar ut sine tilbod med sterk provencalsk aksent og gestikulerande armer. Stemninga er sjærmerande, travel og intens.

Bøndene er, med sine fargesprakande produkt og si entusiastiske framtoning, eit viktig og livleg innslag overalt kor ein kjem i Provence. Men bak dette biletet av smilande, høgrøsta bønder skjuler det seg mykje hardt arbeid. Deira kunnskap og tradisjonar blir stadig utfordra av krav om modernisering. På ulike gardar finn ein ulike organiseringar, ulike røyndsoppfatningar, ulike verdiar og prioriteringar, ulike problem og ulike løysningar. Denne oppgåva er ei historie om tre ulike bondehushald i Provence, og kva som utformar deira tilvere.

VAKRE PROVENCE

Det er sant at det er vakkert i Provence. Og at her så å seie alltid er vår. Alltid står noko i bloming; Mandeltrea i januar, mimosaen i februar, så kjem ferskentrea, valmuane, kirsebærtrea, lavendelen... Ved dei lyse kalkfjella veks det barskog og krydderurter. Her ligg ange av timian og rosmarin i lufta.

Honingfarga murhus med raude teglsteinstak dekker åskammene og former landsbyar og byar. Husa har blå, grøne eller brune vindaugekarmar og skodder. På trappene og i vindauga står potter med blomster i alle fargar. Gatene er smale, og ender ut i små, opne plassar, ofte med ei fontene i midten. I skuggen av kastanjetrear står kafé-, bar- og restaurantborda tett i tett.

Bønder i Provence

På flatene mellom landsbyane ligg gardar spreidd utover. Våningshusa er omgitte av store enger med frukttre, oliventre eller vinranker, eller drivhus og små grønsakåkrar. På dei eldste gardane kan ein finne tomme låvebygg.

Ved kysten slår bølgane mot kvite strender og skarpe klipper. Klippene dannar formasjonar som små fjordar - "les calanques". Her ligg seglbåtar og små fiskebåtar tett i tett. "Le Côte d'Azur", denne delen av middelhavet, er klar blå. Som himmelen. Mistralen, den karakteristiske vinden som kjem ned gjennom Rhône-dalen, sørger for at sola stort sett alltid skin i Provence.

JORDBRUK I PROVENCE¹

600 år f.Kr. planta grekarane dei første vinrankene i Provence. Trass i lite regn, gir mykje sol og fruktbar jord gode forhold for vin-, frukt- og grønsakdyrkning. Jordbruket har tradisjonelt vore berekrafa i økonomien i regionen. No har det fått selskap av turisme og industri. Men jordbruket er framleis viktig, både økonomisk og kulturelt. Med omlag 45 000 gardsbruk, som dekker over tredelen av arealet, er Provence framleis ein jordbruksregion.

Hovudproduksjonen er vin, frukt, grønsaker, oliven og korn. Bruka varierer i storleik, organisasjonsform, produksjonstype og distribusjonsmåte. Små og store bruk ligg side om side. Men med 20% av bruka på under 10 dekar², er jordbruket i regionen prega av småbruksstruktur. Nokre bruk drivast som familiebruk, nokre er organisert som GAECar (Groupement Agricole d'Exploitations en Commun)³ og nokre drivast av ein eigar og mange tilsette. Det er vanleg å ha framandarbeidarar, det vil som oftast seie arabarar, tilsett på gardane. På små bruk har dei gjerne

¹ Tala i dette avsnittet er henta frå le Roy 1991, "l'agriculture des Bouches-du-Rhône", brosjyrer frå landbrukskontoret 1990, og "Agreste" - la statistique agricole 1992. Sjå også appendix 1.

² 1 dekar (daa)= 1 mål= 1000 m2.

³ Ein GAEC har fleire eigalar/drivarar. Då det er eit politisk mål å slå saman bruk til større einingar (effektivisering ved stordriftsfordeler - større marker, felles utstyr etc.), oppmodast brukarar til å slå seg saman til GAEC'ar ved at dei mellom anna får billigare lån.

ein tilsett, på større bruk opptil 50⁴. Nokre brukarar driv spesialisert på eit eller få produkt, andre driv allsidig produksjon. Dei første sel oftast produkta sine til grossistar, som igjen leverer dei til supermarknader eller eksporterer dei. På bruken med meir variert produksjon, drar ofte bøndene inn til nærmeste by eller landsby med varene sine for å selje på marknaden. Eller dei sel direkte på garden.

Regionen Provence-Alpes-Côte d'Azur har 4 millionar innbyggjarar og dei mange byane ligg tett. Kor enn på landet ein bur er det ein landsby like ved, og det er ikkje lange vegen med bil til nærmaste by. Bøndene er såleis nær kundane. Mildt klima gjer at ein kan ha utandørs marknader heile året. Denne sals- og kjøpermåten er også ein viktig del av kulturen her. Det finst kooperativ oppretta på privat initiativ. Men det er fri marknad for omsetjing av frukt og grønsaker, det vil seie fri konkurranse på pris. Bøndene konkurrerer innbyrdes, på marknaden må den eine prøve å overgå den andre i kvalitet og låge priser. I tillegg må små bruk konkurrere med større, som produserer billigare. Som medlem av EU må all fransk jordbruksproduksjon konkurrere med varer fra mellom andre Spania og Nederland, som igjen er mykje billigare i produksjonen.

I etterkrigstida har det skjedd store endringar i jordbruket her som i resten av landet. Vatn er ein kritisk faktor i provencalsk jordbruk, og nye overrisslingsanlegg omtalar bøndene som ein "revolusjon" av drifta. Modernisering har gått føre seg på alle plan. Innimellom engene dukkar stadig fleire drivhus av kvit plast opp. Dei siste åra har det også kome opp drivhus av glas. Det har blitt fleire store bruk, som driv meir mekanisert. Traktorar er blitt meir vanleg å sjå på engene. Nye kommunikasjonsmiddel har gjort avstanden mellom by og land mindre. Det er blitt meir vanleg med landbruksutdanning, sjølv om landbruksbefolkinga framleis karakteriserast som lite utdanna. Turisme har blitt ei viktig tilleggsnæring på mange bruk.

Det blir stadig færre gardsbruk. Mangfaldet i produksjonen er redusert, då sterk konkurranse har ført til spesialisering på dei produkta ein har komparative fortrinn på å produsere. I Provence er

⁴ 40% av arbeidet på provencalske gardar blir utført av lønnsarbeidarar. Det er som oftast arabarar, som er billig arbeidskraft.

Bønder i Provence


det vin- og åkerproduksjon. Husdyrhald, som var vanleg før, er det mest ingenting att av. Talet på tilsette i jordbruket går ned med 2-3% kvart år. I Frankrike som heile sysselsett næringa 5% av den yrkesaktive befolkninga (tal frå 1990, mot 27% i 1954!), i fylket Bouches-du-Rhône under 2%. Jordbruksbefolkninga er "forgubba", over halvparten av bøndene i regionen er over 54 år. Inntektene i jordbruket er låge. Sjølv om Provence har større inntekter pr dekar dyrka jord enn landsgjennomsnittet, er inntektene lågare enn i andre sektorar.

Landbrukspolitikken blir utforma i Paris, og meir og meir i Brüssel. Ei av hovudmålsettingane, er å rasjonalisere jordbruket. Det inneber effektivisering av produksjonen og reduksjon av talet på bønder. Landbruksstøtta, både frå staten og EU, har gått ned sidan midt på 70-talet.

Franske bønder går ei usikker framtid i møte. Dei er avhengige av at konsumentane i større grad enn no vel franske produkt, dei er avhengige av ein pris på produkta som ofte er høgare enn prisen på tilsvarende produkt frå konkurrerande land, og dei er avhengig av politisk vilje - uttrykt ved støtteordningar- til at dei skal eksistere i framtida.

VELKOMEN TIL GARDS - EIN PRESENTASJON AV FAMILIANE

"Bienvenu à la ferme" (velkommen til gards) står det på skilt utanfor mange gardsbruk. Eg skal gjennom denne oppgåva ta lesaren med til familiene Lopez, Jordan og Riviere⁵.




⁵ Alle familienamn som blir brukt er oppdikta.

Kvardagsslit, tomatar, kjærleik og stoltheit

I utkanten av ein landsby i Bouches-du-Rhône ligg gardsbruket til familien Lopez. På ein nokså uryddig gardsplass ligg huset, ei rad drivhus og ein stor garasje. Det er travel aktivitet overalt.

Familien omfattar ekteparet Marie Louise (47) og Maurice (51), og ungane Robert (26), Magali (20) og Jacques (10).



Marie Louise og Maurice driv grønsakproduksjon i drivhus med oppvarming, og litt utandørs. Sommarstid dyrkar dei i hovudsak tomatar, om vinteren meir grøne produkt (salatar av ulike slag). Dei har 40 daa dyrka jord. Produkta sel dei på grossistmarknaden i Marseille, som ligg 30 minutters køyring frå garden, og på detaljistmarknaden i Marignane, 20 minutt unna. Marie Louise er eit stort og energisk kvinnfolk, det er eit syn for auga når ho gestikulerer som verst på marknaden. Når ho ikkje er på marknaden eller på møte, held ho til i sorteringsrommet, kor ho står over sorteringsmaskinen for tomatar eller gjer klar varene til marknaden. Maurice er stort sett å finne i drivhusa, kor han saman med tunisiaren Coco steller plantane og plukkar grønsaker. Alt arbeidet her skjer manuelt. Maurice legg si sjel i dette arbeidet, og drivhusa er alltid i den skjønaste ordenen.

I huset styrer Magali. Det er ho som tar seg av alt husarbeidet og all matlaging. Etter at ho avslutta ei toårig handelsutdanning for eit år sidan, har ho vært utan arbeid. Ho er no på jakt etter ein jobb. Då det er vanskeleg å finne jobb, snakkar ho om å ta til med å selje grønsaker saman med mora. Kjærasten hennar, Yves, bur for det meste hos dei. Han går på arbeidsmarknadstiltak, eit kurs i marknadsføring.

Bønder i Provence

Robert bur også heime, men er sjeldan å sjå. Han er kokk på ein restaurant i Marseille, og er stort sett på jobb når han ikkje sov. Til hausten skal han gifte seg, og familien held på å ordne i stand husvere til det unge paret i kjellaren. Marie Helene, den komande kona, bur heime hos sine foreldre. Ho er også utan arbeid. Både Robert og Marie Helene er svært sjenerte og pratar lite.


Lillebror Jacques, som går på privat folkeskule, bur meir eller mindre hos tanta. Roselyne, syster til Maurice, bur to km frå garden. Ho er gift, men har ingen ungar sjølv. Før var ho med i gardsdrifta, men slutta for å ta seg av foreldra når dei blei pleietrengande. Det er ho som har hatt mesteparten av omsorgsarbeidet for ungane til Marie Louise og Maurice, då gardsdrifta okkuperer dei døgnet rundt. Robert og Magali budde også hos tanta då dei var for små til å greie seg sjølv. Heime hos foreldra kan ikkje Jacques vere, då dei må avgarde halv fire på morgenon. Jacques er ein krevjande liten kar, og blir mest gåande i vegen for foreldra om dei tar han med seg. Derfor blir det til han mest held seg hos tante Roselyne.

Når familien er samla til måltid er det som eit fyrverkeri av "marseillesk" intensitet. Alle pratar i munnen på kvarandre, nokon dansar og nokon sloss. Bak denne energien og livsgleda ser eg likevel mange problem. Eg ser deira praktiske problem med å organisere kvardagen, og usikkerheita knytta til gardsdrifta. Og eg ser at foreldra er slitne, at korkje dei eller ungane er nøgde med å sjå så lite til kvarandre. Hovudproblemet til Marie Louise og Maurice er at dei arbeider så mykje. Arbeidsdagar på opptil 15 timer gir dei ei omsetjing på 430 000 franc. Inntekta blir likevel ikkje meir enn omlag 70 000 franc⁶.

Skilt merka "Le Jardin de la Ferme" viser vegen til ekteparet Jordan. Midt i ein liten kystlandsby i Var fylke bur Renée (61) og Loulou (65) i eit idyllisk hus omgitt av ein velstelt hage. I hagen ligg på eine sida eit utsal, på andre sida ein liten campingplass. Tilknytta huset er det tre "gîtes", dvs små husvere til utleie. Bak huset er det ein liten åker, nokre drivhus i plast og eit hønsehus (som for tida står tomt fordi reven har tatt alle hønsa).

⁶ 1 fransk franc = 1,29 norske kroner (kurs pr 01.01.1995).

Renée og Loulou har to ungar. Sonen André (41) jobbar som fysioterapeut. Kona hans, Sophie (39), arbeider saman med svigerforeldra. Dei har to ungar; Aurelie (12) og Thomas (5). Dottera Sylvie (38) og mannen hennar Claude (40) arbeider i Toulon, vel ein halv unna. Sylvie er lærar, Claude dataingeniør. Dei har også to ungar; Jan (14) og Linda (12). Dei to familiene har begge bygd på eigendomen til foreldra.



Renée er omlag dobbelt så stor som sin mann, og snakkar minst dobbelt så mykje. Ho er svært stolt av distriktet ho bur i og alt dei produserer, og ho elskar provencalsk mat. Alt dette vil ho meir enn gjerne dele med andre. Renée er det mest energiske og entusiastiske mennesket eg nokon sinne har møtt. Ho er alltid på farta, enten det er på ulike møte, mellom ulike gjeremål i huset eller ho ordnar med turistane. Den gamle faren til Renée bur i kjellaren deira, Renée stellar for han og fleire andre vener som ikkje klarer seg sjølv. Alt dette til trass for at ho tydeleg er utsliitt og har problemer med helsa.

Loulou er også plaga med därleg helse. Han arbeider likevel støtt ute i hagen, åkeren og drivhusa, som han har ansvaret for. Med seg i dette arbeidet har han Patricia, som er tilsett for å hjelpe dei nokre dagar i veka. Dei har eit variert utval av grønsaker, i same drivhus er det fleire sortar. Maskinelt utstyr fins omtrent ikkje på garden. Frå utsalet sel Jordans varer frå eigen produksjon, og frå andre gardbrukarar dei har inngått ei samarbeidsgruppe med. Samarbeidsgruppa omfattar 20 bønder, som produserer ulike varer til 6 slike utsal. Utsalet til Renée og Loulou er ope tre ettermiddagar i veka på vinteren og kvar ettermiddag på sommaren. I salet jobbar Renée og

Bønder i Provence

Loulou saman med svigerdottera Sophie. Om sommaren når det er mykje kundar stillar også dottera og barnebarna opp.

Gardsdrifta hos familien Jordan har gått gjennom store endringar⁷. På 70-talet spesialiserte dei produksjonen, dei dreiv persilleproduksjon på 20 daa. Dei leverte varene til eit kooperativ Loulou var leiar for. I 1983 blei kooperativet dei var med i nedlagt, og dei måtte legge om produksjonen. No driv dei allsidig grønsakproduksjon på 10 daa. Produkta varierer med årstidene. Gardsturisme og levering av grønsakanretningar til store tilstellingar er nye innslag i drifta. Omlegging har vore naudsynt både av økonomiske grunnar og fordi helsa ikkje tillet dei å drive slik dei gjorde før. Slik dei driv no, meiner Renée det er blitt meir stressande pga turistane, men det er mindre fysisk krevjande og dei har færre arbeidstimar i døgnet. Dei tener likevel betre enn før, då dei gjennom dei nye salsmåtanane får betre pris på produkta. Omsetjinga er på 450 000 franc i året, noko som gir ei inntekt på 180 000.

Like ved Luberon-dalen, i utkanten av ein landsby med 5000 inbyggjarar, bur **familien Riviere**. Det første som møter meg her er endelause enger med eple- og pæreretre. Deretter dukkar det opp ein svær driftsbygning, "l'hangard", med fleire traktorar utanfor. Bak denne ligg huset til ekteparet Annie (46) og Fernand (48) Riviere, vokta av to biske schæferhundar.

Som på dei to andre brukta, er det kona som tar imot meg. Igjen blir eg slått av den energien kvinnfolka på gardane viser. Annie er svært uhøgtideleg, pratar i veg og ordnar opp. Ho er flott kledd, og ser ikkje ut som ei bondekone. Det viser det seg at ho heller ikkje er, i den forstand at ho ikkje deltar i sjølve jordbruksproduksjonen. Sjølv kallar ho seg rekneskapsførar.


Fernand jobbar ute heile dagane i lag med bror sin, Christoph. Dei har dei største mustasjane eg nokon gong har sett og morske andletsuttrykk. Fernand kjem inn kun til måltida, og er sjef i huset den korte tida han er inne. Då forlangar han at alt innrettast etter han, og resten av familien føyer han i det.

⁷ Sjå også appendix 2.

Kvardagsslit, tomatar, kjærleik og stoltheit

Annie og Fernand har to ungar; Benion (20) og Ann Virginie (17). Sonen er sterkt funksjonshemma og sit i rullestol. Han bur på ein institusjon vel ein times kjøyring unna. Dottera går på vidaregåande skule i Salon, ein by som ligg 45 min med buss frå garden, og bur på hybel i vekene.

FAMILIEN RIVIERE



Det bruket foreldra til Fernand dreiv, blei splitta opp når far hans døde. To brør fekk jord til kvar sitt grønsakbruk, Fernand og Christoph fekk 300 dekar som dei driv saman. Garden er organisert som ein GAEC, som utgjerast av dei to brødrene som eig 50% kvar av bruket. Dei har dei siste 15 åra drive spesialisert på eple og pærer. Saman med seg i arbeidet har dei ein framandarbeidar på heilårsbasis, og 15-25 arabarar arbeider hos dei i høgsesongen, det vil seie frå juli til oktober. Annie fører rekneskapen for GAECen, og er med på å fatte avgjerdene. Ho er ikkje formell medlem av GAECen, då ektepar ikkje har rett til å inngå i same GAEC. Men Annie hevdar at GAECen i *realitet* omfattar tre personar; Svigerbroren, mannen og ho sjølv.

Dei siste åra har vore tøffe for familien Riviere. I 1991 fraus avlinga, og prisen har vore låg dei siste to åra. Sjølv om dei får selt alle sine 1000 tonn frukt, går dei på grunn av låna dei har og dei därlege prisane med 60 000 F i underskot i året. Store investeringar gjer at dei ikkje har høve til å legge om produksjonen.

HUSHALDSDYNAMIKKAR UNDER PRESS - TEMA FOR OPPGÅVA

Dei tre hushalda har alle sitt å stri med; Stram og usikker økonomi, hardt arbeidspress, lite fritid, låg rekruttering og krav om modernisering av gardsdrifta - for å nemne noko. Wolf (1966) hevdar at bønder er pressa frå tre hald; naturen, det sosiale system og samfunnet representert ved politikk

Bønder i Provence

og økonomi. Med omsyn til det siste, er problemet at bøndene ikkje er kostnadseffektive nok til å hevde seg i konkurransen frå andre land, og at det er overproduksjon av mange produkt. Det stiller bøndene ovanfor eit stort paradoks; Dei er ikkje effektive nok, samstundes som dei produserer for mykje. Dette stiller krav til omstilling av næringa. Når produksjonsstrukturen endrast, får det konsekvensar for hushalda, for arbeids- og ansvarsfordelinga mellom generasjonar og kjønn (Fyhn 1991). Det er dette eg vil ta for meg. **Eg vil sjå på korleis hushald på åkerbruk i Provence taklar den næringsmessige omstillinga dei står ovanfor** Eg vil sjå på dei vala individua og hushalda gjer i forhold til produksjon på garden, arbeid utanom garden, utdanning, arbeids- og hushaldsorganisering, bustad, politisk aktivitet og omgang med andre. **Hushaldsdynamikkar under press** vil vere det sentrale tema i denne oppgåva.

Vidare vil eg sjå på kva som genererer vala dei gjer, det vil seie forsøke å forstå **kva som gjer hushaldsmedlemmene sine handlingar forståelege**. For å få til det, må ein forstå både dei sosiale og materielle forholda. Det er viktig å kombinere forståinga av strukturelle forhold med aktørane sine motivasjonar og verdiar. Dette vil eg forsøke å gjere gjennom å analysere aktørane sitt **kvardagsliv**. Bech Jørgensen (1988: 116) definerer kvardagslivet som det sosiale og individuelle liv menneska frambringer idet dei samfunnsskapte livsvilkår transformeras til levd liv. Kvardagslivsanalyse er såleis ei analyse av relasjonane mellom samfunnsskapte strukturar (vilkår for kvardagslivet) og måtane menneska handterer vilkåra på (ibid.).

GANGEN I OPPGÅVA

I neste kapittel vil eg presentere analytiske verkty for å gripe folk sin kvardag. Eg vil fokusere på endring og vedlikehald ved å sjå på dei sosiale personane i hushalda og dei sosiale felta dei inngår i. Sist i kapittel to spesifiserer eg problemstillinga for oppgåva. Deretter, i kapittel tre, viser eg korleis eg har gått fram for å hente inn data og diskuterer mi eiga rolle i feltarbeidet. Gjennom ei drøfting av mitt metodiske utgangspunkt gir eg ei avklaring av kva oppgåva kan frambringe kunnskap om.

I kapittel fire følgjer eg ein arbeidsdag frå morgon til kveld på kvart av dei tre brukta. Gjennom desse besøka ønskjer eg å gjere lesaren kjent med menneska på gardane og med gardsdrifta.

Deretter tar eg for meg mannofika og kvinnofika i kvart sitt kapittel. Eg går djupare inn i kvardagslivet deira, rettar fokus mot deira livsverd og praktiske organisering av oppgåver og versemder. Eg ser på problem og utfordringar, likdomar og forskjellar. Identitetsforvaltning blir viktig her. Eg vil vise korleis desse mennene er *menn* og *ekte gardbrukarar* på ulike måtar, og korleis kvinnene er *driftige kvinnfolk*. Sist i kapittel seks oppsummerer eg dei tilpassingane mennene og kvinnene vel og dei verdiane dei prøver å realisere.

I kapittel sju blir dei unge trekt inn. Eg viser korleis dei unge i sin kvardag får heilt andre erfaringar enn foreldra sine, og gir nokre forklaringar på korfor dei ikkje vel å satse på jordbruket. I kapittel åtte tar eg for meg dei ulike fellesskap unge og eldre er delar av. Eg viser lokaliseringa av oppgåver og verksemder, og forskjellar mellom kjønna i spelerom. Eg tar her for meg både dei større felta hushaldsmedlemmene inngår i, og hushaldet som eiga felt.

Til sist, i kapittel ni, oppsummerer eg kva individua i desse bondehushalda legg i "det gode liv", og kva som gjer det vanskeleg for dei å realisere det. Eg viser korleis ulike situasjonsoppfatningar og ulike kommunikasjonsmåtar medfører forståingsbarrierer mellom jordbruksforvaltninga og utøvarane. Ved å halde mine empiriske funn opp mot rådande oppfatningar innan både forvaltninga og delar av jordbruksforskinga, tar eg opp diskusjonen om utviklinga av næringa og hushaldet si plassering i det moderne samfunn. I forlenging av denne diskusjonen, diskuterer eg forskinga sine bidrag til auka forståing. Til sist prøver eg å fortelje Loulou kva oppgåva har å fortelje.

Bønder i Provence

KAPITTEL 2

FRA BONDEN VIA HUSHALDET TIL SAMFUNNET

-PRESENTASJON AV ANALYTISKE VERKTY

KORLEIS GRIPE FOLK SITT KVARDAGSLIV?

Å sjå på kva som utformar tilvera i bondehushalda, inneber eit studie av kva avgrensningar og moglegheiter som ligg både i natur- og samfunnsmessige forhold. Eg vil konsentrere meg om dei avgrensningar og moglegheiter som ligg i aktørane sin eigen oppreten, andre sin oppreten og i storsamfunnet (jamfør Holtedahl 1986). Eg treng derfor analytiske verkty for å kunne identifisere dei føresetnadene folk har med seg, dei som ligg i samhandling og dei vilkåra dei opptrer innafor.

Samfunnet er laga av sosiale møte, begrensa av omstendene og strukturert gjennom felles forståing blant deltakarane. Det som skjer på mikroplan, det vil seie i **situasjonar kor folk samhandlar**, utviklar eigenskaper ved makroprosessar (*ibid.*). Barths **generative modell** tar sikte på å forstå handlingsmønster, vedlikehald og endring av dei. Modellen går ut på å skildre **sosiale former**, det vil seie fordelingsmønster av ulike personar sin adferd, **og prosessane som genererer dei** (Barth 1994). Ved å vise korleis observerbare regelmessigheiter blir generert, får ein fram forholdet mellom sosial organisasjon og struktur. Dette dynamiske perspektivet koplar dermed mikro og makro gjennom å vise korleis komplekse trekk blir generert frå enkle element.

Ein må ta utgangspunkt i individuell erfaring, den enkelte person sin praksis i kvardagslivet, for å avdekke mønster. Gullestad (1989) påpeiker at kvardagsliv er meir egna som eit "sekkeomgrep" enn som eit analytisk omgrep, då det inneheld mange dimensjonar og ikkje kan definerast presist. Ein treng derfor andre omgrep for å analysere kvardagen. Eg vil ta utgangspunkt i sosiale personar i hushalda, spore opp deira aktivitetar og nettverk og følgje dei ut i dei større sosiale felt dei deltar i - det Bateson (referert i Barth 1994) kallar "**å følgje kretsløpa**". Ved å sjå på korleis sosiale personar er konstruert og på forskjellar i den sosiale organiseringa av møte mellom personar i samhandling, kan ein sjå korleis sosiale prosessar dannar samfunn/sosiale mønster.

KULTUR

Kultur, forstått som dei reglar som ligg til grunn for folk sine daglege handlingar, **relevansreglar** (Holtedahl 1986), er sentral for å oppdage dei erfaringar og utfordringar kvardagen omfattar. Relevansreglane avgjer kva trekk ved ein situasjon som skal gjerast relevant i samhandling. Gjennom å vise korleis relevansreglane blir endra og halde ved like gjennom forhandling, kan ein forklare endring i det sosiale systemet.

Ein kan også snakke om kultur som den kunnskapen folk nyttar for å fortolke erfaringar og generere adferd (Spradley 1980). Det er ei nær kopling mellom kultur- og kunnskapsomgrepet, eller mellom kultur og **ferdigheiter**. Ferdigheiter omfattar all den kunnskap, oppnådd gjennom formell utdanning eller erverva gjennom uformell læring i konkrete situasjonar, og den sosiale og kommunikative kompetanse ein person har (Rudie 1984). Kunnskap er koda i symbol og teikn. Ein må forstå desse symbola og teikna for å kunne forstå meiningsproduksjon (Grønnhaug 1984).

Eg vil spesielt vere interessert i kunnskap knytta til gardsdrifta. Verksemda krev, overfører og skaper kunnskap (jamfør Arntsen 1994). Denne kunnskapen blir dermed både eit fundament for, og eit produkt av verksemda. Menneska er både produkt og produsentar av kulturen dei inngår i. Gjennom handling sett dei heile tida sin kultur på spel (Hastrup 1989). Kulturell reproduksjon skjer ved at den kunnskapstradisjonen bøndene ivaretar blir overført munnleg og gjennom praksis. Når denne overføringa ikkje når fram til ungane, kan reproduksjon bli til transformasjon. Heimen blir ein arena for kulturell endring.

Altern Haugen (1986) snakkar om kultur som noko som ligg "bak" all handling. Handling er ein manifestasjon av, eller eit uttrykk for, kultur. Kulturen blir derfor viktig for å forstå aktørane sine handlingar og meinings bak dei. Og ein må fokusere på samhandling på ulike samhandlingsarenaer for å forstå korleis kultur kontinuerleg blir skapt, og såleis skilje ut referanserammene som virkar inn på aktørane sine kvardagsliv.

Men kultur er ein analytisk, ikkje ein empirisk kategori. Ein kan ikkje observere kultur direkte. Hastrup (1992) snakkar om kultur som noko ein ser *med*, ikkje det ein ser. Kultur gir grunnlag

for kategorisering, gir folk referanserammer. For å få tak på aktørane sine tolkningsreglar, for å kunne forstå deira forståing og forklare deira forklaringar, må ein sjølv vere i situasjonen. Ein må sjå kulturen og omstenda i samanheng.

KONSTRUKSJONEN AV SOSIALE PERSONAR OG IDENTITETSFORVALTNING

For å kunne samhandle, treng ein å etablere ein felles **situasjonsdefinisjon**, det vil seie premissar for samhandling. Ein forhandlar seg fram til kva sider ved situasjonen og ved personane som skal gjerast relevante (Holtedahl 1986). Medlemmene av hushalda opptrer i mange ulike situasjonar, kor ulike reglar gjeld og kor dei nyttar ulike delar av seg sjølv. Desse delane kan definerast som statusar. Summen av eit individ sine statusar, **statusrepertoaret**, utgjer ein **sosial person**. Sosiale personar kan delast opp i **statusar, identitetar og roller**.

Ein status er ein posisjon i den sosiale strukturen. Statusen definerast ved dei rettar og plikter posisjonen inneber (Rudie 1984). For å nytte Maurice Lopez som døme, så har han mellom anna desse statusane; mann, bonde, far, ektemann og arbeidsgjevar. Statusane er ofte knytta til andre sine status i statussett; ektemann-kone, far-barn, arbeidsgjevar-arbeidstakar og så bortetter. Til kvar av statusane knyter det seg ulike forventningar. Som far og ektemann ventast det av Maurice at han tar seg av familien. Som bonde og arbeidsgjevar forventast det at han steller garden godt.

Medan status omfattar det meir kontraktmessige i eit individ sitt forhold til andre ("kva eg skuldar andre, og kva andre skuldar meg"), omfattar identitet den kjenslemessige identifiseringa ("kven eg er i forhold til andre") (ibid.). Identitet kan definerast som den sosialt skapte del av ein person si sjølvoppfatning, som han eller ho er avhengig av å få stadfesta av andre (Mead 1934, i Holtedahl op.cit.). Motstykket til identiteten, sjølvoppfattinga, er kategorisering frå andre (Barth referert i Rudie op.cit.). Ein trygg identitet krev at det er samsvar mellom eigen identifisering og andre si kategorisering.

Rolle er utøving av status. Ein kan definere rolle som måten ein gjennom handling presenterer seg som person sånn at delar av eins identitets- og statusrepertoar gir seg utslag (Rudie op.cit.). Indre konfliktar i ein person kan sjåast på som rolle- eller identitetskonfliktar. For Maurice oppstår det

Frå bonden via hushaldet til samfunnet

på grunn av tidspress konflikt mellom aktiviseringa av hans ulike statusar. Han får for lite tid til å oppfylle dei forventningane som stillast til han som far, då han nyttar mest all si tid på å oppfylle pliktane sine som bonde.

Nokre statusar er meir viktige for eit individ sin identitet enn andre. For Maurice er statusen som bonde svært viktig for hans sjølvoppfatning. Denne statusen er også viktig for korleis andre ser på han. Rudie snakkar om identitetspakkar med underidentitetar, og nyttar kjønn som døme. Eg vil vise korleis identiteten som bonde, i tillegg til kjønnsidentiteten, har innverknad på resten av statusrepertoaret til Maurice. Ein kan snakke om **bondestatusen som dominant** - han blir gjort relevant i dei fleste samhandlingssituasjonar.

Dette gjer at ein i dette tilfellet kan sjå på bondeyrket som **livsform**. På same vis som Gerrard (1975, i Arntsen 1994) snakkar om fiske som levemåteyrke då det pregar heile livet til fiskarane, meiner eg ein kan sjå på bondeyrket som levemåte eller livsform. Bøndene lever av og for arbeidet, gardsverksemda er altoppslukande. Kunnskapen knytta til denne verksemda er derfor viktig for identiteten til utøvaren, som blir endra og halde ved like innafor dette kunnskapsfeltet (jamfør Arntsen op.cit.). Men det er ikkje nok å utføre handling og utøve kunnskap for at desse skal bli ein del av identiteten, ein må også identifisere seg med dei gjennom eit engasjement (ibid.). Kunnskapen og kompetansen som krevast i ulike samhandlingsfelt blir opphavet til erfaring som avsett kjenslemessige spor for aktørane, og utgjer deira "modellar for røynda" (Geertz 1966, i Rudie op.cit.). Desse modellane kan sjåast på som indre kart for orientering i nye situasjonar.

Sjølvoppfatning, andre si kategorisering, kunnskap og kompetanse er sentrale for identitetane folk forvaltar. Og det er her ein finn utgangspunktet for samhandlingsprosessar (Rudie op.cit.). Felles situasjonsdefinisjonar gir både tolkingsskjema for det som skjer, og retningsliner for kva som "sømmer seg" (Barth 1974). I samfunn under rask endring kan det vere vanskeleg å finne felles situasjonsdefinisjonar og statussett som kan gjerast relevante for samhandling. Identitetsforvaltning blir dermed vanskeleg (Rudie op.cit. og Holtedahl op.cit.).

HUSHALD SOM ANALYTISK EINING

Nilsen (1990) viser nytta av å kople hushald til økonomiske einingar. Han hevdar at hushald er sentrale einingar i arbeidslivet fordi samarbeid og gjensidig tilpassing innafor hushaldet er ein føresetnad for at individua skal kunne sikre seg arbeid og inntekt. Nilsen viser at hushald reorganiserast, men forsett å fungere som eining under endra omstende. Med utgangspunkt i ei hypotese om at ein framleis finn hushaldsbaserte produksjonseiningar i jordbruket, og at det er sentralt å forstå utviklinga av hushalda for å forstå utviklinga av jordbruket, har eg valt å ta utgangspunkt i sosiale personar i hushald.

Hushald er ikkje klart avgrensbare einingar. Ofte blir hushaldet sett på som det same som familien. Sjølv om hushald ofte omfattar ein familie, er det viktig å skilje mellom desse omgrepa. Ein kan sjå på hushaldet som der familien held hus (Lysestøl 1992). I norsk offentleg statistikk omfattar hushaldet dei personar som har same bustad og minst eit felles måltid om dagen. Eg vil nytte den sosialantropologiske definisjonen av **hushald; Dei økonomiske, arbeidsmessige og bustadsmessige aspekt ved familielivet** (Gullestad 1984). Familien er ekteskaps- og slektskapsrelasjonane mellom folk.

Hushaldet er den grunnleggande forvaltingseininga i samfunnet. Det er i hushaldet individua får dekt sine grunnleggande behov, både fysiologiske, sosiale og behov for kjærleik (Lysestøl op.cit.). Hushald er kjenneteikna av at nokon påtar seg ansvaret for andre. Individet i hushaldet handlar ikkje uavhengige av kvarandre. Dei inngår i eit nett av resiprositet, dvs gjensidige rettar og pliktar ovanfor kvarandre. For at hushald skal kunne overleve, må dei finne balansen mellom ressursar, arbeidskraft og behov.

Sentrale verksemder i skildringa av hushaldet er: Bustad, produksjon, matlagning og måltid, budsjett og omsorg for barn og hjelpealause (Gullestad ob.cit.). Højrup og R.Christensen (1989) meiner denne oppsummeringa av sentrale hushaldsverksemder historisk er sprunge ut frå familiegardsbruks. I jordbruket kanskje meir enn i andre næringar er hushaldsmedlemmene avhengige av kvarandre. Bondehushalda har alltid vore prega av ei sterkt integrering av familieliv

Frå bonden via hushaldet til samfunnet

og gardsdrift. "*The life of a family is the life of a farm*" (Marlov i Shanin 1970; 31). Wolf (1966) hevdar at bonden ikkje driv eit foretak i økonomisk forstand, men står i spissen for ein husstand.

Det har skjedd store endringar av hushalda, både av omfang og oppgåver. Hushalda er blitt mindre, storfamilien er blitt avløyst av kjernefamilien (Lysestøl op.cit.). Ein snakkar også om funksjonstappinga av hushaldet. Den franske sosiologen Haicault (1994) viser korleis manuell og teknisk kunnskap har gått tapt i franske hushald, som til dømes det å lage klede sjølv. Hushalda er blitt avhengige av ekspertar til mange oppgåver dei før løyste sjølv, også for omsorgsoppgåver. Det blir snakka om ei utvikling frå rurale til urbane samfunn, frå samfunn prega av multiplekse relasjoner til sektororganiserte samfunn (Bjerkli 1991). Statistikken viser at færre kvinner arbeider i jordbruket enn tidlegare, og dei arbeider meir deltid. Bartez (1982) hevdar at utviklinga ein finn i statistikken meir skuldast måten ein ser data på enn reelle endringar. Ein av årsakane til det, er at kvinnene er blitt nøydd til å ekskludere ein del av sitt virke i definisjonen av sitt arbeide. Husarbeid reknast til dømes ikkje som ein del av gardsarbeidet i offentleg statistikk, som dermed viser langt mindre arbeid utført av kvinner i jordbruket enn kva som er realiteten. Hushaldet sin funksjon i det moderne samfunn er omdiskutert.

Ein kan ikkje på førehand gå ut ifrå at bufellesskapet er avgjerande for organiseringa av ulike aktivitetsfelt. For ulike formål kan ulike personar utgjere hushaldet. Til dømes vil eg for familien Lopez definere hushaldet som også å omfatte Roselyne, søstra til Maurice, når det er snakk om omsorgsarbeid, men ikkje når det er snakk om grønsakproduksjon. For å kunne avgjere kva ein kan kalle hushald, er det derfor viktig å gå inn i hushalda og kartlegge formål, oppgåver og utføring av desse.

For betre å kunne forstå formvariasjonar av hushald, har sosialantropologien forsøkt å dele opp hushaldsomgrepet. Grønhaug og Rudie splitter hushaldet opp i **"tasks"** og **"teams"**, dvs **oppgåver og konstellasjonar som utøvar desse** (Gullestad op.cit.). For ulike "tasks" er det ulike "teams". Maurice og Coco utgjer eit arbeidslag i åkerarbeidet, Maurice og Marie Louise eit arbeidslag i planlegginga av bruket og så bortetter. Ved ei slik oppsplitting kan ein forklare at hushald i same samfunn har ulik evne til å ta opp i seg økonomisk innovasjon (Rudie 1969). Ein

får også med kva informantane legg i hushaldsliv, ideologi blir ein sentral dimensjon i analyse av hushald.

Gullestad (op.cit.) meiner ein i tillegg til oppgåver og arbeidslag må ha med at hushaldsmedlemmene er knytta saman ved "**moralske fellesskap**". Dette omgrepet er knytta til kvaliteten i relasjonane mellom hushaldsmedlemmene. Dei samlast om mindre handfaste verdiar såvel som handfaste oppgåver. Med omgrepet moralske fellesskap blir informantane sine eigne kategoriseringar trekt inn, og familie og slektskap blir integrert i hushaldsanalysen.

Ein av fordelane ved hushaldsanalyse, er at ein får med alle arbeidsoppgåver som utførast. "Usynleg" arbeid som husarbeid og omsorgsarbeid får plass. Gjennom å studere arbeidsoppgåver og utføring av dei, får ein også eit grep om **arbeidsdelinga**. Denne er ofte basert på kjønn. M. Rosaldo sin modell (1974, i Rudie 1984), kor ho deler samfunnet opp i ei offentleg og ei privat sfære, byggjer på ei forestilling om at den reproduktive funksjonen skaper ei grunnleggande arbeidsdeling, som igjen er rota til makt- og prestisjeforskjellar mellom menn og kvinner. Styrken med denne modellen, er at han forklarer kjønnsdikotomi som forlenging av seksualitet og den reproduktive arbeidsdelinga (Rudie op.cit.).

Arbeidsoppgåver, arbeidslag, arbeidsorganisering og arbeidsdeling vil vere sentrale omgrep i den vidare analysen.

SOSIALE FELT

Grønhaug (1978) har i eit studie av Herat, Afganistan, utvikla ein metode for observasjon og analytisk skildring av sosialt liv i dets makro-kontekst. Målet er å finne fram til dei sosiale dynamikkene som har strukturelle implikasjonar, dvs som har innverknad på den individuelle sosiale person og på samfunnet som heile. Han følgjer hendingar og prosessar, og generaliserer frå "case" for å vise karakteristiske organiserande dynamikkar i ulike einingar.

Å kartlegge sosiale personar er samstundes å kartlegge nokre av dei samfunnsmessige og kulturelle forhold dei er blitt forma innafor (Rudie 1984). Ved å studere hushald og deira

Frå bonden via hushaldet til samfunnet

oppgåver og verkefelt, vil ein kunne avdekke **skala**, og dermed **sosiale felt**. Grønhaug (op.cit.) definerer sosiale felt som konsekvensfylte hendingsseriar med avgrensbar eigendynamikk. Eit felt avgrensast ved særskilte former for organisering, verdiar og symbol, oppgåver, saker, fora, situasjonar, nettverk, grupperingar og reglar for inkludering og ekskludering av personell (ibid.). Desse empiriske felta har ulik skala, det vil seie ulik storleik (talet på personar involvert og geografisk utstrekning). Hushalda vil i denne samanheng vere døme på felt av liten skala, landbruksorganisasjonane er felt av større skala.

Sosiale felt er superindividuelle system som legg vilkår for individua sine liv. Eit sosialt felt er eit implikasjonssystem, og kan nyttast til å avgrense bestemte typar aktivitet. Felta omfattar sosiale relasjonar mellom folk med komplementære rollar. Ein studie av slike felt er veleigna til å fange opp og ordne rammene rundt rolletilpasningane til aktørane (Rudie op.cit.). Gjennom studie av sosiale personar og sosiale felt, vil ein også få fram kompleksiteten i samfunnet. Kompleksitet refererer til kor mange roller det finst, og kombinasjonen og ombyttinga av dei (Grønhaug op.cit.). Grønhaug er opptatt av korleis skala og kompleksitet heng saman.

For å utdjupe dette vil eg ta for meg skiljet mellom **heile og samansette personar**, eller multiplekse og simplekse relasjonar (Holtedahl 1986). Ved multiplekse relasjonar blir dei fleste aspekt ved ein person gjort relevante i samhandling. Maurice og Coco, gardsarbeidaren, handlar ovanfor kvarandre som heile personar. For Coco er ikkje Maurice berre arbeidsgivaren, bonden, han er også mannen til Marie Louise, faren til Robert, broren til Roselyne og så bortetter. Relasjonen mellom dei er multipleks. Simplekse relasjonar, derimot, har ofte kontraktskarakter. Her går samhandling føre seg med utgangspunkt i ein status, alle andre aspekt ved personen er irrelevante i samhandlingssituasjonen. Maurice unngår så langt det er mogleg situasjonar kor han må opptre som samansatt person. Eit døme er likevel når han opptrer som seljar på marknaden. Av kundar han ikkje kjenner er dette eit reint kontraktmessig bytte av grønsaker mot pengar mellom han og kunden. Samfunn med multiplekse relasjonar, med få statusar men mange roller knytta til kvart statussett, blir ofte omtalt somelementære eller **rurale samfunn**. **Urbane samfunn** blir då dei komplekse, med simplekse relasjonar; mange status og få roller knytt til dei (ibid.).

Det er viktig å presisere at det ikkje er snakk om ulike samfunn, men ulike trekk som karakteriserer samfunn. Desse trekka, om folk samhandlar som heile eller samansatte personar, virkar inn på formen for kommunikasjon og fellesskap. Det kjem tydeleg fram om ein ser på forskjellen mellom kommunikasjonen og fellesskapet i hushaldet, som er eit felt med multiplekse relasjonar, og i det politiske og det byråkratiskefeltet, kor relasjonane er meir simplekse. Eg kjem attende til dette i kapittel 9.

Grønhaug opererer med tre nivå; Personar, felt og formasjonar, dvs samfunn. Totaliteten av sosiale felt utgjer samfunnet som heile. Ved å sjå på dei sosiale felt hushaldsmedlemmene inngår i, får ein med samanhengen mellom hushaldet og det øvrige samfunnet. Gjennom å sjå på sosiale felt får ein både fram utstrekninga av handlingsfellesskap, og innhaldet i dei. Sosiale felt er autonome, men avhengige av kvarandre. Grønhaug argumenterer for "multi-felt-analyser" - ein må sjå dei sosiale felta i samanheng. Det inneber ei analyse både av relasjonar og deira kulturelle innhald i eit integrert perspektiv.

OPPSUMMERING OG SPESIFISERING AV PROBLEMSTILLING

Eg har valt å studere moderniseringa i jordbruket med utgangspunkt i hushald og individua i dei. Eg er interessert i deira gleder og sorger, problem og moglegheiter. For å få fram det, vil eg fokusere på deira praktiske organisering av oppgåver og verksemder, deira erfaring og livsverd. Dette er viktige trekk ved deira kvardagsliv (jamfør Gullestad 1989).

Ved å sjå på kva tilpasningar individ og hushald vel kan eg observere sosiale former, det vil seie regelmessigheiter i adferd (Barth 1994). Nokre av dei regelmessigheitene eg finn, er at alle bøndene arbeider hardt, har lite fritid og låg inntekt. Arbeidet på bruks er klart kjønnsdelt. Det same gjeld oppgåver utanfor bruks; kvinnene deltar langt meir enn mennene i organisasjonar og andre verksemder utanfor bruks. Til forskjell frå den spesialiserte gardbrukaren, held mennene på dei tradisjonelle bruks seg unna politiske verksemder. Felles på alle bruks, er at ungane ikkje vel å satse innan jordbruket. Det reiser seg ei rekke spørsmål: *Korfor opprettheld dei drifta trass i hardt arbeid og låg inntekt? Kva grunnast den kjønnsbaserte arbeidsdelinga i, og kva konsekvensar har dette for desse mennene og kvinnene? Korfor unngår menn offentlege arenaer,*

Frå bonden via hushaldet til samfunnet

medan kvinnene er aktive i organisasjonar? Kva bunnar forskjellen i den spesialiserte og dei tradisjonelle brukarane sin politiske aktivitet i? Og korfor trekast ikkje ungane i større grad med i drifta?

Eg vil forsøke å svare på desse spørsmåla, ved å identifisere korleis dette mønsteret er generert. For å få til det, må ein både forstå kva som sett grenser for aktørane si adferd, og motiva dei sjølv har (ibid.). Ein må forstå både det tidsøkonomiske og det ideologiske ved deira prioriteringar (Rudie 1984). Det blir viktig å få fram aktørane sine eigne verdsettingar.

I dette kapitlet har eg presentert analytiske verkty til hjelp for å få fram dei sosiale prosessane bak dei sosiale formene. Eg ønskjer å avdekke handlingsfellesskap / sosiale felt og innhaldet i dei. Ved å ta utgangspunkt i hushaldet som eining, eller felt, vil eg forsøke og avdekke dei interne dynamikkane. Eg vil også forsøke og vise dei problem og moglegheiter som oppstår i møte med andre felt.

Dette vil eg gjere ved å sjå på statusinventaret i dei ulike felta. Slik kan eg også seie noko om multipleksiteten i relasjonane. Eg vil sjå på korleis dei sosiale personane er bygd opp. Ved å sjå på individua sine statusrepertoar, kva status dei har og kva som styrer kva status dei kan ha, kan eg seie noko om moglegheitene dei har til å sirkulere mellom felt. Utforminga av kjønnsroller, og kva samfunnsmessige konsekvensar det inneber å vere kvinne og mann blir sentralt her (jamfør Gullestad op.cit.).

I samfunn under rask endring blir folks ideologiske system, eller det Geertz kallar "modeller for røynda" utfordra (Rudie op.cit.). Ny teknologi og nye fora dei må forholde seg til stiller krav til andre ferdigheiter enn dei dei har erverva seg. Eg vil sjå på kva dette inneber for deira identitetsforvaltning, for korleis dei oppfattar seg sjølv og korleis dei blir oppfatta av andre.

Problemstillinga mi blir korleis bondehushalda møter moderniseringsprosessane, korleis kvardagslivet deira blir endra og halde ved like.

KAPITTEL 3

FRÅ NORDNORSKE FJØS TIL SØRFRANSKE DRIVHUS

-METODE OG EIGEN ROLLE I FELTARBEIDET

KORFOR PROVENCE?

Eg har min bakgrunn frå nordnorsk jordbruk. Ut frå dei utfordingar næringa her heime står ovanfor, ikkje minst med tanke på EU-spørsmålet, hadde eg eit ønskje om å sjå på jordbruk i eit EU-land. Frankrike blei valt fordi Frankrike og Noreg begge har mange relativt små gardsbruk, og familiebruk framleis er den viktigaste organisasjonsformen i jordbruket i begge landa (Almås 1987, Barbez 1982). Produksjonstypen i Frankrike og Noreg er svært forskjellig, med henholdsvis grønsaksproduksjon og melkeproduksjon som det viktigaste. Også distribusjonen er ulik, frå det tett folkesette Frankrike kor bøndene er nære marknaden, til det spreiddbygde Noreg kor varene må fraktast langt. Medan franske bønder konkurrerer i pris, sel dei fleste norske bønder varene sine gjennom salslag som gir faste prisar. Trass i desse forskjellane har altså dei to landa ein nokonlunde lik bruksstruktur. Denne likskapen kan vere nyttig for å kunne samanlikne dei to landa. Sjølv om eg ikkje har lagt opp til eit komparativt studium av fransk og norsk landbruk, vil eg med min bakgrunn frå nordnorsk jordbruk ikkje kunne unngå ei slik samanlikning. Det er med utgangspunkt i denne bakgrunnen at eg kjenner igjen og kan leve meg inn i mykje av det som går føre seg på dei franske gardane. Og det er med det same utgangspunktet eg blir overraska, når ting er forskjellig frå kva eg har erfart heime. Min bakgrunn blir derfor viktig for den kunnskapen eg produserer.

At det blei Provence skuldast mykje tilfelle, men som lesaren kanskje allereie har skjønt fins det mange gode grunnar til å dra hit. Den geografiske avgrensninga til regionen Provence-Alpes-Côte d'Azur (PACA) falt naturleg fordi han er ei ramme for folks kjenslemessige og fysiske liv. (Eg kjem attende til dette i kapittel 8.) For å la færrest mogleg variablar variere, har eg avgrensa meg til hushald på åkerbruk. dvs grønsak og fruktprodusentar. Det er naturleg å velje desse

Frå nordnorske fjøs til sørfranske drivhus

produksjonstypane i eit studie av provencalsk jordbruk, då dei saman med vin og kornproduksjon er dei mest vanlege i regionen⁸. At det var her eg lettast fekk innpass har også spelt inn.

EIN PLASS I DEIRA VERD

For å studere hushaldsdynamikkar, kva som går føre seg i hushaldet og korfor, og sjå på vilkåra for individuell handling, må ein gjere feltarbeid. Kun gjennom **deltakande observasjon** kan ein få tak på folk sine kunnskapar, korleis dei fortolkar og korleis dei handlar.

Deltakande observasjon på ein gard vil seie å jobbe der. I løpet av hovudfaget har eg hatt tre opphold i Provence. Det første på 6 mnd, frå februar til august 1993, det neste på 4 mnd, frå januar til mai 1994, og det siste tre veker i september 1994. I løpet av denne tida har eg deltatt aktivt i arbeidet og det sosiale livet på dei tre omtalte brukar. Eg har budd omlag ein månad i strekk på kvart bruk, med kortare besøk i etterkant.

Tilgang til feltet løyste eg ved å ta plass som "stagiaire" på gardane. Å gjere ein "stage" vil seie å vere utplassert. I jordbruksstudentar, som har eit opphold på ein gard som obligatorisk ledd i si utdanning. Barth (1965) påpeikar at for å gjere god deltagande observasjon, må ein ordne seg ein optimal læringsituasjon. Statusen som "stagiaire" gjorde at eg fikk vere tilstades overalt og til eikvar tid. Då eg var under opplæring, såg dei det som naturleg at eg heile tida stilte spørsmål. Som "stagiaire" fekk eg jobbe for kost og losji. Eg levde og arbeidde saman med familiane. Dette ga inntak også til dei andre sidene ved deira kvardagsliv enn sjølve arbeidet. Første dagen hos ekteparet Jordan, når Loulou ville servere meg først fordi eg var gjest, avfeide Renée han; "*Anniken er frå og med i dag ein av familien!*" Eg fann at dette var ein utmerka posisjon å gjere feltarbeide ut frå.

Eit anna viktig inntak til deira verd var min gardsbakgrunn. Det at far min er gardbrukar og at eg sjølv har erfaring med gardsarbeid var det som gjorde at eg fekk vere på gardsbruken. Min status som gardsjente blei overkommunisert, og statusen som student i samfunnsvitskap dermed

⁸ Sjå appendix 1.

underkommunisert. Det blei gjort meir av dei enn av meg, det var som gardsjente frå Noreg dei ville identifisere meg. "*Ho kjem frå nær Nordpolen ein plass*", kunne bøndene seie når dei presenterte meg for andre, "*men far hennar er bonde, som oss*". Med det blei eg mindre framand. Denne fokuseringa på min gardsbakgrunn gjorde også det eg dreiv på med mindre skremmande for dei. Loulou Jordan og eg diskuterte ein gong ein del samfunnsvitskaplege arbeider som var gjort om fransk landbruk. Han meinte dei ikkje tilførte noko som helst, at han leste dei enten forarga over mangel på forståing, eller med eit "*Et alors?*" (Og kva så?). Men det var viktig for han å framheve at han ikkje såg på meg som ein av desse. "*Du, du blir aldri som desse forskarane!*" Med det meinte han å seie at eg var ein av dei.

Eg blei etterkvart godt kjend med medlemmene av dei tre hushalda, og kjenslemessig knytta til dei. Magali Lopez og eg blei gode veninner, vi satt ofte oppe halve nettene i forrulege samtalar. Vi hadde stor moro av at vi ofte blei tatt for å vere søstre. Det gjorde at Magali blei ein av mine viktigaste kjelder til informasjon. Det blei også Jacques, lillebroren hennar, som eg også blei som ei søster for. I tillegg fekk eg svært god kontakt med far deira, tomatprodusenten Maurice. Eg trur han fann ein kontakt med meg som han alltid hadde savna med si eiga dotter. Det gjorde at han slapp meg tett innpå seg, på kjenslene, tankane og draumane sine. Realasjonen var ikkje like tett i forhold til alle. Konene på gardane fekk eg ei blanding av veninne og mor/dotter-forhold til. Medan Ann Virginie Riviere kalla meg for ei veninne av mora, kalla av og til mora meg for ei veninne av dottera. Fernand Riviere, fruktprodusenten, er den eg blei minst kjend med. Kva han tenker og drøymer om, veit eg derfor mindre om. Desse tette relasjonane plasserte meg ofte midt oppe i konflikter mellom familemedlemmane. Eg fekk ta, og tok, del i deira gleder og sorger.

Eg fekk altså ikkje berre ein arbeidsplass hos familiane, ein sengeplass i husa deira og ein plass ved matbordet, eg fekk også **ein plass i deira verd**. Hastrup (1992) påpeiker at dette er det sentrale ved deltakande observasjon. For å forstå verda til dei ein studerer, "dei andre", må forskaren delta i ho. Skal ein kunne skilje det meiningsfulle frå det likegyldige, må ein vere fortruleg med kulturen ein studerer i. Det oppnår ein gjennom **erfaring og refleksjon**. "Dei andre" sine erfaringar må bli forskaren sine erfaringar. Forskaren blir også eit objekt i deira verd (ibid.).

Frå nordnorske fjøs til sørfranske drivhus

Empirien fins ikkje uavhengig av forskaren, men blir skapt av han/ho og "dei andre" i fellesskap. Som forskar blir eg dermed min eigen informant, eg blir "ein av dei". Det er derfor viktig å vere merksam på mi eiga rolle i dei samhandlingssituasjonane eg ser på, eller mi eiga plassering i det kommunikative rom, som Hastrup (ibid.) uttrykker det. Eg må nytte dei same perspektiv, dei same analytiske verkty, for å forstå meg sjølv som for å forstå dei eg studerer. **Refleksivitet** inneber ei forståing av korleis samhandling mellom meg som forskar og "dei andre" påvirkar den empirien vi begge partar er ein del av (ibid.).

Som forskar posisjonerer ein seg i forhold til feltet ein skal studere. Ein blir ein del av "dei andre" sin organisasjon, noko som inneber nye statusar, identitetar og roller. Eg har vist til nokre av dei statusane eg hadde i dei tre hushalda sin organisasjon. Eg var lærling i gardsdrifta, gardsjente frå Noreg og dermed "kollega" ("ein av oss" for bøndene). Samstundes var eg også hovudfagsstudenten som studerte dei. Og etterkvart knytta eg venskapsrelasjonar med dei fleste familiemedlemmene. Ikkje minst har statusen som jente vore viktig i mi samhandling med dei. Mine statusar, identitetar og roller er ikkje berre relevant for tilgangen til materialet, men også for mi subjektive erfaring og mine forestillingar.

Å presentere meg sjølv blir derfor viktig. Med fare for å bli oppfatta som sjølvopptatt, vil eg vidare nytte meg sjølv aktivt i teksten. For, som Hastrup påpeikar, det er kun gjennom oss sjølv, våre erfaringar og forestillingar, at vi kan forstå andre menneske. Vi kan ikkje skilje verda frå våre forestillingar om ho (ibid.).

OM Å FINNE SEG TIL RETTE

Korleis skulle eg gå fram når eg var inne i felten? Korleis skulle eg oppføre meg ovanfor dei eg studerte? Kor langt innpå dei skulle eg prøve og kome, og kor mykje skulle eg gi av meg sjølv? Eg løyste desse problema med å leve etter prinsippet om å ha det godt saman med andre. Det er viktig å trives i felten. Skulle eg kunne dele deira erfaringar og gjere dei til mine, måtte eg kjenne meg vel tilpass saman med dei. Eg måtte finne ein plass i deira verd som var naturleg for dei og for meg sjølv. Både for dei og meg blei eg ikkje berre feltarbeidaren, men også kollega, medhjelpar, ven og så bortetter.

Då eg først reiste til Frankrike, var det på lukke og fromme til Aix-en-Provence, ein by eg knapt hadde hørt om. Først etter å ha budd her lenge nok til at eg kunne språket godt nok, hadde fått eit inntrykk av korleis folk levde og ikkje minst hadde lært meg ein minimum av provencalsk kultur til å kunne "oppføre meg", var eg klar til å gå ut i felten. Ein må vite når ein skal seie "Vous" og "tu" (De og du), når og korleis ein skal kysse kinn osb. Eg er glad eg ikkje kom uførebudd ut på gardane!

Aldri så førebudd, ein del av familiene blei eg sjølvsagt aldri. Og eg var no eingong også feltarbeidar. Etter lang tid hos ein familie blei eg derfor sliten. Det er tøft å leve så tett innpå folk, bli involvert i familiekanglar og alt som er. Eg er heller ikkje vant til at det heile tida er støy, at folk ropar i kjeften på kvarandre ved matbordet. Eg sørga for å få meg eit krypinn i Aix, som eg rømte til når det blei for mykje for meg.

Prinsippet om å ha det godt saman med andre løyerer også langt på veg ein del av dei etiske problema. Når eg kom til tomatgarden til familien Lopez, kor eg gjorde mitt første feltarbeide, hadde eg svært vase idear om kva eg såg etter. Dette var delvis medvete; Eg ønska å la aktørane definere kva som skulle bli mine problemstillingar og data. I denne fasen hadde eg store problem med å gjere greie for kva eg eigentleg var ute etter ovanfor informantane mine. Alt dei forsto, var at eg var interessert i alt kva dei tenkte og foretok seg, og det såg ut til å glede dei. For meg var det ein grei situasjon, eg hadde stor glede av å prøve og lære alt, om tomatdyrkning og menneska som dyrka dei, utan å operere med eit skilje mellom viktig og mindre viktig informasjon.

Når eg året etter kom attende til Provence hadde eg problemstilling klar og visste meir kva eg skulle sjå etter. Samstundes som dette gjorde datainnsamlinga meir effektiv, gjorde det at eg mista mykje av dei fine første-inntrykk-opplevingane eg hadde under første opphaldet. Det andre opphaldet starta eg hos ekteparet Jordan. Eg forklarte kva intensjonane mine med opphaldet var, og opplevde å bli totalt overdynga med informasjon. I løpet av to dagar hadde Renée fortalt meg "alt", eg skjønte først ikkje kva eg skulle gjere der i 4 veker til... Vel, det fant eg fort ut; Alt er ikkje som det blir sagt, og alt blir ikkje eller kan ikkje uttrykkast med ord. Som Okely fekk eg erfare at feltarbeid er "*a total bodily experience, not one merely dependent on verbal accounts*"

Frå nordnorske fjøs til sørfranske drivhus

(Okely 1994: 61). Ein får mykje informasjon gjennom sansedata. Gjennom å smake maten deira, lukte blomene deira og kjenne varmen dei lev og arbeider i, kan ein betre forstå deira verdsettingar og handlingar.

Saman med folk må ein også gi av seg sjølv. Det var greit for bøndene at dei måtte lære meg opp, men så fekk eg til gjengjeld lære dei om norsk landbruk. At eg fekk familien min frå Noreg på besøk ei veke og kunne presentere far min på gardane, var i så måte til stor hjelp for meg. Bøndene satte stor pris på å få bli kjent med ein norsk bonde. Mange råd og ideear blei utveksla, om korleis ein skal halde rotter unna åkrane, om korleis ein kan drive gardsturisme og om livet som bonde...

For meg var det viktig å kjenne meg til nytte. Eg har aldri opplevd folk som arbeider så hardt og er så slitne som desse gardbrukarane. Eg satte derfor stor pris på å få avløyse Renée og Lolo sånn at dei kunne ta seg fri og reise vekk nokre dagar. Hos familien Riviere, kor eg ikkje fekk delta i arbeidet, kjente eg meg unyttig, og dermed litt utilpass. Samstundes uroa det meg at eg ikkje fekk ta del i den sida av livet deira. Eg prøvde likevel ikkje sjølv å tvinge igjennom og få delta i arbeidet, då eg trur det ville gjort dagen mindre hyggeleg både for meg og familien. Det at eg som jente ikkje fekk delta i arbeidet på GAEC'en til brødrene Riviere er også data. Ved å leve etter prinsippet korleis ein har det godt med andre, fann eg ut kva dei trivdes med. Det ga meg mykje informasjon. Samstundes gjorde det meg merksam på eigne verdsettingar og val.

KVA KAN EG SEIE NOKO OM?

Det fins ein del etterhald ein må ta med i samfunnsvitskapleg forskning. Geertz (1973) hevdar at ein i studiet av kulturar ikkje har eit heilskapleg biletet ein kan fylle ut. Når ein fyller eit gap oppdagar ein andre, og slik vil det fortsette utan ende. Ein kjem derfor aldri til botnen i slike analysar.

Eg har forsøkt å oppnå det Rossvær (1989) kallar "innenfraforståelse", dvs å forstå folk sine eigne oppfatningar av den røynda dei lever i. Men sjølv om informantane mine så langt det var mogleg rydda vegen bar for meg, vil mi forståing av dei vere prega av at eg kjem utanfrå. Eg høyrer ikkje

til i desse familiane, eg har min bakgrunn i ein annan kultur. Sjølv om eg blei sett på som ein "kollega" av bøndene og familiane tok imot meg med opne armar, sjølv om dei såg på meg som "ein av dei", kjente eg meg ofte i framand terreng. Eg var i ein kultur eg ikkje kjente, eg fekk ikkje alltid med meg alle nyansane i det som blei sagt på grunn av språkproblem. Og trass i gardsbakgrunn - eg visste knapt kva ein ordentleg tomat var før eg kom til Provence. Det er langt frå ku- og grisefjøs i NordNoreg til tomatdyrkning i SørFrankrike! Okely (1994) påpeiker at ein ikkje kan hevde å ha akkurat dei same erfaringane som "dei andre", særskilt ikkje i framande kulturar. Ho viser til Geertz (1986 i ibid.) som hevdar at vi ikkje kan leve andre sine liv. Okely meiner likevel at forskaren gjennom kreativ forståing - å nytte kropp og sjel i tillegg til intellektet - kan nærme seg dei andre sine erfaringar. Geertz (1973) minnar om at antropologiske data alltid vil vere ein konstruksjon av aktørane sine konstruksjonar. Vi må leve med det paradoks, at den røynda vi søker å skildre er definert av oss sjølv og dei vi studerer i fellesskap (Hastrup 1992). Men, påpeikar Hastrup; "*Den er imidlertid stadig virkelig.*" (ibid: 57)

Nye problem dukkar opp når empiri skal gjerast om til data. Det at eg skriv på norsk, eit språk informantane mine ikkje forstår, var noko det knytta seg fordelar til under datainnsamlinga. Det verka som om det var ganske uproblematisk for informantane mine kva eg skulle formidle. Som Marie Louise ein gong sa det til nokre besökande; "*Gud må vite kva ho skriv om oss (ler).. Men det kan no vere akkurat det same, det er jo på norsk alikevel.*" For meg letta avstanden og språket ein del etiske avvegingar. Med anonymiserte familienamn og landsbyar er det små sjansar for at lesarar skal kunne spore opp informantane. Dermed har kan eg gå dei tett innpå livet også i teksten. I skrivenfasen har eg meir opplevd det å skrive på eit for informantane framand språk som eit problem, då det har vært vanskeleg å gi og få tilbakemelding. Dei har ikkje kunne lese teksten, og eg har ingen garanti for at dei kjenner seg att.

Hastrup minner om at ein ikkje kan "representere" ein annan kultur i ein tekst, berre frammane han. "*Livet er nemlig ikke tekst og var aldri ment sådan*" (Hastrup 1989:20). Ho hevdar at språket ikkje har den natur at det speglar røynda. I våre tekstar skildrar vi ikkje verda, vi omskriv ho i vitskaplege termar (Hastrup 1992). Dette skaper likevel ikkje ein kunstig avstand mellom objekta og forskaren. For å kunne seie noko om sosiale former og dynamikkane som genererer

Frå nordnorske fjøs til sørfranske drivhus

dei, krevast det både nærleik og avstand til materialet. Vi må forstå dei erfaringssnære omgropa, det vil seie dei omgropa informantane naturleg og umedvete nyttar for å kjenne, tenke, drøyme osb., og som dei forstår (Geertz 1983). Hastrup (op.cit.) meiner vi for å kjenne konteksten i tillegg må dele dei andre sine erfaringar. For å kunne synliggjere ein kultur, er det også naudsynt med akademisk avstand (Hastrup ob.cit.). Forskaren skildrar "dei andre" ved hjelp av analytiske verkty, eller det Geertz kallar erfaringsfjerne omgrep.

Eit stadig tilbakevendande spørsmål er det om generalisering. Kva kan eg seie noko om ut frå ein studie av nokre få hushald? Eg har supplert deltakande observasjon på få bruk med dagsbesøk på andre bruk, intervju med ulike aktørar innan næringa, deltaking på møte i ulike landbruksorganisasjonar, stoff frå landbruksavisar og anna litteratur på feltet, og statistiske data om kvantitative forhold som utviklinga av gardsstorleik og produksjon. Generalisering er likevel farleg. Eg kan ikkje vere sikker på representativiteten av mine studieeininger. Bertaux og B.-Wiame (1981) oppdaga i sin studie av franske bakarar det dei kallar satureringsprosessen (the saturation process). Prosessen går ut på at dei i innsamlinga av livshistorier stadig fekk stadfestat det dei tidlegare historiene fortalte. Dei såg etter kritisk viktige ting, som til dømes kven som rekrutterast til bakeriarbeidrarar. Etter ei tid fant dei at nye livshistorier ikkje ga nye svar. På bakgrunn av livshistoriene, som stadfestar kvarandre, meiner dei ein kan basere slutningar om strukturane (ibid.). Eg stiller meg kritisk til metaforen "saturering", eit omgrep henta frå kjemien, då ein i samfunnsvitskapen aldri kan vere sikker på å ha nådd eit punkt kor tilsetting av td ei livshistorie eller eit hushald til ikkje vil endre dei konklusjonane ein har trekt. I staden for "saturering" kunne ein nytte det sosialøkonomiske omgrepet "avtakande utbytte". Med det meiner eg at det å utvide informantgruppa tilfører analysen mindre og mindre. Med denne reservasjonen har eg funne hjelp i Bertaux sin modell. På konkrete ting, som inntekt, arbeidsmengde, arbeidsdeling og rekruttering, har eg funne at hushalda eg har sett på stadfestar kvarandre. Informasjon frå anna hald (landbrukskontor, landbruksavisar o.l.), tyder på at dette ikkje er noko særegi ved desse tre hushalda. Ut frå dette, utan dermed å hevde at studie av andre hushald ikkje ville gi andre svar, kan eg trekke nokre generelle liner ut frå mitt materiale. Eg kan seie noko om formtrekka.

Hovudtemaet i oppgåva er likevel ikkje å avdekke formtrekk, men å forklare dei. Det vil seie å avdekke dynamikkane som ligg bak dei sosiale formene. Desse dynamikkane kan ein kun få tak på ved å gå inn og gjere deltagande observasjon, som eg har gjort i tre hushald. Når ein har innsett at ein ikkje kan forstå andre menneske på annan måte enn gjennom eigne erfaringar og forestillingar, har ein oppheva skiljet mellom subjekt og objekt. Subjektiviteten blir ikkje eit hinder for vår forståing av andre, men vårt einaste reiskap for å forstå dei (Hastrup op.cit.). Den kvantitative forskinga si fokusering på talet på informantar, variablar, metode for utveljing, representativitet og objektivitet blir i lys av dette uinteressant. Hastrup (ibid.) meiner at det einaste objektivitetskriteriet vi har, er at vår viden kan argumenterast for og oppnåast semje om. Meining skapast i samhandling, og er subjektiv - ulike aktørar tillegg dei same hendingane ulik meining. Eg kan såleis ikkje generalisere ut over dei tre hushalda når det gjeld meiningskapande prosessar. Men ein kan likevel, gjennom eigne erfaringar og refleksjon over den vitskaplege prosess, oppnå ei form for sanning som lar seg objektivere og flytte (ibid.).

Eg minnar til slutt om at "*the locus of study is not the object of study*" (Geertz op.cit; 22). Det er ikkje dei tre hushalda eg har studert, eg har studert sosiale prosessar i dei.

Frå nordnorske fjøs til sørfranske drivhus

KAPITTEL 4 KVARDAGEN PÅ GARDANE

"On n'a pas de temps pour s'ennuyer"⁹

(Annie Riviere)

I dette kapitlet presenterer eg ein arbeidsdag på kvart av dei tre bruks. Gjennom fyldige skildringar av ein typisk arbeidsdag, ønskjer eg å presentere personane og arbeidsoppgåvene på gardane. Denne presentasjonen vil ligge til grunn for den vidare analysen.

EIN JUNIDAG HOS FAMILIEN LOPEZ

Klokka 03.00 vaknar eg av at vekkerklokka på rommet til Maurice og Marie Louise ringer. (Rommet mitt ligg lenger ned i gangen, men Marie Louise og Maurice sov med soveromsdøra ope. Lyden ber derfor inn til meg.) Eg har bestemt meg for å stå opp saman med dei i dag, for å få vere med på marknaden. Eg tumlar meg opp. Like etter kjem Maurice inn på kjøkkenet i halvsøvne for å sette over kaffen. Han ser meir død enn levande ut, med samanknepne øye og eit forpint andletsuttrykk. Han prøver å smile til meg, men får det ikkje heilt til. "*Det å stå opp så tidleg tar knekken på meg*", mumlar han og kyssar meg på begge kinna til go'morn. Like bak kjem Marie Louise. Ho er raskare i rørslene, smaskar meg på kinna med eit høgrøysta "*bonjour*" og flirer av kor trøtt eg ser ut. Ingen kan sjå på ho at ho ikkje har fått meir enn 4 timer nattesøvn. Samstundes som ho drikk kaffe, ordnar ho i stand termosen som skal med på marknaden. På det store kjøkkenbordet ligg det ein lapp frå Robert, ei tinging frå restauranten han jobbar på på ein kasse auberginar. Marie Louise puttar han i lomma og skriv ein lapp til dottera om at ho må hugse å kjøpe ost. Maurice har tungt for å kome opp av stolen, og kona klappar til han på skuldra og ropar; "*Kom igjen, vi har ikkje all verda med tid!*" Vi går ut, det er kolsvart og kaldt. I alle fall kjennast det sånn ut for ein trøytt kropp. Maurice hutrar og trekk jakken godt om seg.

⁹ "Vi har ikkje tid til å kjede oss."

Kvardagen på gardane

Eg tuslar etter dei den smale stien frå huset, langsmed tomatdrivhusa, til bygningen dei kallar "le cabanon". Han omfattar eit sorteringsrom, eit kjølerom og ein garasje, og fungerer som ein slags driftssentral. Eg står og ser på medan ekteparet fyller den vesle lastebilen med varer. Alt står klart på kjølerommet, det er berre å trille stablane med tomat-, melon- og andre kassar inn i bilen. Arbeidet går etter rutine, Maurice tar løfta, Marie Louise seier kva som skal med og kor ho vil ha det. Maurice kører lastebilen dei 20 minuttane det tar inn til Marseille, eg følgjer like bak i personbilen saman med Marie Louise. Ho kører som eit svin på motorvegen, flirer av at eg held meg fast, brukar hornet på sjåførar som sperrer vegen for ho og ropar "*flytt deg gamle gubbe, vi er nokre som har det travelt!*" Vi parkerer litt utanfor marknadspllassen, som ligg i utkanten av byen. Det er minst eit 50-tals lastebilar på rekke og rad. Marie Louise forklarar meg at dei er alle bønder frå regionen, dei betalar for å ha ein fast plass på marknaden. På plass nr 36 har Maurice parkert lastebilen, og er i ferd med å trille ut varene som han sett i rekken foran bilen. Marie Louise helser på kolleger rundt om, presenterer meg for nokon av dei. 04.30 opnar grossistmarknaden.

Stemninga er travel, men god. Kjøpmenn kjem for å få ferske varer til butikkane sine. Det er flest menn, dei går rundt og ser kven som har dei finaste produkta og spør om prisane. Marie Louise svarar kjapt og sikkert, ho viker ikkje i pris sjølv om mange prøvar å prute. Maurice pratar nokre få ord med bønder rundt som han kjenner, eit par kjem bort for å drikke ein kopp kaffe i lag med oss. Vi står alle godt påkledd, stampar og bøyar oss over kaffekoppen for å varme oss. Marie Louise sel varer og drikk kaffe på same tid, pratar nokre ord inn i bilen til oss og nokre ord ut til kundane. Mange av dei er folk dei kjenner, faste kundar. Maurice har før fortald meg om alle dei homofile på marknaden, og trekk meg til side med eit lurt blikk mot to unge menn som kjem mot oss. Dei er opeberre kjærestar, svært feminine i rørlene og snakkar med lyse røyster. Marie Louise klyp dei i baken, kyssar kinn og held ei lita oppvisning med dei to. Når dei har dratt ristar Maurice på hovudet, og seier; "*Dei to der, dei vil ikkje ta ein med svarte nevar som mine i handa*". Marie Louise seier ho flirtar litt med dei - "*på den måten får eg den prisen eg vil ha!*" Mannen flirer, ho har seljar-ånd, kona! Ein annan bonde kjem bort med nokre kassar salat og auberginar, dei byttar varer for å ha større utval når dei skal selje på detaljistmarknaden, og til eige forbruk. I 6-tida følgjer eg med Maurice i personbilen attende til garden. Han har arbeide å gjere

heime, og Marie Louise greier seg aleine når dei tyngste løfta er gjort. Når marknaden er over i 8-tida drar han attende for å hente ho.

På garden er Coco i gang med tomatplukkinga, han byrjar på jobb kl.05.00. Han gliser breitt under den svære stråhatta, som skal verne hovudet mot varme, mot vatningsrøra som ein lett skallar mot når ein ikkje ser anna enn ein jungel av tomatplantar, og hindre at håret blir innsatt av det produktet dei sprøytar plantane med. Framom seg har han ei handvogn med tomme og fulle tomatkassar som han trillar mellom "tunnelane". Tomatplantane står tett på lange rekker, med smale gangar, eller "tunnelar" mellom annakvar rad. Coco og Maurice vitsar litt om kven av dei som skal ha æra av å ha ei ung jente saman med seg i arbeidet. Det er den same vitsinga som i går, og dagen før der. Maurice vil gjerne at vi skal arbeide saman, "*så kan vi diskutere litt*". Han hentar den andre handvogna, utstyrer ho med krokar, hyssing og tomkassar. Eg går framom vogna og tynnar plantane, slik Maurice har lært meg det. Eg knip av skudd der det er for mange på ei grein, greinene kan svikte og tomatane blir ikkje like store og fine om det er meire enn fire-fem stykker i kvar klase. Eg riv av dei nederste greinene på plantane, som no er nestan to meter høge. På dei nederste, eldste greinene kjem det no ikkje anna enn ein og annan liten tomat. Desse greinene tar eg vekk for at dei ikkje skal tappe planten for næring, og for at det skal bli meir oversiktleg i drivhuset. Bakpå vogna balanserer Maurice, han bind opp plantane i vatningsrøyra. Plantane er tynne og høge, og må hengast opp med hyssig. Han følgjer nøye med at eg gjer det riktig, korrigerer meg venleg og forklarer inngåande når eg gjer feil. Vi er i tunnelen ved sida av Coco. Innimellan ropar dei to over til kvarandre, korte meldingar om kva som skal gjerast i løpet av dagen eller kommentarar som "*Anniken, kva meiner du, du kan ikkje gå der og arbeide i lag med "den gamle", kom heller her i lag med meg*". Dei kallar begge kvarandre "den gamle", og vitsar ofte om kven som er yngst. Ingen veit nøyaktig kor gamal Coco er, men han er nok eit par år eldre enn sjefen sin. Arbeidet er nøye og tar lang tid. Eg tenkjer på at det er 6000 tomatplantar i dette drivhuset, som takk og lov er det største...

Når marknaden er over, er Marie Louise på plass i sorteringsrommet. Her har ho tomatsorteringsmaskinen og stablar med tomatkassar som veks etterkvart som Coco kjem trillande med dei. Innerst står eit gammalt badekar som ho gjer rein grønsakene i. Det flyt av utstyr

Kvardagen på gardane

i rommet; Alt frå sprøytemiddel og skrujern, til penner og noteringsblokker for tinginga. Her er ein gamal kjøkkenstol og nokre kassar til å sitte på. "Sorteringsrommet er min andre heim", seier Marie Louise. Ho har ein telefon her, som ringer rett som det er. Det er kundar som vil ting varer, nokre av søstrene hennar som vil slå av ein prat og ganske ofte lille Jacques som ringer frå tanta. Han har ringt mange gonger i dag, og Marie Louise er irritert. "Ikkje svar", seier ho når telefonen ringer igjen, "det er Jacques som prøvar å terge livet av meg. Han vil vi skal hente han, men veit godt at vi ikkje har tid å ha han her." Eg forsøker å hjelpe til med sorteringa, Marie Louise har det travelt i dag. Ho arbeider lynkjapt, eg greier ikkje å halde følgje og det eg gjer blir ikkje rett. Det er nøye kor tunge kassane er, at dei raude tomatane ikkje blir blanda med dei grøne osb. Eg kjenner meg mest i vegen, og blir letta når Maurice spør om eg kan hjelpe han å rydde jordbærdrivhuset.

Den første jordbærsesongen er over, og vi kuttar alle plantane ved rota. Sola steikar no, og det er uuthaldeleg varmt inne i drivhuset. Vi arbeider bada i sveitte, det er tungt å stå bøyd så lenge. Praten blir mindre og mindre. Når Coco kjem for å seie at no har han plukka all paprikaen, "bon appetit!", veit vi at klokka er 12 og det er lunsjtid.

Inne har Magali maten klar. Ho kjeftar på far sin som kjem skitten inn på kjøkknet, og går bak han og kostar opp. Maurice dumpar ned på plassen sin, han er sliten og orkar ikkje svare. Eg kjenner meg alltid utilpass når far og dotter kranglar. Det er nok fordi eg veit at dei begge lir under det at dei ikkje greier å vere vener. Marie Louise kjeftar på dottera som kjeftar på faren, og spør om vi ikkje heller skal ete. Ho skal på møte i ein landbruksorganisasjon i Aix kl.14.00, og har det travelt. Magali serverer oss, først tomatsalat, deretter auberginar i parmesan, så spaghetti med skinke. Mora gir ho berre ein liten porsjon spaghetti; "Du kan heller ete meir salat. Har du sett den baken du har?!" Marie Louise, som veit godt at ho er brei bak, fnys og forsyner seg sjølv. Ut i måltidet tør dei slitne litt opp. Dei har stor moro av meg som ikkje er vant med å stå opp i 3-tida og ser ganske trøtt ut. Maurice seier at vi to er heldige som kan unne oss ein siesta etterpå, og ser ertande på kona. Ho har nemleg ikkje tid til den daglege siestaen i dag. I staden spring ho ut medan vi et dessert, melon frå eigen åker, og kjem attende i skjørt, bluse og med litt grønt rundt augene. Maurice plystrar; "Det er nokon som kan "promenere" medan vi andre må arbeide.."

"Håh", svarar ho, "om ti minutt snorkar du. Det er dessutan ingen som gjer mitt arbeid medan eg er borte." Vi høyrer bilen brøle ut porten.

Maurice ligg enno når eg etter ein times blund står opp. Klokka er nesten 15, det er uvanleg at han sov så lenge. "Han er heilt utkjørt, det er nok best å la han sove", seier dottera som vaskar og styrer på kjøkkenet. Like etter kjem han ut, og ser om mogleg enno trøttare ut enn i morges. Eg spør om eg kan hjelpe til med noko, men han smiler og seier eg kan halde Magali med selskap. Han og Coco skal reparere noko med vatningsanlegget. Dessutan meiner han eg allereie har gjort meir enn nok i dag, han forventar ikkje at eg skal greie det å vere oppe så tidleg like godt som dei greier det. Skjønt, han ser ikkje ut til å greie det, han heller...

Magali spring rundt på kjøkkenet, ho er alt i gang med å førebu middagen. Dessutan har ho fullt av fersken og aprikosar som har falle ned frå trea i hagen, som må gjerast noko med før dei blir øydelagte. Eg reinsar dei for å koke syltetøy, medan ho heng ut klesvasken. Jacques ringer og masar om å bli henta. Han kranglar litt med søstera på telefonen, men dei blir til slutt samde om at vi skal henta han før vi drar på supermarketnaden. Når syltetøyet er kokt, drar vi til Roselyne. Jacques er glad for å sjå oss, kan ikkje få mange nok kyss. "Sjå kor söt han er, småen", seier Magali. Ti minutt etter slåss dei... Vi tar ein kopp kaffe saman med Roselyne, bestemor og bestefar. Jacques heng over oss som ei mare, vil ikkje la andre få sleppe til orde. Roselyne har fått tak i nokre kaninar som ho har slakta og gir Magali den eine så ho kan ha til middag. Dei to snakkar kun om mat, spør meg om kor lenge eg blir hos dei for å planlegge alt dei meiner eg må smake før eg drar. Dei blir samde om menyen for morgondagen, då er det laurdag og heile familien et lunsj hos Roselyne. Magali byttar bort ein kurv ustrøkne klær med ein kurv strøkne, det er Roselyne som stryk alt for dei. Ho snakkar litt med besteforeldra, spør korleis dei har det og klemmer dei litt. Vi tar med oss Jacques, som er heilt propell, til supermarketnaden.

Klokka er nestan 8 på kvelden når Marie Louise kjem attende frå møtet. Nokre slektingar har stukke innom, Maurice, Magali, Jacques og eg sitt på terassen med dei og tar ein pastiss. Marie Louise seier ho treng ein whisky. Ho pratar nokre ord med gjestene, hell innpå drinken og unnskylder seg; Varene til detaljistmarknaden i Marignane i morgen er enno ikkje gjort klar. Ho

Kvardagen på gardane

skiftar attende til arbeidsklede, t-skjorte og trange bomullsbukser, og går saman med Maurice opp til sorteringsrommet. Gjestene drar, Magali dekker bordet. Vi skal ete på terassen utanfor kjøkkenet, kor dei har eit svært spisebord og fullt av stolar i plast. Klokka er halv 9 når Maurice og Marie Louise er ferdige for dagen og vi kan ete. Maurice klagar over at han er trøtt. "Og det seier du", svarar kona, "som har hatt ein god siesta!" Sjølv har ho vært oppe sidan klokka 3 i morges. "Vi treng jammen ein slurk vin til maten, eller kva meiner du, Anniken?" Marie Louise gir seg ikkje så lett over. Maurice er overgitt, han vil berre sove. "Ikkje syt, i morgen er det laurdag, og vi kan sove til klokka halv 7", seier kona. Ho skyssar Jacques i seng, han sov inne hos foreldra når han ein sjeldan gong sov heime. Foreldra følgjer etter, og snart høyrer vi snorking frå rommet deira.

Vi unge sitt ute litt til og pratar kviskrande. For blir Maurice forstyrra når han skal sove, blir han rasande. Ammedh, ein tunisiar som bur i ei campingvogn i hagen deira, er kome for å slå av ein prat. Han arbeider på ein gard på andre sida av landsbyen, og fortel nytt derifrå. Like etter kjem Robert heim frå jobb. Han er lik far sin, og ser nesten like trøtt ut. Han sitt saman med oss, smiler slitent og seier lite. Etter ein halv time kor alle gjespar i kor, tar vi kveld.

EIN FEBRUARDAG HOS FAMILIEN JORDAN

Når eg kjem opp på kjøkkenet i 9-tida er Renée nettopp stått opp og enno i slåbrok. Ho kvitrap "gomorn, har du sove godt?" Loulou har allereie gått ut. Han har koka kaffe og hatt på termos til oss. Renée hentar inn tre baguettar og avisar som bakaren og postbudet har lagt på trappa. Ho går som ei gås, eg spør kva det er med ho. Ho forklarer meg at ho er mykje plaga med hoftene. I natt har det vore heilt krise, ho har knapt sove for smerter. Medan vi et frokost synar ho meg ein video-film ho har laga for å spele for turistane. Det er ein kort film, mindre enn 10 minutt, som viser garden, produkta deira, litt av området rundt og Renée som fortel om kva dei driv på med og kva som er verd å sjå i landsbyen og omeign. Renée lyser i augo når ho fortel om korleis ho fekk ideen til filmen, om kor flott ho trur det blir når ho kan syne fram ein film i staden for å repetere seg sjølv kvar bidige morgon i turistsesongen. "Så kan dei heller spørre om ting etterpå", seier ho. Det er tydeleg at ho gler seg litt til sesongen sett inn. No har dei ikkje turistar på garden fordi den eine "gîteen" (husvere som dei leig ut) er under oppussing. Ho har fullt av idear ho

gjerne skulle fortalt meg om. Men først må ho få gjort unna litt kontorarbeid. Ho har gjort om eit soverom til kontor, der flyt det av papir, der har ho telefon og telefaks. Det er snart tid for sjølvmeldinga.

Ute er Loulou og Patricia i arbeid. Patricia blir glad for å sjå meg, ho veit at då får ho hjelp. På baksida av huset er det eit overbygg, med eit ope kjøkken dei nyttar på sommarstid, eit lite "basseng" kor vi vaskar grønsakene og vekter for å veige dei fulle grønsakkassane. På ei oppslagstavle har Loulou hengt opp lappen om kva som skal plukkast i dag. Det er ein ordre til utsalet deira, og ein ordre frå dei andre bøndene i samarbeidsgruppa. Vi skal plukke 50 pakkar reddik, 20 pakkar persille, 5 kassar salat og 15 kg spinat. Reddiken og persillen er i drivhus, resten utandørs. Loulou kjem av til bort til oss og småpratar litt, om kvaliteten på reddiken. Patricia hevdar det snart ikkje er vits å ta meir av salaten, så därleg har han blitt. "*Eller kva meiner sjefen?*", spør ho ertande Loulou. Han ristar på hovudet og seier vi får sjå. Dei to pratar ikkje meir enn naudsynt, men eg trur dei har stor respekt for kvarandre. Loulou er opptatt med å gjere i stand til å plante tomatar i eit av drivhusa. Patricia og eg plukkar det som skal plukkast, vaskar og veg grønsakene. Ho er glad for at vi blei ferdig før tida, ho arbeider vanlegvis fram til kl.11, då ho må hente dottera på skulen. No har ho ein halv time til å plukke därleg salat for å fore geitene sine med.

Renée kjem ut og spør om eg vil vere med og gjere nokre ærend. Eg får på meg reine klede, og sett meg i bilen. Ho fortel meg at ho skal ein rask tur i banken, så ein rask tur i posten, fort innom sjukehuset for å hente nokre resultat og om vi får tid besøke ei sjuk kone på ein psykiatrisk klinik. Innimellom alle forklaringane avbryt ho stadig seg sjølv for å vise meg noko langs vegen; "*Sjå havet herifrå, kor flott det er!*" Renée er svært stolt over garden sin, landsbyen og fylket ho bur i. Ho nyttar 3 minutt på kvart av dei først ærenda, og vi legg kursen mot institusjonen kor den sjuke kona er. Renée forklarer at den sjuke ikkje har andre som ser til seg enn ho. Dei er ikkje i slekt, men Renée og mor hennar var gode vener. Ho fortel at ho prøver å sjå til ho ein gong i månaden. Som tidlegare speidar er ho vant med å tenke og ta seg av andre, seier ho. Den sjuke blir glad for å sjå Renée, som har handla masse sjokolade og kaker på vegen. Ho kan ikkje prate, men ser glad ut medan Renée skravlar i veg. Når vi må dra igjen gråter ho litt fordi vi ikkje kan

Kvardagen på gardane

bli lenger. Renée seier at det er det verste, når ho må seie at no må ho dra. Vi kører i full fart heimover. Var eg redd i bilen med Marie Louise Lopez, er eg ikkje mindre redd no. "*Du må ikkje seie til Loulou kor mange bilar eg køyrd forbi*", seier ho, "*Han seier at eg ikkje kan køyre bil. Og det har han kanskje rett i.*" Eg tenker at det har han. Men det ser ikkje ut til å sjenere Renée ein smule.

Når vi kjem attende er klokka over 12. Loulou har allereie vore nede hos far til Renée med mat til han, suppe som Renée laga før vi dro. Ho lager kjapt i stand mat til oss medan Loulou dekker bordet. Vi et framfor TV'en i stua. Det er OL på Lillehammer, og Renée er levande interessert i sport. Ho et dobbelt så fort som oss, enno ho pratar heile tida. Om det ho ser på TV, om det vi har gjort i dag og om korleis ho vil ha det i "gîten". Loulou hører på med ei overbærande mine, ser på meg og skjærer grimasar når han meiner ho blir for intens. Men han lurer ikkje meg, det lyser av han kor stolt han er av kona si, og kor stor pris han set på ho. Telefonen ringer i eit medan vi sitt med bordet. Det er alltid Renée som svarar, og det er stort sett alltid nokon som ringer for å reservere gîtene for sommarmånadene. Men alt er allereie reservert ut september. 10 minutt i strekk er det lengste Renée sitt i ro med bordet. Blir ho ikkje avbrote i etinga av ein telefon, avbryt ho seg sjølv med at det er ein faks ho må sende før ho gløymer det. Men ho får mat i seg, ho har den største appetitten eg har sett. Vi et sterke pølser med pasta til, ho gjentar stadig; "*Gud, kor godt. Eg storkosar meg når eg får ete pølser!*" "*Du storkosar deg uansett kva du et*", kommenterer mannen. Ho seier smilande; "*Ville du heller hatt ei kjerring som ikkje likte nokon ting?*" Loulou ville nok ikkje det, han seier ingen ting. Han skjenkar vin, dei drikk alltid vin til maten med den argumentasjonen at vatnet ikkje er godt her, og ser til at eg et skikkeleg.

Sophie, svigerdottera, kjem innom når vi drikk kaffen. Ho er like blid som alltid, og blir tatt imot av breie smil. Etter raske kyss og ein rask kaffekopp får ho instruksar av svigerfaren om kva som skal hentast og bringast frå og til dei andre bøndene i samarbeidsgruppa. Ho drar avgarde for å hente varer til salet i ettermiddag. Loulou og Renée kan ikkje få rost Sophie nok, dei set stor pris på svigerdottera si.

Klokka 16.00 opnar dei utsalet, som ligg i hagen framom huset. Renée forsikrar seg om at eg tar hennar plass. Ei kusine av Renée og mannen hennar, Maggie og Michel, har kome for å jobbe i gîten. Renée seier vi finn ho der om vi treng hjelp. Saman med Sophie og Loulou har eg ordna utover varene i nydelege barketrau. Her er alt av grønsaker, litt frukt, vin, syltetøy, honning, kyllingar, egg og ost. Utanfor har vi satt opp ein benk kor vi kan slappe av i sola når det ikkje er kundar, og kor kundane kan sitte å slå av ein prat. Det er ikkje akkurat travelt, det er sjeldan vi alle tre har ein kunde. Av og til går det langt mellom kundane. Då blir Loulou rastlaus og steller litt med mimosaplantene i hagen. Han held seg alltid i nærleiken sånn at han ser om det ryr inn folk. Når det først er kundar, er det travelt. Dei fleste er folk Loulou og Sophie kjenner frå før. Det er unge kvinner som har med småungane sine, dei er vener av Sophie og slår av ein prat medan dei handlar. Har ho tid, set ho seg ned med dei. Det er også mange eldre, dei kjem ofte parvis, og mennene slår av ein prat med Loulou medan konene handlar. Alle kundane skryt av produkta og måten dei er presentert på. På veggen bak oss har Renée hengt opp ei oppskrift, som skiftast ut kvar veke. Kundane synes det med oppskrifta er ein fantastisk idé. Dei slår seg på låra når når dei blir presentert for meg, "*tenk å bli ekspedert av ei norsk jente!*" Utsalet er så absolutt ein takknemleg plass å jobbe i så måte. Sophie og eg nyttar saman den elektroniske vekta, Loulou nyttar den manuelle med lodd og reknar saman på papir. Aurelie og Thomas, ungane til Sophie, heng rundt oss. Aurelie, som snart er 12, får lov til å prøve å ekspedere når det er lite folk og kundar ho kjenner. Lille Thomas på 5 leiker med dei ungane som er innom med mødrane sine. Dei kjem begge fram for å kysse kinn til alle kundane som kjenner dei, og høyrer smilande, høfleg men litt overbærande om kor store dei har blitt. Vi stenger klokka 18.30. Då har vi ekspedert 20-30 kundar.

Maggie og Michel et med oss på kvelden. Dei har maling over heile seg og er eit muntert selskap. Maggie pratar om mogleg enno meir enn Renée. Renée ordnar i stand mat til far sin og går ned med han før ho dekker bordet oppe. Like før vi skal ete ringer dottera, Sylvie. Ho spør korleis det er med Loulou, ho syntes ikkje han virka heilt i form tidlegare i dag. Renée spør Loulou om det er tilfelle. Han svarar unnvikande at han har hatt litt hjartebank i dag. Kona blir sint fordi han ikkje har vett til å ta det meir med ro når han kjenner seg sliten. Han svarar ikkje. For å få opp stemninga igjen seier Renée til meg at ho nok burde vere glad ho har ein mann med eit hjarte som

Kvardagen på gardane

bankar for ho. Det blir ein lystig middag kor alt mellom himmel og jord blir diskutert; Lillehammer, helsevesenet, kakeoppskrifter og malingstypar.

Maggie og Michel drar med bilen full av grønsaker som Loulou har ordna i stand til dei. Vi tar av bordet og set oss i sofaen foran TV'en. Loulou tenner i peisen, Renée tar fram eit apparat for å måle blodtrykket. Det gjer dei kvar kveld. Ho byrjar å legge ut om sin siste idé; Å arrangere måltider for turistane i hagen til sommaren. Ho har tenkt seg middagar for 12 personar to dagar i veka, folk må reservere på førehånd. Engasjert fortel ho at intensjonen er at Loulou og ho sjølv skal ete saman med dei. Dei skal sitte på kvar sin ende av bordet sånn at dei kan svare på spørsmål. Både Renée og eg veit godt korleis Loulou vil reagere på dette forslaget, og det slår ikkje feil. På eit tidspunkt i skildringa hennar speler han luftgitar med dei mest utrulege grimaser, som for å syne kor lite han gidd å høre på ho. "*Sjå på han*", seier ho til meg, "*han gjer seg til, men veit godt at det blir som eg vil til slut. Det blir det alltid. Ikkje sant, kjære?*" Loulou svarar ikkje. Han smiler oppgitt. Vi veit alle at det er slik det er. Kort etter kjem det snorkelydar frå Renée sin stol. Loulou smiler til meg, Renée sovnar nemleg kvar kveld foran TV'en.

Eg tuslar ned til den lille "gîten, som eg bur i. Eg må smile når eg kjem inn i det sôte, vesle rommet. Renée har satt ein bukett blomar frå hagen i den vesle rosa vasen, som står perfekt til dei handmalte flisene på veggen og sengeteppet og gardinane som er sydd i same stoff.

EIN APRILDAG HOS FAMILIEN RIVIERE

Eg står opp samstundes som Annie halv 9. Ho sett sôvndrukken fram brød og kaffe på det vesle bordet i stua framom TV'en. Ho skiftar kanal i eitt sett medan vi et, ser nokre minutt på kvar film. Annie er levande filminteressert, ho har fullt av kinoblad og programblad for TV som ho syner meg. Etter frukost tar ho meg med ned i underetasjen kor ho har kontoret sitt. På eit stort rom har ho fleire datamaskinar, reknemaskinar og ein enorm bunke papir. Ho sukkar tungt over papirhaugen, og seier at her kan eg sjå kva ho har å styre med. No er det rekneskapen for GAEC'en ho arbeider med, ho må ha det ferdig til mandag. Det er Annie som har sagt ja til å ha meg buande på garden ei stund, og ho har intensjonar om å gi meg mest mogleg opplysningar. I dag har ho sett seg føre å sette meg inn i rekneskapen deira. Eg ser ho har det travelt, og spør kun

om det eg trur er viktigast når ho kyndig legg fram det eine reknestykket etter det andre. Ho viser korleis resultata varierer frå år til år, og forklarer at det skuldast skiftande prisar og naturforhold. Vidare noterer eg at utgiftene er større enn inntektene, at rekneskapet kvart år går med eit lite underskot. Annie arbeider konsentrert over bøkene. Det er fredag, og då har styret i den lokale filialen av Credit Agricole, landbruksbanken, møte. Annie er einaste kvinne i dette styret. Ho seier ho er med her fordi ho likar det. *"Dessutan treng dei eit kvinnfolk i lag med seg!"*

Eg ruslar ut for å sjå til mannfolka, som har vore ute sidan halv 8 i morges. Fernand ser eg i traktoren ute på eit eplejorde. Han sprøytar mot sjukdom på plantane. Det har regna i dagevis, og dei har måtta vente med sprøytinga. No er dei på etterskot. I den svære hangaren framom huset finn eg Christoph. Han sit i det vesle kontoret og ordnar med nokre papir. Eg kjenner meg alltid litt brydd her i lag med mennene fordi eg ikkje får ta del i arbeidet. Det er ein varm dag, og eg går rundt i sommarkjole medan dei har arbeidsklede på. Christoph helsar, spør om han kan hjelpe meg med noko. Som bror sin vil han gjerne hjelpe meg, men eg må stille konkrete spørsmål. Dei har eg ikkje så mange av. Christoph forsikrar meg om at eg berre må spørje om det er noko. Men han må straks ut med den andre traktoren, dei har store jorder å sprøyte. Idet han går seier han at eg må kome att på sommaren om eg vil sjå korleis det fungerer når eple og pærer skal plukkast og det verkeleg er arbeide på bruket.

Inne i huset er hushjelpa i gang med å gjere reint. Ho kjem kvar fredag og tar helgevasken. Ann Virginie har nokre dagar skulefri og er heime. Ho smiler forlegent når eg tar ho i å vere nyoppstått klokka halv 12. Mora har lagt igjen ein lapp til ho, med melding om at ho må ha maten ferdig til Fernand kjem inn til lunsj. Ann Virginie forklarer at står ikkje alt klart på bordet når faren kjem inn, blir det månelyst. No går det no enno an, legg ho til, men på sommaren når han arbeider døgnet rundt er han ikkje verande i hus med. Ho kokar spaghetti, og seier smilande at det er det einaste ho kan lage. Eg dekker bordet. Ann Virginie rettar på meg. Faren skal ikkje ha same glas som oss, men vinglas. Og det må stå på rette plassen...

Annie kjem att omrent samstundes som Fernand kjem inn. Han spør bryskt om ho ikkje har maten ferdig. *"Slapp av"*, seier kona, *"dottera di har ordna med det."* TV'en står på medan vi et, vi ser

Kvardagen på gardane

nyhendene. Dei er svært opptatt av Rwanda og det som skjer der, då Fernand har ein bror som arbeider der. Annie fortel at dei har reist mykje i Afrika, ho hadde tenkt å reise til Rwanda i år. Men det kan ho jo ikkje slik situasjonen der er no. Dessutan har dei ikkje pengar til det lenger... Fernand drikk alltid rosévin til maten. Til frukost, lunsj og kvelds. Dei andre drikk vatn. Annie og Ann Virginie syt for at han alltid har i glaset, at han ikkje må vente mellom rettane. Det er Fernand som er sjefen, det lar han merke. Han et fort opp og skal til å dra ut igjen. "Oh", seier Ann Virginie, "*ikkje eit kyss, ingenting?*" Faren tar godt om dottera si, dei tumlar overende i sofaen med latterhyl. Men han er kjapt oppe igjen, arbeidet ventar.

Arabaren som arbeider hos dei bankar på døra. Annie opnar for han. Han unnskuldar seg veldig, tør så vidt kome innafor døra, men han har nokre papir han skulle ha ordna med. Det gjeld sjukepengar, og han treng hjelp av Annie for å fylle ut skjemaet. Annie, som han kallar "Madame", tar imot papira han gir ho og seier ho skal ordne det til i morgen. Han unnskuldar seg enno ein gong, bukkar og går.

Ann Virginie får telefon frå kjærasten sin, Thierry, som bur på andre sida av Salon. Ho spør mora om ho kan få dra til han og vere til neste dag. Annie svarar at gjerne for hennar del, men faren kjem ikkje til å like det. Ann Virginie seier Thierry har invitert ho på restaurant i kveld og alt, "*ver så snill.*" Dei blir samde om at Annie skal køyre ho dit etter at ho har gjort unna ein del ærend. Samstundes kan ho vise meg Salon. Vi drar avgarde utpå ettermiddagen. Heime hos Thierry blir vi invitert på kaffe av mora hans. Ann Virginie presenterer meg som ei veninne av mora. Etter det drar Annie og eg inn til byen. Før eg traff Annie blei eg fortald at ho var svært kokett, glad i å pynte seg. Det skulle eg no få erfare. Ho dreg meg med frå klesbutikk til klesbutikk. Ho handlar kun billige ting, dei dyre butikkane seier ho ho er pent nødt å gå forbi. Ho får også meg til å kjøpe ein kjole før ho gir seg. Annie går alltid i skjørt og skiftar ofte. I bilen på tur heim spør eg om kva mannen hennar seier til at ho handlar så mykje klær. Ho ler; "*Han spør om det er nytt, det eg har på meg. Eg svarar alltid at neida, det er det slett ikkje... No spør han forresten ikkje lenger.*"

Annie har maten klar til Fernand kjem inn halv 8. Han spør etter dottera. Når han får høyre kor ho er, blir han irritert; Skulle ikkje ho lese i ferien? Annie forsikrar om at ho skal lese dei andre

dagane, og dessutan er det klart dei unge nyforelsa har lyst å sjå litt til kvarandre. Dette likar ikkje Fernand å høyre, eg har han mistenkt for å ha lyst å ha dattrra si for seg sjølv. Eg spør om Thierry aldri kjem hit. Fernand fnyser, Annie seier at det tør han ikkje - han er redd "svigerfaren" sin med dei svære bartane. Det likar Fernand betre å høyre, han snurrar bartane sine og ser mandig ut.

Under middagen diskuterer vi framtida for fransk landbruk. Annie prøver å trekke fram det positive, sjølv om ho ikkje legg skjul på at det er vanskeleg. Ho fortel om eit par unge ho kjenner som har tatt over bruk i nærleiken. Fernand kallar desse galninga som ikkje veit kva dei gjer. Han har ikkje noko tru på framtida for jordbruksnæringa, og legg ikkje skjul på at han ønska han ikkje hadde blitt bonde. Målet deira er å halde drifta gåande til dei blir 60 år og kan pensjonere seg. *"Og det er ei anna historie"*, seier han og er både sint, engasjert og oppgitt på same tid. - *"Bønder får ikkje rare pensjonen, og vi et no opp pengane vi skulle lagt til side for å leve av når vi blir gamle."*

Fernand har eit møte etter middag i samband med at han er kommunestyrerepresentant. Eg har lyst å spørje kva parti han sitt for, men får meg ikkje til det. Det er noko skremmande over dei bartane, eller iallefall autoriteten dei symboliserer... Når han er dratt seier Annie at ho lar mannen vere sjef når han er inne. *"Eg synes det er greit sånn"*, seier ho, *"eg kan tross alt regjere sjølv resten av dagen"*.

Annie finn fram "Bodyguard" med Kevin Costner og Whitney Houston på video, den må eg nemleg få sett før eg drar. Ho slår av alle lysa i stua, trekk for gardina og lagar skikkeleg kinostemning. Når filmen er over og vi går til sengs i 11-tida er Fernand enno ikkje komen heim.

Kvardagen på gardane

KAPITTEL 5

MANNFOLK, TEKNIKK, TOMATAR OG KJÆRLEIK

"Un paysan tiens plus à son sillon, qu'un prince à son palais"¹⁰

(Landbruksavisa "Le Sillon")

MANNFOLKARBEID OG MANNDOM

Arbeidsdelinga på bruken er klart kjønnsdelt. Eg skal vise at denne kjønnsdelinga av arbeid er basert på hardprogrammerte idear om kva som er naturleg. Det vil seie idear som blir stadfesta så ofte, og gjennom så mange ulike situasjonar, at dei blir sett på som sjølvsagte og fungerer som referansepunkt for andre idear (Bateson referert i Rudie 1984). Desse ideane virkar inn på relevansreglane. Eg skal vise at kjønn ofte blir gjort relevant i denne kulturen. Vidare vil eg vise at det er mykje gjennom arbeidet mennene får stadfesta sin identitet som menn.

Ved å sjå på arbeidsoppgåvene og arbeidslaga kjem arbeidsdelinga tydeleg fram. Mennene på bruken har ulike oppgåver og inngår i ulike arbeidslag, nokre omfattande kun menn og nokre kor konene inngår. Men åkrane og drivhusa er mennene sitt domene på alle dei tre bruken. Hos Lopez' er det Maurice som har ansvaret for alt som har med produksjonen å gjere; Planting, stell av plantane, sprøyting, gjødsling, plukking og teknisk planlegging av produksjonen. Med seg i dette arbeidet har han Coco, som har arbeidd hos dei i over tjue år. Coco har sine faste arbeidsoppgåver, men det er Maurice som har ansvaret og tar avgjerdene. Maurice legg vekt på at dei skal jobbe saman. I drivhusa og på åkrane rår dei grunnen aleina, Marie Louise kjem aldri dit om det ikkje er for å rope på ein av dei som er der.

Hos Jordans er det Loulou som har ansvaret for produksjonen. Renée deltok før i plukkinga, vaskinga og stellinga av grønsakene, men slutta for mange år sidan. Når eg budde hos dei i februar og mars, hadde Loulou Patricia i lag med seg i utearbeidet. Patricia, som har jobba hos dei i tre

¹⁰ "Ein bonde dragast sterkare mot jorda si, enn ein prins mot slottet sitt"

Mannfolk, teknikk, tomatar og kjærleik

år, har sine ansvarsområde. Når ho kjem og finn lista Loulou har hengt opp, har ho ansvaret for at alt blir plukka. Men også her er det mannen på garden som har det overordna ansvaret. Han er alltid tilstades når Patricia jobbar, sjølv om han driv på med andre ting. Loulou og Patricia jobbar aldri saman. Då eg kom attende til garden nokre dagar i september hadde dei tilsett ein til på garden. Den nytilsette er ein arbeidslaus fiskar frå landsbyen, ein kraftig kar på rundt 40 år. Han arbeider saman med Loulou tre dagar i veka. Medan eg var der dreiv han og Loulou og reparerte den gamle traktoren. Patricia fortalte at hennar arbeidsoppgåver ikkje var endra, at den nytilsette hjalp Loulou med ting ho "*ikkje kan gjere*". Den nytilsette sjølv sa han mest gjorde tekniske ting. For Loulou var det tydeleg gjevt å ha fått ein mann i lag med seg, som han kan arbeide saman med.

På GAEC'en til brødrene Riviere er det kun menn som arbeider i produksjonen. Dei to brørne deler ansvaret for planlegging, planting, stell, sprøyting, vatning og plukking. Sprøyting og vatning går føre seg frå traktorar, og blir utført av Fernand og Christoph. Dei har ein arabar i lag med seg i utarbeidet. I den intensive sesongen frå juli til oktober, når eple og pærer skal plukkast, har dei fullt med framandarbeidarar. I fjor hadde dei 15, året før 25. Desse er alle arabiske menn. Frå første dag på garden fekk eg høre at her er ikkje arbeid for kvinnfolk. Det sa både Fernand, mora og dottera hans.

Denne kjønnsbaserte arbeidsdelinga grunnar seg i oppfatninga av det produksjonstekniske arbeidet som "mannfolkarbeid". For betre å få fram kor sterkt denne oppfatninga står, kor hardprogrammert ideen er, vil eg vise kor problematisk det er å ha kvinnfolk med i dette arbeidet.

Eg hadde lyst å ta del i arbeidet hos Rivieres, og såg ikkje det at arbeidet mykje omfattar traktorkjøring som ei hindring. Heimanfrå er eg vant med at mykje av gardsarbeidet må gjerast med traktor. Å vere avløysar på gardsbruk i NordNoreg inneber at ein må kunne handtere ein traktor med ulike reiskap, uavhengig av om avløysaren er jente eller gut. Sjølv lærte eg å køyre traktor då eg var 16. Men eg skjønte fort at det ikkje ein gong var verd å foreslå for Fernand og Christoph at eg kunne delta i traktorarbeidet. Det ville vere eit forslag til situasjonsdefinisjon ein

ikkje ein gong forhandlar om. Ei jente bak traktorrattet strir imot deira kulturelle forestillingar både om kva jenter *kan* og kva dei *skal* gjere av arbeidsoppgåver.

Patricia fortel at ho masa seg til jobben hos Jordans. Dei tilsette ho fordi dei synes synd i ho, men såg etter kvart at ho greide det bra. Patricia, som er 36 år, er kjent for å vere eit arbeidsjern, og har gardsbakgrunn. Utan det siste hadde ho nok ikkje fått jobben. Patricia kjenner seg no akseptert av Renée og Lolo, men seier at det ikkje er alle bøndene i samarbeidsgruppa som aksepterer at ho som jente arbeider i åkeren.

Når eg fekk min arbeidsplass i drivhusa og på åkrane både hos Jordans og Lopez', skuldast nok det først og framst statusen min som "stagiaire". Ekteparet Lopez har lang tradisjon med å ha "stagiaires", eg var den femte i løpet av eit år. Stort sett alle dei tidlegare har vært utplasserte landbruksskuleelevar, fleire av dei jenter. Dei har gjort "stage" på tomatplantar, jordsmonn eller liknande. Sjølv om eg ikkje hadde nokre slike konkrete, produksjonstekniske ting eg ville studere, tok dei for gitt at eg var interessert i produksjonen, sjølve jordbruket. Det skal også takast med at eg kom godt overeins med både Maurice og Coco, og at desse satte stor pris på selskap i arbeidet. Maurice sa jamvel ein gong vi diskuterte jordbruket som ein einsam arbeidsplass, at hadde det ikkje vært for alle utplasseringselevane, hadde han slutta. Det trur eg nok ikkje han hadde gjort, men det er tydeleg at han sett stor pris på det selskapet desse gir.

Jordans tar eigentleg ikkje imot "stagiaerar" lenger, då dei meiner drifta deira ikkje er nok teknisk interessant no som dei har så diversifisert produksjon. Når dei dyrker så lite av så mange produkt som dei no gjer, blir det lite tid til å utvikle teknikkar for til dømes å få betre og meir tomatar av kvar plante. Dei spesielle intensjonane eg hadde for min "stage" gjorde at dei gjorde eit unntak. Eg fekk plassen fordi eg var interessert i andre ting enn "mannfolkarbeidet". Når eg først var der, fekk eg likevel delta i utarbeidet saman med Patricia, og ofte saman med Loulou når han stelte hagen. Det å vere "stagiaire" er altså ein måte for ei jente å få innpass i sjølve produksjonsarbeidet på, til å få arbeide saman med mennene.

Mannfolk, teknikk, tomatar og kjærleik

Det var alt anna enn lett å faktisk få gjere noko sjølv om eg fekk vere med når mennene arbeidde. Etter nokre dagar fekk eg overtydd Maurice og Coco om at eg kunne plukke tomatar. Dei første dagane gjekk eg saman med ein av dei, som heile tida synte meg og forklarte at når tomaten er så og så stor og så og så raud, skal han plukkast. Enno ei veke fram i tid fekk eg på same måten vere med og stelle tomatplantane. Etter fleire dagar kor eg arbeidde alt det eg klarte for å få aksept, meinte Maurice at eg aleina kunne tynne ut plantane. Dei var ikkje van med at jenter utførte dette arbeidet, og hadde vanskeleg for å tru at eg kunne greie det. Som jente måtte eg slite for å bli tiltruudd arbeidsoppgåver.

Eit anna aspekt er at dei vil skåne meg. Når eg kom trillande med vagna nedlessa med tomatblad for å tømme ho, kom ofte Coco eller Maurice ilande til for å hjelpe meg. Dei ville ikkje vite av at eg sleit tungt sjølv om dei visste at eg greide det. Etter ei veke i tomatplukkinga hadde eg, som dei, kolsvarte nevar. Dette meinte Maurice og heile resten av familien var skandaløst. *"Kva vil gutane seie til dei svarte nevane dine?!"*, spurte Maurice. Det blei eit kriterium for å få fortsette at eg brukte hanskars. Akkurat det same opplevde eg hos Jordans. Eg hadde hjulpe Loulou i hagen og klift rosebuskene. Han kjende seg visst som ein kriminell som hadde latt meg hjelpe til når han såg dei oppraspa hendene mine etterpå. Det hjalp ikkje at eg forsikra om at det ikkje gjorde vondt, eg måtte på med hanskars. Dei har klare ideal for "det kvinnelege", som særskilt gjeld for unge kvinner. Dei skal ha langt hår, pene hender og helst gå i korte skjørt. Dette går lite overeins med dei arbeidsoppgåvene dei ser på som mannlege. Å arbeide i produksjonen gir svarte nevar, ein må gøyme håret under ein hatt og korte bukser er meir praktisk enn skjørt. Idealet om at unge jenter skal vere reine og pene er knytta opp til seksualitet. Det er viktig for ei ung jente å vere attraktiv for det andre kjønn.

Etter å ha kjempa meg til ein plass i mennene sin arbeidsorganisasjon, arbeidde eg hardt for å overtyde dei om eg hadde fortent han. Når eg utførte eit arbeide, blei det alltid påskjønt som om det var noko usedvanleg. Dei leita etter forklaringar på korfor eg arbeidde så godt. Maurice nytta alltid den at det at eg kjem frå gard, gjer at eg har "rette moralen". Han sa ofte at eg arbeidde som ein mann. Med oppvekst på ein gard kor det at eg er jente ikkje hindra meg i å delta i nokre oppgåver, irriterte eg meg over desse mennene som knapt såg meg i stand til å trille i handvagn

med tomatblad. Eg kjente eg måtte forklare dei at alt ikkje avheng av musklar. Ein dag spurte eg derfor Maurice om han kunne nemne ein ting av arbeidet på garden eg ikkje kunne greie om eg berre fekk lære det først. Han var stille lenge, fant ikkje noko svar. Til slut mumla han "*du har rett, det er vi som gjer kvinnfolkarkarbeide.*"

Arbeidet på åkrane og i drivhusa er mannfolkarkarbeide fordi det krev **musklar** og **teknisk kunnskap**. Kvinner kan vere med på plukking då det er mindre teknisk enn det andre utearbeidet. Bortsett frå tomatsorteringsmaskinen, er arbeid med maskinutstyr mannfolkarkarbeide. Det blir grunngjeve med at det er mannfolka som har den tekniske kunnskapen som skal til for å nytte til dømes ein traktor. Jo meir mekanisert bruка er, jo meir mannsdominert er utearbeidet. Mindre bruk med allsidig produksjon er lite mekanisert. Dei drivast vanlegvis at ektepar, kor begge kjønn deltar i utearbeidet, men har forskjellige arbeidsoppgåver. Lopez' og Jordans er gode døme på det. Hos Riviers, som hos mange som driv stort, spesialisert og dermed mekanisert, er det ikkje "plass til" kvinner i utearbeidet i det heile.

Dei tre mennene, Fernand, Loulou og Maurice, ønskjer alle å framstå som menn. Men dei vel ulike strategiar for å framstå slik dei ønskjer ovanfor andre. Fernand får mellom anna stadfesta sin manndom gjennom autoritet. Dei store mustasjane er eit viktig symbol på maskulinitet og autoritet. Utsjånaden og framtoninga gjer at mange er litt redd han, dei har "respekt" for han. For Fernand er det viktig å vere sjefen, særskilt ovanfor kona og dottera. Dei er klare over dette behovet, og gir han den stadfestinga han treng. Også i forhold til framandarbeidarane opptrer Fernand som sjef. Han blir omtalt som "sjefen sjølv" både ute på bruket og inne i huset. Slik vil han ha det.

Maurice og Loulou har koner som har mykje meir autoritet enn dei sjølv, både av utsjånad og framferd. Konene er større og frodigare. Dei er meir frampå og høgrøsta, og blir defor ofte sett på som "sjefen" av andre. For Maurice og Loulou blir det å vere "gentlemen" ein viktig måte å få stadfesta sin manndom på. Til dømes er Maurice med Marie Louise på marknaden for å ta dei tyngste løfta.

Mannfolk, teknikk, tomatar og kjærleik

Felles for mennene er at **dei får stadfesta sin manndom gjennom arbeidet dei utfører**. Arbeidsdelinga, kategorisering av arbeidet dei utøvar som "mannfolkarbeid", er viktig for deira identitet som menn. Dette er ein definisjon alle rundt dei går med på, og er derfor viktig både for korleis dei oppfattar seg sjølv og for korleis dei blir oppfatta av andre. Samsvaret mellom sjølvoppfatting og andre si kategorisering gjer mansidentiteten til ein trygg identitet. Når eg kom og satte spørsmålteikn ved denne kategoriseringa, blei det problematisk for dei å takle. For Maurice var det umogleg at ei "spe jente" kunne utføre "mannfolkarbeid". Min påstand om at eg kunne greie alle arbeidsoppgåvene på garden, gjorde at han "reduserte" sitt eiga arbeid ti "kvinnfolkarbeid". Eg kjente at eg hadde såra hans manndom.

I tillegg til idear om kva som er naturlege mannsoppgåver, har det at mennene på dei tre brukta alle er oppvakse på gard innverknad på den arbeidsdelinga. Dei har lært å dyrke jorda frå dei var små, då dei alle har vore bestemt til å overta foreldra sine bruk. Ingen av konene har gardsbakgrunn. Sjølv om gardsbruken går i arv til alle ungane, sonar og døtre, i fellesskap, er det oftast gutar som overtar. Kvinnene rekrutterast inn i jordbruket gjennom ekteskap. Det kan vere ein viktig del av forklaringa på at det arbeidet som krev spesifikk kunnskap om produksjonsteknikk er forbeholdt mennene. Mennene representerer tradisjonen, det er dei som er "født bønder".

HARDT ARBEID, KUNNSKAP OG KJÆRLEIK

Eg skal her vise at **bondeidentiteten**, knytta til kunnskap om, og kjærleik til arbeidet og produkta, er ein viktig faktor for å forklare dei tradisjonelle bøndene si tilpassing. Med tradisjonelle bønder meiner eg bønder på små familiebruk med allsidig produksjon, her Maurice og Loulou. Kvaliteten på produkta er deira viktigaste middel for å overleve som bønder. Verdiane dei tillegg det å vere bonde gjer den slitsame kvardagen meiningsfull. Her går det eit klart skilje mellom dei tradisjonelle bøndene Maurice og Loulou og den spesialiserte gardbrukaren Fernand.

Det å drive eit gardsbruk er hardt arbeid, både psykisk og fysisk. Inntektene er usikre, det er risiko involvert på alle hald. Avlinga til Riviers fraus eit år og Lopez får i år berre halve prisen frå i fjor på tomatane sine. Slike forhold gjer drifta usikker, noko som er psykisk tøft for brukarane. Alle

dei tre mennene har slitasjeskader pga fysisk tungt arbeide. I vinterhalvåret produserer Maurice og Loulou mest salatar, som er utruleg tungt å plukke då ein må stå bøyd heile tida. Fernand sitt mykje på traktoren med kroppen vridd for å følge med sprøyta bak, ei arbeidsstilling som slit på ryggen. Hos alle er det mange tunge løft, og tidspress gjer at dei ofte løftar tyngre enn dei hadde trengt. Dei har alle ganske einsidige arbeidsstillingar, og därlege ryggar som eit resultat av det. Verst er nok likevel mengden arbeid og mangelen på søvn. Arbeidsdagane om sommaren varar opptil 15 timer for Maurice, om vinteren rundt 12. Han får sjeldan meir enn 5 timer søvn i døgnet, og balanserer heile tida på kanten av kva han reint fysisk greier. Loulou seier han "*ikkje arbeider lenger*", han har trappa kraftig ned produksjonen og dermed eiga arbeid. Å "*ikkje arbeide*" viste seg å vere arbeidsdagar på 9-10 timer. Men han "*veit kva det vil seie å arbeide 20 timer i døgnet*", og sikter til arbeidet før då bruket var større. Fernand arbeider omlag 10 timer i døgnet vinterstid, om sommaren seier han det hender han held på til klokka 2 om morgonen for så å starte opp att klokka 7. "*På 1960-, 70- og 80-talet var det greiare*", seier han, "*då arbeidde vi mykje, men tente i alle fall nok til å livfø oss*". Det gjer det tyngre å arbeide så hardt når det ikkje ein gong betaler seg. Dei arbeider alle kvar dag i veka, og har sjeldan ferie. Når det gjeld Loulou og Maurice, er dei rett og slett for slitne til å tenke på ferie.

Medan Fernand snakkar om det at han arbeider så hardt som noko meiningslaust, snakka i starten aldri Maurice og Loulou om at dei arbeidde for mykje. Dei klaga av og til over at dei var slitne og ikkje fekk nok søvn. Men Maurice blei litt overaska då eg fortalte at far min, etter å ha besøkt dei, meinte dei arbeidde mykje. Han tenkte lenge over det, som om det aldri hadde slått han før. Han sa: "*Han har rett far din, vi arbeider mykje. Men vi kan ikkje anna gjere.*" For Maurice og Loulou var hardt arbeid noko sjølvsagt, slik hadde det alltid vært. Når eg nytta far min som "katalysator" for å få fram det eg meinte var problemet deira, starta det ein prosess. Maurice byrja problematiserer det at han arbeidde så mykje, med utgangspunkt i at ikkje alle bønder har det sånn¹¹. Han grubla på det og brakte det ofte på bane over familiemåltida. Når eg kom attende eit

¹¹ Her vil eg påpeike at både far min og eg er vant med frå Noreg at bøndene slit, men ikkje så hardt som det desse bøndene gjer.

Mannfolk, teknikk, tomatar og kjærleik

år etter, hadde dei gått over til å dra på grossistmarknaden tre dagar i veke i staden for fem. Maurice fortalte han kjente seg som ein ny mann.

I tillegg til hardt arbeid, krev det å vere ein god åkerprodusent mykje kunnskap, evne til å forutsjå, tolmod, evne til organisering og til å ta raske avgjerder. Det har Maurice, Loulou og Fernand. Dei har alltid vore gardbrukarar, det å dyrke jorda er det dei kan. Alle tre seier dei ikkje sjølv har valt å bli gardbrukarar, det var avgjort av familiene deira frå dei var smågutar. For dei har det aldri eksistert noko anna. Som unge nyttar dei all fritid på å arbeide saman med foreldra på bruket deira. Som vaksne nyttar dei nestan all si tid på å arbeide på eigne bruk. Gardbrukarane veit at dei kan sine ting. Det kjem tydeleg fram når Maurice arbeider saman med Coco, eller Loulou saman med Patricia. Det er dei som er ekspertisen.

Mennene utfører sitt arbeide med omhu. Når Maurice steller sine tomatplantar eller Loulou klipper buskene i hagen sin, gjerast det med presisjon. Kvar tomatplante som bindast opp og kvar grein på mimosabuska som sagast av, er resultat av nøye avvegingar. Her skjer ingenting tilfeldig. Kunnskapen dei nyttar i dette arbeidet har dei dels opparbeidd seg gjennom mange års erfaring, dels fått i arv frå foreldra sine. Overføring av kunnskap har skjedd munnleg og gjennom praksis. I samtale med besteforeldre, foreldre og andre bønder, og gjennom prøving og feiling, har dei opparbeida seg kunnskap om jordsmonn, ulike plantetypar, om kva som er rett å dyrke til kva tid, om plantesjukdomar, sprøytemiddel og så bortetter. Dei legg mykje prestisje i det å vere gode gardbrukarar. Det vil seie å produsere dei beste tomatane, unngå sjukdom på plantane og få til gode avlingar. På denne måten får dei stadfesta at arbeidet dei gjer er verdifullt. At dei kan noko, og kan det godt. Og at dei er uunnverlege på eiga bruk. For Maurice og Loulou er det vanskeleg å sleppe fri for å dra bort nokre dagar, då dei ikkje med lett hjarte tør overlate ansvaret for arbeidet deira til nokon andre.

Kvaliteten på produkta er det viktigaste provet på at gardbrukarane er dyktige. Maurice og Lolo er utruleg stolte over det dei produserer. Maurice fortel stolt at dei har oppnådd kvalitetsstemplet "superieur" på tomatane sine kvart år. Familien Lopez et sjølv tomatsalat til kvart varme måltid heile sommarhalvåret, og Maurice gjer alltid eit poeng av at tomatane skal vere akkurat passe

modne. Er dei ikkje det, et han dei ikkje. Er dei det, er han kjempenøgd - og gir høglydt uttrykk for det. Maurice meiner han kjenner att eigne tomatar frå andre. Når eg jobba hos dei åt eg ofte tomatar rett frå plantane. Ingenting gjorde Maurice meir glad enn å sjå meg smilande med ein tomat i munnen. Dette gjorde han eit stort poeng av, fortalte det til folk som var innom og sa "*ummm, tomatkyss!*" når vi kyssa kinn om morgonen. Eg skjønte at **det er det, stoltheita over å ha dei beste tomatane, over å glede andre med dei, som er hans viktigaste motivasjon til arbeidet.** Det er gjennom tomatane og dei andre varene sine Maurice og Loulou får, og ønskjer å få, størst anerkjenning. Når Maurice og Loulou arbeider så hardt som dei gjer, er viten om at det dei gjer er bra den viktigaste motivasjonen. Dei har eit kjærleg forhold til tomatane sine, og dermed til arbeidet sitt.

For å forstå denne kjærleiken og stoltheita over tomatar og eigne produkt, må ein forstå den sentrale plassen mat og drikke har for desse menneska. Ein må forstå det Okely (1994 :59) kallar "*the full drama of production, preparation and consumption of food*". I ein studie frå landsbygda i Normandie skildrar Okely "la Grande Bouffe" - dei velkjende franske måltida kor både kvaliteten og kvantiteten av mat er imponerande. Ho viser at produksjon, tillaging og konsum av mat og drikke like mykje er ein symbolsk som ein funksjonell del av folk sine liv. Det er det også for desse bondehushalda.

Men her er det forskjell mellom Loulou og Maurice som gardbrukarar med allsidig produksjon på eine sida og Fernand som spesialisert gardbrukar på andre sida. Medan Loulou og Maurice stadig snakkar om tomatane og dei andre produkta sine med stolt mine, har eg aldri hørt Fernand snakke om epla eller pærane sine. Når Fernand gjer det han kan for å halde topp kvalitet på produkta sine, er det meir for å få god pris for dei enn fordi det gjer han glad å sjå eit flott eple. Arbeidet Fernand utfører har ein heilt annan karakter enn arbeidet til dei to andre, som trass mange forskjellar har mange likdomstrekk. Medan Maurice og Loulou arbeider i nær kontakt med plantane og grønsakene sine og har god oversikt over kvar kvadratmeter med dyrka jord, ser Fernand epla og pærane sine mest frå traktoren på svære enger. Fernand har eit mykje meir einsformig arbeide, han produserer kun to produkt, som ikkje varierer med årstidene.

Mannfolk, teknikk, tomatar og kjærleik

Fernand har ikkje eit kjærleg forhold til arbeidet sitt. Tvert imot ser han på det som ei byrde han helst hadde vært kvitt. Han identifiserer seg ikkje i same grad som dei andre to med den kunnskapen han har som er knytta til gardsdrifta. Fernand kan mykje om maskinar, ferdigheitar han kunne dratt nytte av i andre yrke. Han fortel at han har tenkt på moglegheten av å skaffe seg annan jobb. Men då ein ikkje får selt eit gardsbruk som deira til ein akseptabel pris, satsar han på å halde det gåande til han blir pensjonert. Pensjonsdagen ser han fram til. Medan det å vere bonde i seg sjølv er ein viktig verdi som gjer arbeidet meiningsfullt for Maurice og Loulou, har ikkje gardsdrifta anna verdi for Fernand enn det ho gjev av avkasting i form av inntekt. Når ikkje inntekta er til stades, finn han arbeidet sitt lite meiningsfullt.

TRADISJON OG ENDRING

Mennene på dei to allsidige bruka er svært tradisjonsbundne. Samstundes blir det frå ulike hald stilt krav om modernisering og omstilling av gardsdrifta. Dette fører til dilemma for dei. Å ta opp i drifta nye ting er ofte å gi avkall på noko av det gamle, som er viktige delar av deira bondeidentitet. Endring av vilkåra i kvardagslivet gjer at tradisjonell kunnskap mister sin verdi, og det å vere "ekte gardbrukar" skiftar innhald.

Jordans har fleire gonger måttet legge om drifta som følgje av stadige endra rammevilkår¹². Det politiske kravet om effektivisering, det vil seie spesialisering, kom sterkt på 70-talet. Loulou ønska å drive "teknisk", og insisterte på at dei skulle spesialisere produksjonen. Kona ønska ikkje denne spesialiseringa, men gjekk til slutt med på å spesialisere seg på persille. For Loulou var det eit vanvittig forslag. Heile sitt liv hadde han dyrka tomatar, for han var det sjølvsagt at det var det dei skulle leve av. "*Ein kan ikkje leve av persille!*", sa han. Renée argumenterte med at dei begge hadde problem med helsa og persilleproduksjon ville bli lettare for dei. Ho hadde dessutan rekna ut at det ville løne seg. Loulou måtte gi seg, men Renée fortel at det var tøft for han. Å vere persilleprodusent var ikkje for Loulou å vere ein "ekte gardbrukar".

¹² Sjå appendix 2.

Om mogleg enno tøffare var det for Loulou når kooperativet bukka under i 1983, og dei måtte gå attende til allsidig produksjon. Med produksjon av mange ulike grønsaker med lite kquantum av kvart, kjente Loulou seg satt attende. Han ønska eit bruk i utvikling, som for han vil seie teknisk utvikling av produksjonen. No må dei ha fleire sortar, som ikkje ein gong går godt saman, i same drivhus. Etter at dei gjekk attende til allsidig produksjon snakkar Loulou om bruket meir som ein hobby. Han får ikkje nytta den produksjonstekniske ekspertisa han har. Han vil ikkje ta imot landbrukslevar fordi han meiner produksjonen på garden ikkje er interessant. Loulou snakkar ofte om korleis det var før, då dei hadde mykje meir dyrka jord og dreiv "teknisk". Han vil identifiserast med gardsdrifta si som ho var før.

Sjølv om Loulou ønskjer å vere ein "ekte gardbrukar" med "tekniske produksjon", er han skeptisk til nye innslag i gardsdrifta. Han likar ikkje at "gamlemåten" å gjere ting på forsvinn, og han er redd for å ta i bruk nye måtar. For Loulou er det viktig å vere trygg i sitt virke, at han veit han rår med det han gjer. Å innføre turisme og direktesalet var han sterkt imot. Han ville leve i ro og fred. Renée derimot, er opptatt av fornying. "Moderne" er for Renée eit ord med positiv klang, for Loulou er det eit skrekkord. Han nektar å nytte den elektroniske vekta i salet, om kona masar aldri så mykje om at det går mykje fortare på den måten. Loulou er redd for å gjere feil, for ikkje å få det til. Og han skjørnar ikkje kva som er galt i å rekne på papiret, på den måten får han i det minste trenna hovudet litt! Når Renée snakkar om at ho vil til Noreg på ferie, ristar Loulou på hovudet. Han er livredd for å ta fly. Han skjørnar ikkje at det ikkje kan vere godt nok å køyre seg ein ferietur med campingbilen. Helst hadde han blitt heime, her er alt trygt og han kan slappe av. "*Har vi det ikkje bra her?*", spør han.

Også Maurice motset seg nye ting. For å nytte ferie som døme også hos familien Lopez, så vil Marie Louise gjerne reise vekk av og til. Men Maurice finn alltid på orsakingar for å bli heime. Han seier han meir enn gjerne vil dra både hit og dit, men at han vanskeleg kan sleppe frå. Det er berre halve sanninga, det veit både han og kona. Hadde han verkeleg hatt lyst, hadde dei nok greid å funne ei løysing for å ta eit par dagar fri saman. Maurice er også redd for å fly, og prøver å unngå nye ting. Loulou og Maurice har kosa seg like mykje som konene dei få gongane dei har vore på ferie saman, men Renée og Marie Louise slit fælt for å få dei med.

Mannfolk, teknikk, tomatar og kjærleik

Identitetsforvaltning er krevande når omstendene endrar seg raskt (Rudie 1984). På grunn av alle omveltingane opplever Loulou at den kunnskapen og dei ferdighetene han innehavar og identifiserer seg med har mista sin verdi. Det reduserer hans sjølvbilete. I tillegg inneber det å vere ein "ekte gardbrukar" i hans auge større og meir teknisk produksjon. Loulou ser seg derfor ikkje lenger som ein "ekte gardbrukar", men ein snart pensjonert gamal mann. Når han og Maurice begge har skugga unna nye element i gardsdrifta, og definert nye arbeidsoppgåver som har fulgt av endringane ut av sine ansvarsområde, er det også eit forsvar av deira bondeidentitet. Ein identitet som også deira andre identitetar, som menn, ektefeller, fedre osb, avheng av. Fernand derimot, har ikkje ein bondeidentitet knytt til den same tradisjonelle kunnskapen og dei same verdiane. For han representerer ikkje nye ting ein trussel, han vil gjerne vere moderne. Endringar og nye oppgåver har vore kjærkome for Fernand.

DEI TRADISJONELLE OG DEN MODERNE GARDBRUKAREN

Som eg har påpeika, er det store forskjellar mellom dei tradisjonelle gardbrukarane Maurice og Loulou på eine sida, og den spesialiserte gardbrukaren Fernand på andre sida. Dei har ulike arbeidsoppgåver og ulik kjenslemessig tilknytting til sitt arbeid. Deira oppfatning av "det gode liv" er ulik. Dette påvirkar dei strategiar dei vel for å overleve.

Maurice og Loulou arbeider motivert av stoltheit over produkta sine og kjærleik til sitt virke. Dei har ikkje klare skiljer mellom arbeidsliv og anna liv, det å vere bonde styrer mykje dei andre rollene deira. Til dømes er dei ektemenn og fedre gjennom sitt virke på bruket. Dei er *gode* ektemenn og fedre gjennom å produsere gode tomatar. Fritid er eit ord dei ikkje nyttar. I den grad dei ønskjer meir tid fri, meiner dei tid til å sove meir, eller til å gjere andre ting på bruket. Tradisjonar er viktige for dei. Dei ønskjer å bli sett på som bønder, og identifiserer seg med andre bønder. Både Maurice og Loulou synes det er leit at dei har så få andre bønder rundt seg. Deira verdsettingar er knytta til gardsdrifta. For dei dreier det gode liv seg om å leve eit roleg liv i trygge omgjevnader, drive garden saman med familien, nytte sine ferdigheter til å produsere gode produkt og bli anerkjent for det.

Fernand har ikkje denne kjærleiken til sitt arbeide. Han produserer eple og pærer, eit val gjort av økonomiske omsyn. Sjølv om det å drive gard også for han er blitt ein livsstil, identifiserer han seg ikkje med arbeidet sitt på same måte som dei to andre. Han identifiserer seg heller ikkje sterkare med andre gardbrukarar enn med vener i andre yrke. Fernand ønskjer eit liv også utanfor gardsdrifta, han vil "*leve som andre folk*". Med det meiner han å ha eit arbeid som gir sikker inntekt og fritid. Desse verdiane kan han ikkje realisere i gardsdrifta.

Desse ulike verdsettingane gir ulike strategiar for å greie seg. Fernand er politisk engasjert og sitt i kommunestyret. Han går aktivt inn i diskusjonar når han er usamd med nokon. Vener søker han utanfor jordbruket. Han "*treng impulsar utanfrå*". Fernand er med i ein organisasjon for fruktprodusentar. Det ser han på som eit reint funksjonelt samarbeid for å kunne kontrollere produksjon og prisar for komande sesongar. Maurice og Loulou derimot, plasserer alle sine aktiva i gardsdrifta. Dei har meir enn utfordringar nok i det daglege arbeidet på garden. Den omgang dei har med andre, både for arbeid og hygge, avgrensar seg til familie og nokre andre småbrukarar. Dei trivest best saman med sine "*likesinna*". I staden for å organisere seg, vel dei individuelle strategiar i samråd med hushaldet. Maurice og Loulou søker å **verne om sitt**, medan Fernand prøver å **forandre**.

Mannfolk, teknikk, tomatar og kjærleik

KAPITTEL 6 KVINNFOLK, NETTVERK, ENERGI OG FANATASI

"Il faut des bras!"¹³

(M.Salmona)

ENERGI OG PÅGANGSMOT

"Når eit kvinnfolk gifter seg med ein bonde, gifter ho seg til hardt arbeid", seier Maurice; "Ho må vere førebudd på ein annan livsstil." Eg vil her ta for meg arbeidsoppgåvene og arbeidslaga Marie Louise, Renée og Annie inngår i. Det å ha "god arbeidsånd", vilje og evne til å arbeide, viser seg å vere naudsynt for ei gardskvinne.

Kvinnene sine arbeidsoppgåver er meir ulike enn mennene sine, men det fins likevel fellestrekke. Det er kvinnene som fører rekneskapen på alle dei tre brukta. Dette er eit mykje meir omfattande arbeide for Annie Riviere enn for dei andre to. Annie fører i tillegg rekneskap for andre, og underviser andre gardskvinner i rekneskapsføring. Marie Louise Lopez og Renée Jordan har ansvaret for salet av produkta deira, på marknaden og i direktesalet. Det er dei som arrangerer varene og tar seg av marknadsføringa. Annie medverkar også i omsettinga av produkta deira, men då dei sel alt til ein eksportør er dette arbeidet kontorarbeid hos dei. Marie Louise har meir med sjølve produkta å gjere, ho sorterer og vaskar dei. Tomatsortering tar mykje av dagen hennar. For Renée tar turistverksemda stadig opp meir tid. Det er ho som har hovudansvaret for både campingplassen og "gîtene", sjølv om ho får mykje hjelp av mannen. Husarbeid opptar lite av tida for Marie Louise, som har ei arbeidslaus dotter heime. Det er Magali som gjer mest alt husarbeidet. Men Marie Louise deltar i planlegga av matstellet, og lagar maten når Magali er borte. Renée og Annie har begge hushjelper som tar seg av reinhaldet av husa. Dei tar sjølv seg av matlaging og klesvask. Matlaginga tar mykje tid, då dei har varme måltid med fleire rettar to gonger om dagen.

¹³ "Det må bryst til!"

Kvinnfolk, nettverk, energi og fantasi

Også kvinnene inngår i ulike arbeidslag for dei ulike oppgåvene dei utfører. I salet arbeider Renée saman med mannen og svigerdottera Sophie. Turismen og planlegginga av bruket gjer ho saman med mannen. Grønsakanretninga er det ho og Sophie som står for saman. Ellers trekk ho inn andre for særskilte arbeidsoppgåver, som Maggie og Michel som pussar opp eine "gîten". Kvinnegruppa, som eg kjem attende til, har vore eit viktig arbeidslag for utviklinga av nye prosjekt. For Marie Louise er også mannen den viktigaste samarbeidspartnaren. Det er dei to som styrer bruket, planlegg og tar avgjerder saman. Dei drar saman på marknaden kvar morgen, og har mange små gjermål i løpet av dagen som dei utfører i fellesskap. På detaljistmarknaden har ho ei veninne og ei søster som arbeider saman med ho, og etterkvart også Magali. Her utgjer desse eit arbeidslag, med Marie Louise som sjefen. For visse arbeidsoppgåver i huset utgjer ho og dottera eit arbeidslag. Marie Louise har og nytte av kvinnegruppa ho er med i når ho utarbeider nye prosjekt. Annie arbeider meir aleine enn dei andre to. Avgjerder blir tatt av ho, mannen og svogerden. Annie er ikkje formelt medlem av GAEC'en, men snakkar sjølv om han som ei samarbeidsgruppe som omfattar dei tre. Med rekneskapen og i huset arbeider ho stort sett på eigen hand, av og til med hjelp av dottera til det siste. Ho har som Marie Louise og Renée oppgåver også utanfor bruket, som styremedlem i ei kvinnegruppe og i landbruksbanken.

Arbeidsdagen for kvinnene er omlag like lang som for mennene. Marie Louise arbeider enkelte dagar meir enn dei 15 timane Maurice er i arbeid, då ho har organisasjonsarbeidet i tillegg til arbeidet på garden. Ho klagar aldri over alt arbeidet ho har. Ho er frå ein søskenrik arbeidarfamily i Marseille og er vant til å slite. Det at ho ikkje er trøtt enno så lite ho sov, er noko ho er viden kjent for. Og ganske stolt av. Særskilt når det er selskapelege tilstelningar, at dei er bede på middag eller har middagsgjester, blir dette trekt fram. Medan Maurice gjespar og tenkjer på at han må opp om få timer, er Marie Louise den siste som vil ta kveld. Ho skjenker i glasa, fortel vitsar og legg vekt på at ho går ikkje av vegen for å more seg, sjølv om ho arbeider hardt. Hardt arbeide er eit ideal i hennar omgjevnader. Det å vere, og bli sett på av andre som hardt arbeidande, er viktig for identitetsforvaltinga til Marie Louise. Ho ønskjer å bli sett på som ei dame full av liv, og greier det med glans.

Renée og Annie styrer meir dagane sine sjølv. Dei har mindre rutinearbeid som må gjerast til bestemte tider. Bortsett frå matlaginga, direktesalet for Renée og det Annie arbeider utanom GAEC'en. Mykje av tida deira går med på kontoret. Sjølv om det er ting som må vere ferdig til satte fristar, er dette arbeid dei for det meste kan gjere når det høver. Renée greier imidlertid å organisere dagane sine sånn at ho alltid har meir enn fullt opp å gjere, og må springe frå den eine arbeidsoppgåva til den andre. Det å drive turisme er i seg sjølv eit stressande arbeid, med mykje mas. Renée er sliten, og innrømmer det sjølv. Ho har tvinga igjennom endring av gardsdrifta som har gjort arbeidet lettare fysisk. Og ho har tvinga igjennom feriar for seg og Loulou, noko dei før ikkje tok seg tid og råd til. Siste veka eg var der dro dei nokre dagar på ski, og ho kom attende struttande av energi. Den energien skulle ho få god bruk for. Dei var ikkje før kome inn døra før ho måtte avgarde for å sjå til den gamle dama ho er formyndar for, som var alvorleg sjuk. Arbeidsoppgåvene sto i kø og venta på ho. No som Loulou har nådd pensjonsalderen, trappar dei stadig ned drifta. Men dei er usamde om korleis dei skal ha det framover. Medan Loulou ønskjer å nytte høvet til å arbeide i eit rolegare tempo, vil Renée halde same fart som før og heller ha meir tid fri sånn at dei kan reise bort. Ungane, mannen og andre som kjenner Renée er uroa for at ho skal kollapse ein dag, sånn som ho stressar. Sjølv seier ho at "*den dagen eg sluttar å arbeide, døyr eg!*" Ho er livredd for å døy i ein lenestol. Igjen blir idealet om å vere arbeidssam understreka, vi ser kor viktig det er for Renée si sjølvoppfatning.

Annie har lettare for å ta seg fri. Ho tar bilen og drar på kino, til byen for å handle eller til ei veninne rett som det er. Før, då dei hadde den funksjonshemma sonen heime, hadde ho det tøffare. Annie har dreve ein hard kamp for å få hjelp til å ta seg av Benoin. "*Det lærte meg at ein må kjempe seg fram her i livet*", seier ho. Ho seier ho hentar fram meir energi når ho møter motgang. Dette er eit trekk hos alle dei tre kvinnene. Dei nektar å gi opp. I vanskelege tider mobiliserere dei alt dei har av energi. Og det er ikkje lite.

KREATIVITET OG NYTENKNING

Ein agronom som arbeider for landbrukskontoret i Var hevdar at det er kvinnfolka på gardsbruka som kjem med dei nye idéane. Det forklarer han med at kvinnene kjem utanfrå, med nye impulsar. Mennene derimot tenkjer for teknisk. Renée, som har jobba mykje med dette spørsmålet i ulike

Kvinnfolk, nettverk, energi og fantasi

organisasjonar, seier det same: "*Mannfolka på gardsbruka kan ikkje kome på nye ting eller lære noko nytt, då dei meiner at dei allereie kan alt.*" Kvinnene, som kjem utanfrå, er ikkje bunde opp av tradisjonane i jordbruket på same måten som mennene deira, som er oppvakse på gard. Dei tenkjer meir forretningsmessig. Renée meiner at "*riktignok skal ein vere glad i arbeidet sitt (ho tenkjer på mannen sin), men ein skal leve av det og!*"

Renée er sjølv eit oppkome av idéar, ho har alltid minst eit nytt prosjekt i hovudet. Og får som regel sett dei ut i livet. Eg har allereie nemnt korleis ho fekk starta opp turisme på garden og direktesalet. Ho har vunne ein pris på den franske landbruksmessa for ideen om grønsakanretninga. Prosjekta er av ulik art og storleik. Renée pratar like varmt om idéane sine om det er å få laga ei t-skjorte og jakkemerke med teikning av garden på, eller det å få seg ei ku på garden. Det siste er kanskje det einaste prosjektet ho aldri vil få gjennomført. Her nektar Loulou, det er nemleg han som ville få alt arbeidet med ei ku, og det kan ikkje Renée nekte for. Renée seier ho har idéar nok, men er redd for meir arbeid.

Marie Louise har mindre tid til å arbeide med nye prosjekt. Ho har likevel nokre på gang; Dei har starta med "open gard" og har inne søknad om støtte til å starte gardsherberge. "Open gard" går ut på at dei tar imot skuleklassar på garden ein dag i året, for at ungane skal få sett korleis maten deira blir til. Å drive gardsherberge vil seie å ta imot turistar til kost og losji. I tillegg er Marie Louise stadig med på prosjekt organisasjonane ho er med i arrangerer, som til dømes å presentere jordbruksprodukt på ulike messer.

Kvinnfolka har god nose for sal. Medan mennene er opptekne av god kvalitet, seier Marie Louise at det nyttar ikkje med flotte produkt, så lenge det ikkje er det folk vil ha. Dei ser at det er andre ting som spelar inn på salet enn berre kvaliteten. Marie Louise sin opptreden på marknaden er eit godt døme på det; Ho flirtar med kundane, ropar og hoiar. Renée seier om kva som trekk kundar til utsalet deira; "*Vi sel produkta våre, hagen vår, familien vår, dialekta vår...alt!*"

Sjølv om Renée og Marie Louise stressar dette med at arbeidet deira skal gi avkastning, og av og til er oppgitte over ektemennene sine "*som er så gamaldagse*", drivast også dei av kjærleik til sitt

virke. Dei er gode seljarar fordi dei er stolte over det dei har å by fram. Dei finn stadig på nye arbeidsoppgåver fordi dei er glade i å arbeide.

Dei tre kvinnene er rekruttert til landbruket gjennom ekteskap. Marie Louise og Renée kjem frå store byar, Annie frå ein stor landsby. Dei er vant til å inngå i andre felt enn hushaldet og garden, og har forsatt med det etter at dei blei bønder. Kvinnene opererer mykje ute, på marknadene og i ulike organisasjonar. Dei har større statusrepertoar enn sine ektemenn; I tillegg til å vere gardbrukarar og familiemedlemmer er dei mellom anna seljarar, vertinner for turistar og organisasjonsmedlemmer. Mangfaldet av statusar påvirkar deira rolleutforming som gardbrukarar. Dei har trekt inn sider ved dei andre felta dei inngår i til hushaldet og gardsdrifta, og er såleis blitt **innovatørar** på gardsbruka. I organisasjonane har dei lært seg å føre rekneskap, dei har lært kostnadsbereking, engelsk, korleis ein skal drive turisme, planlegging av arbeid og fritid og meire til. I forhold til ektemennene sine har dei gjennom desse kanalane skapt seg eit "monopol" på kunnskap om nye oppgåver og nye felt. Gjennom kvinnfolka sitt innovatør-arbeid greier gardane å ta opp i seg økonomisk innovasjon.

KOORDINERING OG FLEKSIBILITET

Mennene har sine klart avgrensa ansvarsområde. Kvinnene sitt ansvarsområde blir då lett å definere; Resten. Det er kvinnene som held trådane saman mellom næringutøving, det sosiale liv og miljøet rundt (jamfør Gerrard 1988 i Fyhn 1991). **Kvinnene tar totalansvar.**

Så travle som dagane på gardsbruka er, krev det mykje koordinering å få alt til å falle på plass. I tillegg til faste arbeidsoppgåver kjem uforutsette ting. Nokon kan bli sjuk, bilen kan streike, dei kan få ekstra store ordrar eller ungane kan trenge dei til noko. Oppgåver utover dei faste, er det ofte kvinnene som tar seg av. Går bilen sund, er det mannen som reparerer han, men det er kona som innordnar seg på anna vis ved at ei veninne kjem og køyrer ho til marknaden. Er mannen sjuk, ordnar kona med at andre stepper inn i den grad det er mogleg. Når ho sjølv er sjuk er det også ho som finn løysningar på det. Er ungane sjuke, tilpassar kvinnene dagen sin deretter.

Kvinnfolk, nettverk, energi og fantasi

Eg lar Marie Louise Lopez fungere som døme. Magali, dattera, har denne våren fått operert begge føtene. For kvar operasjon måtte ho ligge vel ei veke på sjukehus, og gå over ein månad på krykkjer. Ho har ikkje søkt arbeid dette året pga av desse operasjonane. Mora insisterte på at Magali måtte få utført operasjonane før den mest arbeidsintensive sesongen hennar sette inn. Marie Louise har jamvel planlagt møteverksemda si ut frå dottera sine operasjonar. Sonen Jacques blir køyrd til og frå skulen, då Marie Louise meiner han måtte stå alt for tidleg opp skulle han ta skulebussen. Ho har hårfint tilpassa tidene med når ho kjem attende frå marknaden med når Jacques må avgarde. Og når Jacques ringer ein dag og seier at han er invitert i ein bursdag eller skal på ridestevne same ettermiddag, er det Marie Louise eller Magali som må finne tid til å bringe og hente han. Kvar dag krev slike innrettingar, som Marie Louise tar seg av på ein imponerande måte. Ho får vite at bilen til Magali må hentast på verkstaden i landsbyen, og svarer fortare enn andre rekk å tenkje; *"Eg køyrer deg (Magali) dit på tur til Florence, kor eg skal levere nokre kassar tomat i ettermiddag. Så køyrer du innom Roselyne og hentar Jacques, og tar han med til ridekulen. Eg skal på eit møte i kveld, og plukkar Jacques opp når eg kjem attende."*

Liknande historier kunne eg fortelje frå dei to andre familiene. Renée skal selje huset for den gamle dama ho er formyndar for, og prøver å få gjort det før turistsesongen sett inn. Blir ho borte ein dag, lagar ho mat til to dagar dagen før. Annie må tilpasse sine gjeremål etter måltida for Fernand sin del, og etter kva tid dei har Benoin heime. Ho hadde før full jobb på eit rekneskapskontor, men måtte slutte då det ikkje lot seg samkøyre med hennar andre arbeidsoppgåver. No har ho funne deltsarbeid utanom bruket, som ho nøye har passa inn i resten av familien sin timeplan.

Statusen som bonde og hushaldskoordinator styrer kva andre statusar kvinnene kan ha. Dei er avhengige av å kunne tilpasse seg hushaldet sine behov. **Kvinnene representerer den fleksible delen av hushaldet.**

KVINNEGRUPPENE

Kvinnene er, i motsetnad til mennene, aktive organisasjonsmedlemmer. Dei har skapt eigne nettverk, kor dei får stadfesta sin gardbrukaridentitet, finn fellesskap og får hjelp til utvikling av eigne bruk.

Marie Louise, Renée og Annie er alle aktive i ulike landbruksorganisasjonar. Annie sitt i styret i landbruksbanken si lokalavdeling, Renée sitt i styret i landbruksassuransen i sitt fylke og dei har alle vore med i la Federation des Groupes d'Etude et Developpement Agricole, ein organisasjon for studie og utvikling innan landbruket, på fylkes-, regionalt- og nasjonalt nivå. Marie Louise sitt framleis i regions- og landsstyret.

I tillegg er dei alle med i kvinnegrupper, som eg vil seie litt meir om. Kvinnegruppene, "la Section Feminin Agricole", er kvinner på gardsbruk som har gått saman i ein organisasjon for å jobbe for betra vilkår for jordbruksfamiliane. Dei ønskjer å syne verda at det er verdifullt å bu på landet og å dyrke jorda, og dei ønskjer å skape nye moglegheiter for gardsbruka. Gruppene arbeider med utvikling av personar og bruk. Dei driv både praktisk og intellektuell skolering av kvinner, dei rår over ein del av midlene frå det offentlege til næringa, dei driv eigne prosjekt og hjelp til med igangsetting av andre. Ikkje minst er desse gruppene eit fora kor gardskvinner møtast, diskuterer og har moro saman. Dei arrangerer ofte festar og turar til andre jordbruksregionar. Det er over 600 slike grupper i Frankrike.

Eg fekk vere med på eit par møte i kvinnegruppa i Bouches-du-Rhône. Dei fleste kvinnene i gruppa er mellom 40 og 60 år. På møtene er dei alle pent kledd og sminka, men hendene røper at det er damer i hardt arbeid vi har med å gjere. Det er ei lystig forsamling av snakkesalige, høgrøsta kvinnfolk. Møta blir leia av ei kvinne som arbeider på landbrukskontoret. Dei har mange ting på dagsorden; Open gard-prosjektet, satsing på gardsturisme, budsjettahandsaming, pengar som må fordelast før skatteoppgeret, lage prioriteringsliste over prosjekt dei vil støtte økonomisk, engelsk-kurs, helgetur til Bretagne for å sjå på jordbruket der osb.

Kvinnfolk, nettverk, energi og fantasi

Eg meiner boka gruppa Renée er med i har laga gir eit godt bilet av kva desse gruppene styrer med. Dei er 15 kvinner som har danna ei gruppe dei kallar "des amis du livre" (bok-venene), og laga ei bok dei har kalla "Promenade gourmande en terre varoise. Des agricultrices racontent leur terre, leur métier, leurs secrets culinaires..." (Ei gourmetisk vandring på varsk jord. Jordbrukskvinner fortel om jorda si, arbeidet sitt og sine kulinariske løyndomar...) Boka inneheld oppskrifter frå regionen, informasjon om gardsdrifta og produkta, og mange vakre bilete. "*Målet for desse kvinnene er å forsvare jorda si og røttene sine gjennom kjennskap til det provencalske kjøkkenet*", skriv dei. Vidare; "*Produkta frå ein region, er dei ikkje betre når ein har sett den kjærleiken og lidenskapen dei er produsert med?*"¹⁴ Gardskvinnene seier dei er opptekne av "*kommunikasjon mellom den rurale og den urbane verda*", dei ønskjer å gjere avstanden mellom dei som bur i byen og dei som bur på landet og driv jorda mindre. Med det meiner dei å informere byfolk betre om kva dei sjølv driv med. Boka er eit av midla for å få til det. Boka er eit godt dørme på korleis gardskvinnene gjennom kvinnegruppene presenterer seg for omverda, som ivaretakrar av verdiar knytta til gode jordbruksprodukt, god og sunn mat, landskapsbiletet med til dømes vakre eplehagar og "det gode livet på landet".

I arbeidet med boka har kvinnene fått nytta dei profesjonane dei hadde, eller drøymde om å få, før dei gifta seg inn i jordbruket. Ei som var fransklærar har hatt ansvaret for det språklege. Ei anna som dreiv med teikning og forming har hatt det kunstnarlege ansvaret, ei som var rekneskapsførar har vært budsjettansvarleg osb. På denne måten har dei alle fått realisert delar av seg sjølv som dei får nytta lite i sitt daglege arbeide. Og dei har fått til eit eineståande resultat. Boka er blitt ein stor suksess, dei har blitt presentert på TV, i ulike blad og har solgt ut dei to første oppлага. Det er eit imponerande arbeid dei har gjort, dei legg stor vekt på å gjere ting "skikkeleg", desse kvinnfolka.

Marie Louise, Renée og Annie har alle nytta kvinnegruppene og andre landbruksorganisasjonar dei har vore med i til å få til nye ting på bruken. Det viktigaste her er det dei kallar "planningen", ein slags styringsmodell for drifta og eigne liv. Kvinnfolka har gjennom denne modellen lært å

¹⁴ Eiga oversetting.

planlegge og styre. Renée har seinare halde mange foredrag i ulike landbruksorgan om dette. Ho definerer det å styre som det å ta seg tid til å tenke på kva ein vil, kva ein har gjort og kva ein skal gjere. Ho har satt opp eit kart over sitt og mannen sitt livsløp til bruk i planlegginga¹⁵. Dei har lært å lage "traviescope", ein modell kor dei teiknar inn korleis dei har det og korleis dei ønskjer å ha det i forhold til arbeid, samver, ferie osb. Sidan kvinnene har lært denne forma for styring, er det dei som har hovudansvaret for "planningen". Gjennom denne har dei mellom anna fått innført ferie, dei har fått eit ord med i laget om kva som skal dyrkast og Renée har fått innført turismen. Organisasjonane har hjulpe dei på mange måtar. I tillegg til at dei alle har lært å bruke "planningen", har Renée lært engelsk og marknadsføring gjennom kurs kvinnegruppa har halde, og dei har fått hjelp til å arbeide fram nye prosjekt. Renée fortel at det var Le Groupement de Developpement Agricole (organisasjon for utvikling i landbruket) som hjalp ho og mannen til å *"nytte krisa etter kooperativnedlegginga som eit ledd i vidare utvikling, i staden for berre å gråte over ho"*.

Kvinnegruppa er ein organisasjon kor kvinnene sjølv legg premissane. Dei ser ikkje på verksemda i desse gruppene som politisk. Her snakkar dei "sitt eiga språk" på møtene og nyttar kodar dei er kjende med. Gruppene er ikkje større enn at alle blir kjende med kvarandre, og dei samhandlar som heile personar. Dei er alle med i nettverket i kraft av sin status som gardbrukarar, men dei har mange andre status felles, som gjerast relevant i samhandlinga; Dei er kvinner, mødre, koner, bestemødre og så bortetter.

"DRIFTIGE KVINNFOLK"

I det franske språket, som er meir "kjønna" enn det norske, skiljer ein mellom mannlege og kvinnelege gardbrukarar. Gardbrukar heiter "agriculteur" om det er ein mann, "agricultrise" er det ei kvinne. Dette skiljet kan vere verdt å ha med då desse orda har forskjellig innhald. Medan det å vere "agriculteur" inneber å arbeide med jorda, plante og stelle plantene, inneber det å vere "agricultrise" å delta i drifta av garden og koordinere hushaldet. Annie, Marie Louise og Renée har ulik tilknytning til gardsdrifta. Likevel er det å vere "agricultrice" ein viktig identitet for dei

¹⁵ Sjå appendix 1.

Kvinnfolk, nettverk, energi og fantasi

alle. Til denne identiteten knyttaast god arbeidsånd, pågangsmot, kreativitet og evne til å ordne opp.

Renée og Marie Louise er stolte av å vere gardbrukarar. "*Eg er gardbrukar, ikkje seljar!*", hevdar Renée. Til tross for at hennar arbeidsoppgåver ikkje har noko med det å dyrke jorda å gjere. Både ho og Marie Louise er stolte av produkta sine. Smilande med ein tomat i munnen skjønte eg kor viktig det å ha gode varer er også for Marie Louise. "*Dei er gode, tomatane til Maurice, ikkje sant?!*", spør ho. Marie Louise er stolt av å kunne by fram dei lekraste tomatane på marknaden, og ho er stolt av at det er mannen hennar som dyrkar dei lekraste tomatane. Når kvinnene skryt av produkta sine, skryt dei meir eller mindre direkte av ektemennene sine som har dyrka dei. Dette er kanskje den viktigaste måten dei gir ektefellene sine anerkjenning på.

Mest av alt er dei stolte over bruken sine, over korleis dei driv. Og her har dei hatt meir enn ein finger med i laget. Renée er ublygt kry når ho viser delegasjonar rundt på bruket og forklarer kva dei driv med. Det at både turistar og kundar trivest godt hos dei, er ho stolt av. Ho er stolt av at dei har funne ein måte å omsette produkta på som gir betre pris, at dei no kan tene meir sjølv om dei arbeider mindre. Det er eit resultat av dei mange gode idéane hennar, og handlekrafta ho har vist for å få satt dei ut i live. På same måte er Marie Louise stolt av at ho alltid får beste pris for varene sine på marknaden. Ho veit det er fordi ho er ein god seljar.

Annie reknar seg for rekneskapsførar av yrke. Ho har ikkje den same kjensla for produkta deira og gardsdrifta som Marie Louise og Renée har. Men også ho vil vere, og er, med på styringa av bruket. Og også ho er stolt av å vere "agricultrice".

Det er mennene som er oppført som eigalarar og brukarar på dei tre gardane. Forvaltinga opererer med prosentregister, kor eigaren, som oftast står som brukar av ein gard. Det er i dei fleste tilfelle mannen. Dette systemet usynleggjer kvinnene på gardsbruka. Men om dei er usynlege i offentlege register, er desse kvinnene så absolutt synlege for sine omgjevnader. Når folk snakkar om gardsbruka, refererer dei ofte til kvinnfolka. Eg har høyrt folk snakke om GAECen til familien Riviere som "*hos Annie Riviere*". "*-Mannen og svogeran hennar dyrkar eple og pærer.*" Også

dei to andre gardane omtalast som "*hos Marie Louise*" og "*hos Renée*", sjølv om det er underforstått at det er Maurice og Loulou som er driv jorda. **Det er kvinnfolka som representerer gardane utad.**

Dei tre konene er ikkje lenger ungjenter, og "det kvinnelege" har skifta innhald. Medan kvinneideallet for unge jenter går mykje på det å vere attraktiv for det andre kjønnet gjennom utsjånad, er det andre ideal som gjeld for desse etablerte, litt tilårskomne kvinnene. For dei er det å bli stadfesta som "**driftige kvinnfolk**" viktigast. Ein av dei mest sentrale eigenskapane for dei er evna til å organisere, både gardsdrifta, familien og andre ting. Det å ha godt lag med folk, å vere gode vertinner, gode seljarar og gode representantar for familie og gard er og viktig. For eit kvinnfolk er det også viktig å vere god kokk. Dei legg mykje prestisje i matlaginga. Det meste av deira sosiale liv både med familie og vener skjer over matbordet. Oppskrifter og matlaging er ofte samtaletema i alskens samanhengar. Kvinnene nyttar også matlaging og haldninga til det til å kontrastere seg frå andre. Dei er oppbragte av koner som aldri lagar "ordentleg mat", det vil seie heimlaga frå grunnen av og med rikeleg med grønsaker. Sjølv vil dei meir enn gjerne vere kjent for sin "paella" eller "äioli"¹⁶.

I kvinnegruppene stadfester kvinnene kvarandre, dei støttar opp om kvarandre og har eit fellesskap som jordbrukskvinner. Dei har ulik kvardag, men seier dei har "*same mentalitet*". Gjennom denne felles "mentaliteteten" og mange felles problem og mål identifiserer dei seg med kvarandre. Ulik brukstype og storleik blir uaktuelle skiljelinjer i denne samanhengen. Dei er alle interessert i å fremje dei same verdiane; verdiar som ligg i det å dyrke jorda, produsere gode varer, ta vare på mattradisjonane osb. Dei ønskjer "*å stå samla mot den urbane verda*", som dei ser som ein trussel mot sin levemåte. Dei ønskjer ikkje å bu i by og leve som byfolk, som dei knyttar til stress og mas, det å bu trangt og stygt, og det å leve eit overflatisk liv. Dei vil heller ikkje at bylivet av andre skal bli sett på som betre enn det livet dei lever. Kvinnene vil kjempe for gardbrukarane sin eksistens. Det at dei har ulik bakgrunn ser dei ikkje på som eit problem for

¹⁶ Spansk risrett og provencalsk kvitlauksrett.

Kvinnfolk, nettverk, energi og fantasi

samhandling, men som eit potensiale. I motsetning til mennene har dei gjennom kvinnegruppene ein arena for samarbeide på tvers av desse skiljene.

SLITNE MEN STOLTE MENN OG KVINNER - EI OPPSUMMERING

I dette kapitlet og det forrige, har eg forsøkt å vise kva tilpassingar mennene og konene på desse brukta vel, og korfor. Eg vil her oppsummere nokre sosiale former eg har avdekt, og dei sosiale prosessane som ligg bak dei.

På alle dei tre brukta finn eg at ektepara arbeider hardt, og har forholdsvis låg inntekt. Eg finn ei klar kjønnsbasert arbeidsdeling. Dette er ikkje noko særskilt for desse tre brukta, som ut frå ein del slike kjenneteikn ser ut til å vere "typiske" provencalske gardsbruk. Frå samtalar med andre bønder, agronomar frå landbrukskontor og landbruksorganisasjonar, og artiklar frå landbruksavisar i regionen, viser det seg ikkje å vere uvanleg at bøndene arbeider opptil 15 timer dagen. Den kjønnsbaserte arbeidsdelinga ser også ut til å gå igjen på dei fleste bruk; Mennene tar seg av det produksjonstekniske, maskinelle og fysisk tyngste arbeidet, kvinnene resten. Mennene på dei tre brukta har typiske karrierer for gardbrukarar av deira generasjon i regionen; Dei er oppvakse på gard, det har vore bestemt at dei skulle bli bønder frå dei var små, dei har jobba for foreldra til dei gifta seg og overtok heimgarden eller kjøpte eigen gard. Dei har ikkje utdanning ut over folkeskulen. Konene er også typiske for ei stor gruppe gardskvinner; Dei kjem frå arbeidarfamiliar og er vand med hardt arbeid. I tillegg er dei svært aktive utover garden. Billard, ein pensjonert agronom som har jobba ei årrekke med bondefamiliar i regionen for FNGEDA¹⁷, hevdar det er to typar kvinner på brukta; Dei som er organisert i kvinnegrupper, aktive utad og svært synlege, og dei meir "usynlege" som held seg til arbeidet heime på garden. Dei tre kvinnene eg har omtalt, representerer den første gruppa.

For å forklare desse formtrekka, har eg i desse to kapitla forsøkt å vise dei tidsøkonomiske og ideologiske aspekta ved vala til desse mennene og konene (jamfør Rudie 1984). Gjennom å

¹⁷ Federation Nationale des Groupes d'Etudes et Developpement Agricole, nasjonal organisasjon for studie og utvikling av jordbruket.

fokusere på identitetsforvaltning, har eg prøvd å vise verdiane aktørane søker å realisere, vilkåra dei handlar innanfor og kva strategiar dei vel.

Tid og økonomi er kritiske faktorar i dei tre hushalda. Dei grunngjev det harde arbeidet med at dei ikkje har anna val ut frå økonomiske omsyn. Men samstundes som arbeidet er ei bør, er det ein viktig del av deira identitet; som *menn*, som *bønder* og som *driftige kvinnfolk*. Arbeidet gjerast jamvel relevant for deira identitetar som ektefeller, foreldre, vener og så bortetter. Vi er her inne på det ideologiske aspekten ved vala deira. Eg har vist korleis dei tar hardt arbeid som sjølvsagt, det er slik det er å vere bonde. Det inngår i deira "modell for røynda". Hardt arbeid er også verdsatt. Når Renée er segneferdig, så sliten er ho, seier folk; "*Sjå på Renée, kor sliten ho ser ut. Ho er svær til å arbeide, den dama!*" Det å vere trøtt og sliten blir eit symbol på at ein er svær til å arbeide. Og å vere svær til å arbeide, det står det respekt av.

Arbeidsdelinga forklarar dei like enkelt, i den grad dei meiner det i det heile er noko å forklare; Menn tar seg av dei arbeidsoppgåvene dei er best egna til å utføre, kvinnene gjer det dei kan best. Eg har forsøkt å vise at dette er uttrykk for klare idear om kva som er naturleg, basert på kjønn. Menn er dei fysisk sterke, med teknisk innsikt. Kvinnene er dei som best kan alt som ikkje er mannfolkarbeid. Dette, og det at mennene er tradisjonsbærarane medan kvinnene kjem utanfrå og opererer mykje ute, gjer at kvinnene er innovatørane på bruken. Arbeidsdelinga fungerer godt. Mennene og konene har komplementære statusar og utfyller kvarandre. Maurice er avhengig av at kona får solgt tomatane han dyrkar, Marie Louise er avhengig av at mannen produserer gode tomatar for å vere ein god seljar. På dette viset får dei også den stadfestinga dei treng hos kvarandre, på at han er *ein mann* og *ein ekte gardbrukar*, og ho *ein driftig kvinnfolk*. Kjønn, saman med det å vere gardbrukar, er dominante status, dei styrer dei andre statusane dei kan ha og såleis konstruksjonen av dei sosiale personane.

Når det gjeld valet om å drive allsidig eller spesialisert, har eg vist at det ligg ulik motivasjon bak. Fernand Riviere grunnar valet om å spesialisere produksjonen med at dei trudde det ville gi økonomiske fordelar. Dei økonomiske motiva har ikkje stått sterkest på dei to tradisjonelle bruken, sjølv om dei ofte blir avgjerande når val skal gjerast. Når Renée Jordan hadde rekna ut at dei ville

Kvinnfolk, nettverk, energi og fantasi

tene på å spesialisere seg på persille, kjempa Loulou imot fordi det å dyrke persille ikkje er "ordentleg gardsdrift". Når han likevel ga seg, var det fordi dei var pressa til det. Motivasjonen for å drive spesialisert er reint økonomisk, medan motiva for allsidig produksjon er meir ideologiske.

Verdiane dei forsøker å realisere kan oppsummerast gjennom å nytte **stoltheit** som eit nøkkelomgrep. Når dei held ut å arbeide så hardt som dei gjer, er det fordi dei er stolte. Dei er stolte over å ha gode produkt. Gode tomatar verdsettast høgt av provencalarar, som er svært opptekne av mat. Dei er stolte over å vere menn, ekte gardbrukarar, gode kokkar, gode seljarar og driftige kvinnfolk. Dei er stolte over den kunnskapen dei sitt med. Dei er stolte over gardane sine og regionen sin. Og dei er stolte av ektefellene sine. Når dei blir utfordra på verdsettingane eller kategoriseringane sine, kjenner dei sin identitet trua.

KAPITTEL 7 FAMILIELIV, REKRUTTERING OG GENERASJONS-FORSKJELLAR

"Au moins, toi, tu ne seras pas paysan..."¹⁸

(P.le Roy)

FAMILIELIV

I dette kapitlet skal eg ta for meg nokre av årsakane til den låge rekrutteringa i jordbruket. Ein av dei er **mangelen på familieliv**.

Ungane på alle dei tre bruka har sett og ser lite til foreldra sine, då dei alltid er opptekne med arbeide. Det gjorde valdsamt inntrykk på meg at Jacques på ti år knytta seg så sterkt til meg som han gjorde. Etter at eg hadde vore hos dei nokre få veker, kom han i senga mi for å sove om natta. Han ville være med meg heim i kofferten når eg dro attende til Noreg, og spurte jamvel mora om ho ikkje kunne betale det det ville koste i overlast... Eg skjønte at denne ungen sakna noko, og skjønte fort at det var foreldra sine.

Jacques er sjeldan heime hos foreldra. Han sov ikkje der meir enn eit par-tre gongar i månaden. Det er problematisk for Marie Louise og Maurice å ha han der, då dei må opp så tidleg. Jacques har eige rom hos foreldra, som er der han kallar heime. Men han nyttar aldri dette rommet. Han har ei seng inne på foreldra sitt soverom. Når dei drar avgarde på marknaden, blir han av og til med og sov vidare i bilen. Eller han leitar etter nokon andre å sove med, søstera eller meg. Dagleg ringer han mora eller søstera for å få dei til å hente han hos tanta. Men dei har sjeldan tid til å ha han "masande rundt seg". Det hender han kjem dit for å ete saman med familien. Og kvar laurdag er dei alle samla hos Roselyne til lunsj.

¹⁸ "Du, du blir i det minste ikkje 'bone'..."

Familieliv, rekruttering og generasjonsforskjellar

Magali sa ein gong til meg at ho eigentleg aldri har hatt foreldre. Til trass for denne påstanden, og enn så mykje som dei kranglar, så er Magali svært knytta til foreldra sine. Men ho uttrykker eit sakn. Som brørne sine budde ho hos tanta når ho var lita. Ho er litt bitter over det at foreldra hadde så lite tid til dei som små. Robert er hemma av at han er så sjenert, og har vore i kontakt med psykolog for det. Magali meiner problema til storebroren skuldast at han ikkje har hatt foreldre til å støtte opp om seg i oppveksten. Ho styrer og steller mykje med brørne sine. Med Jacques, som er ein villstyring, har ho lite tolmod, dei ber alltid i kranglinga etter kort tid. Likevel tar ho storesøsteroppgåva alvorleg. Magali meiner Jacques ser på ho som "mor si" meir enn Marie Louise, og er uroa over det.

Det er ikkje berre ungane som uttrykker sakn av familieliv. Maurice snakka fleire gonger om det når vi var på tomannshand. Han blei vemodig når han såg kor kontaktsøkande Jacques var mot meg eller andre, når han heile tida insisterte på å bli kyssa og klemt. Han veit inderleg vel at det mykje skuldast at den lille saknar foreldra sine. Når han er saman med Jacques prøver han å stille opp alt det han kan, men er for sliten og trøtt til å greie med sonen. Også om forholdet til dottera og eldste sonen snakkar Maurice med sorg i stemmen. All kranglinga med Magali går veldig inn på han. Han vil gjerne snakke med meg om det, som har eit fortruleg veninneforhold til dottera. Måten han gjorde det på, var oftast å spørre meg ut om mitt forhold til faren min. Eg kjente igjen mange av konfliktane mellom far og dotter, og fortalte Maurice ope om korleis eg opplevde liknande situasjonar. På denne måten fekk eg etter kvart eit fortruleg forhold også til Maurice. Eg trur han i kontakten med meg fann noko av det han sakna i forholdet til si eiga dotter. Marie Louise har meir kontakt med dottera, dei samarbeider betre om praktiske ting. Robert derimot er det ingen av dei som har nokon kontakt med. På grunn av ulik arbeidstid, ser ikkje han og foreldra kvarandre. Den einaste form for kommunikasjon mellom dei er lappar med praktiske meldingar på kjøkkenbordet.

Marie Louise og Maurice snakkar om å trekke Robert og Magali med i drifta, dersom dei unge skulle ønske eller trenge det. Men dei har ikkje hatt tid til å ta ungane med i arbeidet. Ungane veit lite om kva arbeidet på bruket går ut på, dei veit ikkje ein gong kva foreldra dyrkar. Gardsdrift utmerker seg derfor ikkje som eit meir naturleg yrkesval enn kva som helst anna. Å dyrke jorda

er ikkje noko dei kan eller har eit nært forhold til. Gardsdrifta representerer jamvel noko negativt for ungane i den forstand at ho har "tatt foreldra i frå dei".

Hos Renée og Loulou har ungane etablert eigne heim. Dei har enno færre daglege situasjonar kor dei ser ungane sine. Det at dei bur så nært, gjer at kontakten mellom dei likevel er god. Både sonen og dottera må køyre gjennom hagen til foreldra når dei skal til og frå sine eigne hus, og stoppar oftast for å seie god dag. Sylvie nyttar høvet til å handle og prate med foreldra når salet er ope. Renée og Loulou har god kontakt også med svigerbarna, særskilt Sophie som dei arbeider i lag med. Barnebarna ser dei nestan dagleg. Ungane heng mykje rundt der og leikar. Skal foreldra deira vekk, er besteforeldra gjerne barnevakt. Særskilt Renée nyttar mykje av si ledige tid på barnebarna. Ho tar dei med på turar hit og dit. Dei verkar alle nøgde slik dei no har det, Renée og Loulou er glade for å ha ungane med familiær buande så nært.

Men også hos dei har det vore tøffare. André fortel korleis det var då han var unge. Når han hadde fri frå skulen, arbeidde han på garden. Då var det å starte klokka 5 om morgonen, han hugsar det som eit blodslit. Mest snakkar han om kor hardt foreldra jobba. Det er tydeleg at dette ikkje er gode minne.

Ann Virginie Riviere bur på hybel i vekene, men reknar framleis hos foreldra som *heime*. Ho kjem heim kvar helg og i feriane. Når ho er heime sov ho mykje, og tuslar mykje aleine i huset. Foreldra er opptekne kvar med sitt, og broren er sjeldan heime frå institusjonen. Faktisk har eg aldri truffe Benion. Ann Virginie og mora ser ut til å ha god kontakt, dei gjer små ærend saman av og til på dagtid og ser film på TV saman av og til på kveldane. Meir slåande er hennar forhold til faren. Ho er verkeleg ei "pappa-jente", heng etter faren så snart sjansen byr seg. Dette sterke behovet for kontakt ser Fernand ut til å gjengjelde. Til vanleg ser dei to kvarandre kun til måltida, men dei drar av og til på ski saman når Fernand kan ta nokre dagar fri på vinteren. Det ser ut til at det at dei har så lite tid saman gjer at dei prøver å nytte ho mest mogleg effektivt. Dei sit gjerne oppå kvarandre i sofaen.

Familieliv, rekruttering og generasjonsforskjellar

Eit par somrar har Ann Virginie hatt sommarjobb for faren, og tatt del i innhaustinga. Men det gjekk berre ikkje, fortel ho. På sommarstid når han arbeider så mykje, er Fernand stressa og ropar for den minste ting. *"Det er føle dagar. Då er det best å halde seg langt unna!"*, seier Ann Virginie. Ho og faren fant ut det var best ho fekk jobb ein annan stad.

Matbordet er nestan den einaste arenaen kor familien møtast. Dette understrekar kor viktig måltida er. Til trass for lite tid saman, står familien sterkt. Kven ein familie reknast å omfatte varierer med ulike situasjonar. Når Lopez' ein søndag skulle på tur "berre familien", meinte dei med familien foreldra og dei to yngste borna. Når Robert og Marie Helene skal gifte seg, inviterer dei "berre familien". Det blir over hundre gjestar... Det å tilhøyre ein familie eller ei slekt er noko eksklusivt, familiene framstår som samla grupper utad. Å vere i familie med nokon inneber visse rettar og pliktar. Sjølv om det kan verke som om desse har låg prioritet i forhold til andre oppgåver i kvardagen, er det dei rettar og pliktar ein har i forhold til "sine eigne" som tel mest når det "står om". I vanskelege situasjonar, som når nokon blir sjuk, stiller alltid familien opp. Likeeins til store hendingar som til dømes bryllup. Som Hutson (1971) fann i alpelandsbyen Valloire, finn ein også her at solidaritetslinene følgjer slektskapsliner. Individet blir sett i samanheng med familien sin. Det er viktig å kome frå ein "god familie". Både unge og gamle pratar ofte om "seg og familien". Familien er viktig for deira identitet, både for sjølvopplevelinga og andre si kategorisering. Han representerer eit fellesskap for dei som ikkje er avhengig av felles oppgåver, då dei har "same blod i årene". Døme på det er Lopez-slekta, som opprinnleget kjem frå Italia. Dette framhevast ofte, og nyttast for å kontrastere seg mot andre.

PESSIMISME I NÄRINGA

"Om fem år er det ikkje fleire bønder i Frankrike!", var Ann Virginie Riviere sitt svar på korfor ho ikkje har valt å gå inn i jordbrukssektoren. Ho får det nestan til å verke som eit dumt spørsmål. Ann Virginie har "arva" denne haldninga frå far sin, og får støtte for ho blant venene sine. Denne pessimismen for framtida for næringa er utbreidd. Usikker framtid for næringa gjer at dei unge ikkje tør satse på jordbrukssektoren. Det fører også til at bøndene ikkje ønskjer å trekke ungane med i drifta.

Fernand seier det ikkje fins unge bønder lenger, "vi er dei yngste her omkring, bror min og eg". Det ser han på som eit prov på at det ikkje fins von for fransk jordbruk. Annie protesterer, ho seier ho kjenner tre gardbrukarar som no har trekt sonane sine med i drifta. "*Men dei er galne!*", ropar Fernand, "*dei står i faenskap over hovudet, og så tar dei sonane sine med i drifta!*" Så vondt vil ikkje han sine ungar!

Heller ikkje Jordans eller Lopez' har oppmoda ungane sine til å satse på jordbruket. Renée seier dei rådde André og Sylvie til å ta meir allmenn utdanning enn jordbruksutdanning. Det til tross for at det kosta dei flesk; Alt dei tente dei åra ungane studerte gjekk med til å betale for utdanningane deira. Loulou og Renée har ønska at ungane skulle fatte interesse for jordbruket, og har prøvd å ta dei med i arbeidet. Men dei ville ikkje tvinge dei inn i næringa, slik Loulou blei det av sine foreldre.

Eg ser klare paralellar til Paulgaard (1993) som viser korleis ungdom i fiskerisamfunn har fått førstehandskunnskap om små sjansar innan næringa, om usikre inntekts- og arbeidsforhold. Kriseskildring av næringa og oppleving av problem gjer at dei vel andre vegar.

Ingen av dei tre ektepara trur bruket deira vil bli dreve vidare etter at dei går av med pensjon. For Fernand og Annie er ikkje det så ille, dei har som mål å halde drifta oppe til han blir 60 år og så legge ned. I tillegg til manglande tru på framtida for jordbruket, vil dei ikkje at dottera skal overtara då dei meiner det er for tungt for ei jente å drive bruket. Det er heller ikkje vanleg at jenter overtatar foreldrebruk - jenter blir rekruttert til jordbruket gjennom ekteskap. Sonen deira Benoin kan ikkje drive gard. Då er det verre for Christoph, seier Annie. Han har nemleg tre unge sonar.

Loulou og Renée opplever mangelen på overtakarar som eit problem. Dei har lagt mykje arbeid, pengar, tid og energi ned i det å bygge opp garden. Og dei byrjar bli gamle, Loulou har allereie nådd pensjonsalderen. Dei synes det er leit at garden vil bli liggande brakk når dei trekk seg attende. Det er ein av grunnane til at dei prøver å halde det gåande så lenge som mogleg. Vidareføring av gardsbruket er ein motivasjon for gardbrukarane. Å vite at ein har arvtagarar er med på å gi arbeidet meinings. Det representerer ikkje berre overføring av materielle, men også av

Familieliv, rekruttering og generasjonsforskjellar

ikkje-materielle verdiar (jamfør Fyhn 1991). Når André seier at han kanskje hadde valt jordbruket som leveveg hadde ikkje foreldra arbeidd så mykje som dei gjorde då han var yngre, synes foreldra det er vondt å høyre. Renée seier det gjer vondt i hjartet at dei har "*skremt han bort*" frå næringa. Loulou seier han er glad på ungane sine vegne over at dei har valt yrke dei er lukkelege i, men ikkje på eigne vegne.

BONDEHETS OG BY-LAND-KONFLIKTAR

Le Roy (1991) skriv om korleis gardbrukarar i 50-åra ikkje hadde andre idéar i hovuda enn å få ungane ut av jordbruket og nytta eitkvart høve til å la dei få ei utdanning. Utvikling, det var industrien, byen. Jordbruket og landet blei sett på som underutvikling. Dei seinare år har ein sett mottrender til denne oppfatninga. Som resultat av at problem i byane, har livet på landet fått ny glans og bonden blitt eit symbol på det ekte (Mendras 1984). Det overraska meg derfor litt når eg fann så sterke etterlevningar av idéane frå 50-talet, særskilt hos dei unge.

Orda "paysan"/ "paysanne" (alt etter om det er han- eller hokjønn) blir direkte omsett bonde. Men det blir ofte nytta negativt, slik ein på norsk snakkar om "bonar". Ingen gardbrukarar eg har snakka med kallar seg for "paysans". Dei kallar seg "agriculteurs" og "agricultrises", som er ein meir verdinøytral yrkestittel. "Paysan" nyttast ofta vitsande og nedsettande. Å vere "**paysan**" representerer det motsatte av å vere **moderne**, både i utsjånad, haldningar og adferd. Omgrepet blir nytta for å markere avstand, mellom bønder og andre yrkesgrupper og mellom folk frå landet og byen. Også gardbrukarane sjølv nyttar dette omgrepet for å kontrastere seg mot andre. Når kundane på marknaden ikkje vil ta Maurice i handa fordi han er svart på nevane, ser han det som eit teikn på byfolk sin mothug mot "*skitne gardbrukarar*". "*Dei vil ikkje ta meg i handa, ein "paysan" som eg er*", seier han. Gjennom måten han uttalar det, viser han likeeins mothug mot desse "*fisefine byfolka*". Han er indignert over at dei ikkje respekterer han og ser verdien i det han gjer.

"No har eg skjønt at det å vere datter av bønder (paysans) ikkje er ein alvorleg sjukdom", sa Magali Lopez til meg ein dag. Ho fortalte at når ho var yngre lei ho under det at foreldra var "paysans". Særskilt når ho gikk på gymnas inne i byen. Dei fleste av klassekameratane kom frå

byen. Skiljet som ho kjente så sterkt gjekk ikkje berre på det at foreldra hade ulike yrke, men også på det å vere frå landet. Ho fortalte at ho aldri kunne blande venene frå skulen med dei frå nabolaget, til dømes når ho hadde fest. Den seinare erkjenninga av at det ikkje er ho som har ein "alvorleg sjukdom", har gjort at ho har kutta kontakten med venene frå skuletida. No omgåast ho berre nokre av dei få ungdomane som bur i nærleiken. Få av dei kjem frå gardsbruk.

Eg merka også denne negative haldninga til bønder blant unge, særleg i byen. Eg hadde ein vid omgangskrins i Aix, unge som gjorde alt frå å studere økonomi til å jobbe i oppvasken på restaurant. Dei reagerte alle med vantru når eg fortalte at eg var i Frankrike for å studere bønder. Dei fleste trudde det var ein spøk. Eg fekk namnet "la paysanne", noko dei flirte like mykje av kvar gong dei traff meg. Ein vinbonde først i tjue-åra eg blei kjent med, var frå seg av glede over å ha truffe ein annan ungdom som var opptatt av jordbruk. Og attpåtil ei jente! Han fortalte meg, og det såg eg også sjølv, at han blei sett på som rar, til og med litt gal, som nytta fritida si på garden saman med bestefaren. For meg var desse reaksjonane mest morosame, men eg skjønte at for dei unge på gardsbruk her representerte dei eit problem.

Det er tydeleg at mange ønskjer å kontrastere seg frå bøndene. Maurice kallar det ein "*anti-bonde-mentalitet*". Dei negative haldningane representerer eit problem for bøndene og deira familiær, det er manglande samsvar mellom andre sine og eigne kategoriseringar. Det gjer samhandling med visse andre grupper vanskeleg, dei finn ikkje fram til felles situasjonsdefinisjonar. Som vern om eigen identitet, nyttar dei denne kontrasteringa til å skape eit fellesskap seg imellom. Dei hentar stadfesting på si sjølvoppfatning frå kvarandre, og held såleis vedlike sine identitetar som medlemmer av bondehushald.

DEI UNGE GÅR UT AV GARDSDRIFTA, MEN BLIR PÅ GARDEN

Ungane på alle gardane har valt utdanning i anna retning enn jordbruket (eg ser då bort frå Benoin som er fysisk utviklingshemma, og Jacques som er for ung enno). Likevel er gardsbruka til foreldra viktige for dei vala dei har tatt.

Familieliv, rekruttering og generasjonsforskjellar

Både hushalda og gardsdrifta endrast stadig, ikkje uavhengig av kvarandre. Rudie (1969/70) viser korleis kritiske fasar i familien påvirkar formasjonen av familiebaserte økonomiske einingar gjennom allokering av arbeid og kapital. Vidare viser ho at forskjellar i økonomisk handling heng saman med forskjellar i organisasjonsform i hushalda. For å ta Lopez som døme, så inngjekk tidlegare Maurice med familie, søstera Roselyne og mannen hennar og foreldra til Maurice og Roselyne i det same hushaldet. Produksjonen på garden sysselsette fem personar; foreldra til Maurice, Roselyne, Maurice og Marie Louise. Fleire faktorar førte til oppsplitting av hushaldet; Når Maurice og Marie Louise bygde eiga hus til seg og ungane forsvant bufellesskapet, når foreldra blei sjuke og også Roselyne slutta å arbeide på garden, forsvant mesteparten av den arbeidsmessige- og økonomiske fellesskapen. Marie Louise og Maurice har fått Coco med seg i utarbeidet. Sjølv om automatisk vatningssystem og sorteringsmaskin for tomatane har redusert arbeidsmengden på garden ein del, er der med ein auka produksjon frå to til seks drivhus arbeid nok for fleire enn tre. Men dei har ikkje råd til å erstatte familiearbeidskraft med meir innleigd hjelp. Når Robert og Marie Helene no slår seg ned på garden, og kanskje også Magali og Yves, blir dei igjen ein utvida kjernefamilie. Marie Louise og Maurice ser dette som eit potensiale for å fortsette og kanskje utvide drifta. **Gardsdrifta er avhengig av familiearbeidskraft.**

André og Sylvie har begge valt å bygge hus på eigendomen til foreldra. Sophie, kona til André, sa opp sin jobb på reisebyrå når ho gikk gravid med Thomas, fordi dei ikkje ville gi ho redusert stilling. Då blei garden til svigerforeldra ein moglegheit for ho. Sophie seier det er viktig for ho å få jobbe saman med ungane. I salet kan ho ha dei med seg. Sophie trivst med arbeidet sitt. "*Om vi bygg ut no, er det for Sophie*", seier Renée og Loulou. Sophie har toårig utdanning i reiseliv, og det er ein av grunnane til at Renée og Loulou satsar mykje på turismen. Men Sophie er kun interessert i salet, ikkje i produksjonen. Og ho likar likar ikkje å ha ansvaret. Det veit også svigerforeldra. Det gjer framtida for bruket uthygg. Men begge partar trivst med den ordninga dei har no. Dei gamle er glade for å ha svigerdottera i lag med seg, dei kan lett spørre ho om hjelp om dei treng ei ekstra handstrekning. På same måte er Sophie glad for å jobbe for Renée og Loulou, det stiller ho fritt til å disponere dagen mykje som ho vil sjølv. Også sonen og dottera med ektemann har praktisk nytte av å ha foreldra nært. Dei har god tilgang på matvarer, og besteforeldra er ofte barnevakt. På same måte stiller dei opp for foreldra. Claude ordnar med

telefaksen for Renée, Sylvie stiller i salet om det trengs og André kan ta i tunge tak med presenningar i lag med Loulou.

Magali og Robert Lopez bur begge heime. Her har dei alt dei treng, og slepp å betale for seg. Når det blei klart at Robert skulle gifte seg, byrja foreldra å ordne i stand kjellaren sånn at Robert og Marie Helene kan bu der. Marie Louise og Maurice har alltid ungane med i tankane når dei planlegg drifta. Når Robert gjekk arbeidsledig, starta dei planane om gardsherberge. Då kunne Robert vere kokk, og Magali, som då gjekk og lærte engelsk og tysk, kunne jobbe med turistane. Når dei ikkje har gitt opp desse planane etter at Robert fekk jobb på restaurant, er det fordi Magali og Marie Helene er utan arbeide. Magali har no byrja å dra på marknaden saman med mora, medan ho ventar på å få tak i anna arbeide.

Arbeidsløysa i regionen er svært høg, i området rundt Marseille er ho på 30%. For unge utan arbeidserfaring er det vanskeleg å få jobb. Det å gå arbeidslaus er vanleg, det er noko dei fleste unge gjer i alle fall i periodar av livet. Når dei unge sjølv ikkje som arbeidslaus vel å satse på gardsdrifta saman med foreldra, synar det at dei ikkje ser på det som eit alternativ til anna arbeide på sikt. Noko som skuldast dei allereie nemte faktorar som pessimisme, hardt arbeid, lite fritid, därleg inntekt og låg prestisje for gardbrukarar. Samstundes er mitt inntrykk at dei unge, både Robert, Marie Helene, Magali og Yves har gjort lite for å finne jobb når dei har vært arbeidslause. Det kan vere fordi dei har Marie Louise og Maurice i bakhanda. Dei veit dei uansett har tak over hovudet og mat på fatet. Og så kan dei ta i eit tak på garden for å legitimere ovanfor seg sjølv og andre at dei bur og et der. Sjølv om ingen av dei ønskjer å arbeide på garden, er det på kort sikt ein moglegheit for dei når dei manglar andre alternativ. Og dei planlegg mest på kort sikt, fordi framtida med omsyn til arbeidsmoglegheiter er så usikker.

NYE GENERASJONAR - NYE VERDIAR

Dei yngre har andre oppgåver enn dei eldre, og det ser ikkje ut som om dei skal ta over etter foreldra. Dette fører til endring i fordelinga av status og roller, i konstruksjonen av sosiale personar og dermed i den sosiale organiseringa (jamfør Holtedahl 1986). I dette biletet oppstår det også nye verdiar.

Familieliv, rekruttering og generasjonsforskjellar

Det er fleire grunnar til at dei unge ikkje rekrutterast til gardsdrifta. Ein av dei er pessimismen innan næringa, som gjer at det å bli gardbrukar ikkje rekna som eit reelt alternativ når dei unge skal velje sine yrke. Ein annan er haldninga til det å vere bonde. Viktig er også det gardbrukaryrket har representert for dei gjennom foreldra, nemleg hardt arbeide. Fernand seier det er normalt at det er dårleg rekruttering i jordbruksnæringa, dei unge i dag er ikkje villige til å leve slik dei gjer. *"Når ungane våre ser korleis andre lever, vil dei ikkje arbeide ti timar om dagen sju dagar i veka, utan ferie og utan å tene noko"*. Foreldra aksepterer at dei unge vil ha helg og fridagar, og *"leve som vanlege folk"*.

Avstandane mellom landsbygda og byen er blitt mindre som følgje av nye kommunikasjonsmiddel. Dei unge har meir kontakt med utanomverda enn foreldra deira. Gjennom skulegang, meir fritid, bilar og større mobilitet osb, har dei unge blitt fletta inn i nye og større samhandlingsfelt. Dei får også gjennom media meir impulsar frå verda utanom enn kva foreldregenerasjonen har fått. Paulgaard (1993) viser til at dei unge vurderer dei førstehandserfaringane dei får i nærmiljøet med andrehandserfaring, oppleveling ikkje direkte knytta til eigenutøving i dagleglivet. Dei unge samanliknar seg med folk som i andre yrke enn jordbruket. Det får konsekvensar for dei krav dei stiller til "eit godt liv". Med "storsamfunnet" har mellom anna omgrep som **fritid** kome inn også blant bøndene. Det same med **fridom**, til å velje kva ein vil jobbe med uavhengig av kva foreldra driv med. Konsumbehovet har også auka, og dermed kravet om inntekt. Dei unge vil ha råd til å gå på kino og diskotek, til nye klær, til å dra på ferie osb.

Nye verdiar har ført til at dei unge har valt andre vegar. Dei har valt skulegang og andre yrkeskarrierer. Statusrepertoira deira blir annleis enn foreldregenerasjonen sine. Dei skiftar ofte og er meir "opne". Medan foreldra hadde sine karrierer langt på veg fastlagt frå dei var små, eller i allefall nyligift, veit ikkje dei unge heilt kva dei skal ta seg til. Magali, Yves, Marie Helene og Ann Virginie synes det er vanskeleg å bestemme seg for kva dei vil "bli". Og om dei greier å bestemme seg, er det vanskeleg å få dei jobbane ein ønskjer. Det fører til at dei vel kortsiktige, midlertidige løysningar.

Status og rollar endrast i retning av større likskap mellom by- og landsbygdungdom. Og større forskjellar mellom generasjonane. Dei unge utfører andre oppgåver, opererer i andre felt, forvaltar ein annan kunnskap og søker å realisere andre verdiar enn foreldra. Dette er oppgåver, kunnskap og verdiar som i liten grad er knytta til gardsbruket. Det har ført til avstand mellom generasjonane. Bestemor Lopez (mor til Maurice) fortel korleis ho og mannen i si tid dro inn til marknaden med hest og kjerre. For ho er gardsdrifta til sonen og svigerdottera heilt framand. Ho skjønar seg ikkje på det dei driv med. Enno mindre skjønar ho seg på kva barnebarna driv på med - lære seg språk, kva skal det vere godt for?

Foreldra har ikkje villa presse ungane til å gå i deira fotspor, og har dermed i liten grad overført sine kunnskapar og verdiar knytta til gardsdrifta til dei yngre. Dei står ovanfor det dilemma at dei ønskjer at ungane skal overta, men må rá dei til det motsette då dei ønskjer dei betre materielle forhold, arbeidforhold og sosial posisjon enn det jordbruket kan by på (jamfør Fyhn 1991). Dei unge har ikkje den tekniske kunnskapen som skal til for å dyrke gode tomatar, dei har ikkje noko forhold til jorda. For dei er det viktigaste å få seg ein "ordentleg jobb", det vil seie fast lønnsarbeide. Då dette er eit knapt gode, representerer foreldra sine bruk likevel **moglegheiter** for dei.

Familieliv, rekruttering og generasjonsforskjellar

KAPITTEL 8

FELLESSKAP, VIRKEFELT OG LOKALITET

"Voisins? On en n'a plus!"¹⁹

(Bonde på marknaden i Marseille)

"PROVENCAO"

Aktørane opererer på ulike arenaer og inngår i ulike fellesskapar. Nokre felleskapar er meir symbolske, andre viktig for samhandling. Nokre fellesskapar er viktigare enn andre for deira livsverd og deira praktiske organisering av oppgåver og verksemder. Her er det ikkje berre forskjellar mellom generasjonar, men også mellom kjønn.

Felles for dei alle, uansett alder og kjønn, er at dei er provencalarar. Cohen (1985) viser korleis folk i samhandling konstruerer symbolske "boundaries" - grenser som nyttast for å skilje ei gruppe frå andre. Gjennom desse grensene, som kanskje berre fins i tankane til innehavarane, skapar ein også medvit om ein fellesskap. Denne fellesskapen kallar han "community". Medlemmene av eit "community" er ulike, men liknar kvarandre meir, synes dei, enn dei liknar andre. "Community" er der ein høyrer til og har felles symbol med dei andre. Cohen ser "community" som eit grenseuttrykkande symbol. Medlemmene tillegg symbola ulik meinings. Symbola er upresise og delar av meiningsa blir subjektiv. Cohen meiner det er derfor dei er effektive, dei gjer individua i stand til å skape meinings.

Provence må kunne seiast å vere ein slikt symbolsk fellesskap. Det å vere provencalarar, eller "provencao" som dei så stolt uttalar det, har sjølv sagt ulikt innhald for ulike individ. Men det er nokre særtrekk som ofte blir trekt fram, både av andre som skildrar provencalarar og provencalarar sjølv. Eit døme er skildringa journalisten Ardagh (1990: 30) gir i ein reiseguide;

¹⁹ "Naboar? Det har vi ikkje lenger!"

Fellesskap, virkefelt og lokalitet

"En provencaler har den egenskab, man kaller "bon-enfant", en elskværdig evne til hurtigt at komme i kontakt med andre mennesker. På italiensk manér nyder han endeløse intriger og skænderier, men uden at tage dem alvorligt. Han kan plutelig fare i flint, men uden ondskab, og nogle minutter efter slår han armen om din skulder og tilbyder deg en drink."

Denne framstillinga av provencalarar so "sydlandske i sit inderste væsen" er sjølvsagt ein sterotypi. Men eg opplevde at provencalarar sjølv la den same meinings i det å vere "provencal". Dei framstiller seg som temperamentsfulle, fyrrige og storkjefta folk, som overdriv, snakkar brent og bannar, men som er gode på botnen. Desse karakteristikkane blir viktige symbol på det å vere provencalar.

Statusen som provencalar er ein viktig del av identiteten for alle hushaldsmedlemmene. Det kjem tydeleg fram i deira sjølvpresentasjon. Ting som er typisk for regionen blir stadig framheva. I tillegg til å vere staden kor ein finn dei mest temparamentsfulle folka og dei livligaste marknadene, framhevar dei Provence som ein vakker region. Dei framhevar Provence som den regionen i Frankrike med mest sol, med flotte blomster og sjarmerande landsbyar. Dei har eigne provencalske dansar, folkedraktar, mønster på stoff og keramikk, dukker og så vidare. For ikkje å snakke om provencalsk mat. Dei har jamvel eit eiga språk, provençau. Få snakkar dette språket i dag, men det er fortsatt å høyre og lese. Gjennom å fokusere mykje på desse tinga, viser folka her kor stolte dei er av å vere provencalarar. I souvernirbutikkane er det mykje folk frå regionen som handlar, dei har husa fulle av typisk provencalske ting. Eg reiste nedlassa av slike ting frå kvart gardsbruk, og ein god del kilo tyngre etter å ha ete all den provencalske maten eg berre måtte smake før eg dro...

Cohen (op.cit) snakkar om "community" som samhandlingssystem. Han skildrer imidlertid ikkje like godt den faktiske samhandlinga som den symbolske fellesskapen. For å få grep om dei handlingsfellesskapane hushaldsmedlemmene inngår i, og om koplinga mellom ulike samhandlingssystem, ser eg Grønhaug sitt omgrep sosiale felt som eit betre verkty. Fordelen med Grønhaug sitt perspektiv, er at ein kan skildre ulike fellesskapar av ulik storleik, deira interne og

eksterne relasjonar, med same analytiske omgrep. For å avdekke sosiale felt, treng ein empirisk nære skildringar av kva aktørane samhandlar om og kven dei samhandlar med.

MANGELEN PÅ LOKALSAMFUNN

Provence er meir ein symbolsk fellesskap enn ein samhandlingsfellesskap. Mykje av verksemdene hushaldsmedlemmene inngår i går føre seg innanfor regionen; dei har slekt og familie spreidd utover regionen, kvinnene deltar i organisasjonar med medlemmer frå heile regionen, dei kjøper og sel i andre byar innanfor regionen osb. Likevel er Provence eit for stort område til å kunne reknast som eit lokalsamfunn, eller eit stadbunde samhandlingsfelt. Då er det meir naturleg å søke handlingsfellesskap i landsbyane.

Eg trudde eg ville finne landsbyar som dei mellom andre Reiter (1995) og Hutson (1971) skildrar. Reiter skildrar landsbyen Col pied i Haute Provence, Hutson landsbyen Valloire i Alpene. I desse landsbyane kjenner alle kvarandre. Naborelasjonane er tette og alle hjelper kvarandre. Her plikar det å vere nabo (Hutson op.cit.). Ein bonde eg snakka med på marknaden i Marseille satte meg på andre tankar. Eg var på jakt etter ein gard å jobbe på, og gjekk rundt på marknaden og spurte meg for. Då denne bonden sa at han nok desverre ikkje hadde bruk for meg, spurte eg om han ikkje hadde nokre nabobar eg kunne vere hos. Han såg overraska på meg, rista saktmodig på hovudet og sa: "*Naboar? Det har vi ikkje lenger!*" Denne setninga meiner eg fortel mykje.

At dei ikkje har nabobar, i tydinga folk som bur i nærleiken, er sjølvsagt ikkje riktig. Sjølv på bygda bur folk relativt tett. Det var her snakk om nabo-*bønder*, noko det har det blitt mykje mindre av men framleis finst. Snakkar ein om nabo som noko meir enn noko fysisk, noko eg trur denne bonden gjorde, blir det annleis. Han hadde ingen nabobar han kunne spørre. Det at folk bur nært kvarandre, inneber ikkje dermed at dei samhandlar. I stor grad har dei ingenting med kvarandre å gjere.

Dei tre familiene har lite omgang med sine nabobar. Alle brukar ligg like ved ein liten landsby kor ein kunne vente at dei hadde ei sosial forankring og fekk utført ein del tenester. Det er i liten grad tilfelle. Dei har mange ærend spreidd over store område, og er stort sett aldri inne i landsbyane.

Fellesskap, virkefelt og lokalitet

Når dei skal handle blir det derfor meir praktisk å gjere det på store kjøpesentra langs motorvegen enn i landsbyen. Dei drar heller ikkje til landsbyen når dei skal ut på restaurant eller dei unge på bar. Då drar dei heller til dei større byane.

For Jordans kjem mange av kundane frå landsbyen. Annie og Fernand Riviere drar inn til landsbyen når dei skal på møte i banken eller kommunestyret. Og Magali Lopez har størstedelen av sin venekrins lokalisert i bygda. Bortsett frå det har dei lite omgang med folk i bygda eller landsbyen. Slekt og vener er spreidd over store geografiske område. Det same er dei dei har meir formell kontakt med, som kjøpmenn, legar, byråkratar og så bortetter.

Grønhaug (1978) definerer lokalitet som felt som varig interaksjon mellom eit avgrensa antal personar som lever nær kvarandre i avgrensa rom, og som handlar ovanfor kvarandre som sosiale personar. Stader kor ein møtast og felles gode å ta hand om er føresetnader for at miljøkvalitetar skal skapast og slike lokale fellesskap oppstå (Gullestad 1978). I nærmiljøet til mine aktørar er desse føresetnadane ikkje oppfylte. Framom dei fleste husa er det store portar som alltid er stengt, gjerne med eit par ilske hundar bak. "*Vokt deg for hunden!*" står det på små skilt. Dei fysiske strukturane ligg ikkje til rette for å stoppe ved naboen for å slå av ein prat. Dei har få andre arenaer kor dei treffast, ikkje nokon felles kafé eller kjøpmann. Og felles oppgåver er det få av.

Som Grønhaug (op.cit)i Herat finn eg det derfor ikkje dekkande å snakke om lokalsamfunn. **Lokalitet er berre eit sosialt felt blant andre, berre eit aspekt ved aktørane sine liv** (ibid.).

KJØNN OG GEOGRAFI

Aktørane sine roller utøvast i ulik *skala*; talet på personar involvert og over kor stort geografisk rom dei strekk seg varierer med situasjon og formål. Geografien varierer for utføringa av ulike verksemder, og dei ulike aktørane utfoldar seg dermed i forskjellige geografiske rom. Den kjønnsdelte arbeidsdelinga fører til kjønnsforskellar også i bruk av geografisk og sosialt rom.

For Maurice, Loulou og Fernand er gardane hovudarena. Det er her dei oppheld seg mesteparten av tida, og det er her dei spelar ut dei fleste rollene sine; Det er heime på garden dei alle er fedre

og ektemenn, vertar for familie og vener, Maurice og Loulou svigerfedre og Loulou bestefar og svigerson. Her er dei arbeidsgivarar, bønder, Loulou seljar og så bortetter. Dei deltar i liten grad i sosiale felt som strekk seg geografisk ut over bruket. Sjølv om Maurice er med kona til marknaden kvar dag, spelar han ei meir tilbaketrukke rolle der, og er lite knytta til nettverket som fins der. Unntaket er at Fernand gjennom sitt verv i kommunestyret deltar i eit politisk felt som omfattar heile landsbyen.

Konene spelar ut sine roller på fleire og større arenaer. Dei er alle med i landbruksorganisasjonar, som er sosiale felt av større skala. Her er aktørar, i hovudsak kvinner, frå heile regionen og jamvel heile nasjonen involvert, og aktiviteten inneber mykje reising. For Marie Louise er marknadane viktige arenaer. Ho inngår i eit sosialt felt tilknytta distribusjonen av produkta, som omfattar mange andre bønder og kundar. Annie opererer på arenaer utanfor garden i samband med rekneskapsføringa. Det er også kvinnene som tar seg av det meste av "ærend", enten det er i forhold til byråkratiet eller slekt- og vener. Dette fører til mykje farting rundt om, og kontakt med mange menneske.

Reiter (1975) viser i sin studie av landsbyen Colpied at kvinner og menn opererer på ulike geografiske rom, på ulike måtar og til ulike tider. Kvinnene utfører sitt virke i hushalda og i bakgatene, det ho kallar hushaldssfærene (private spheres). Mennene okkuperer dei offentlege sfærene (public spheres); kaféen, landsbyplassen osb. Kvinneantropologar på 70-talet såg mannsdominans/kvinneundertrykking som eit grunnleggande mønster (Melhus, Rudie og Solheim 1992). Omgrepssparet hushalds- og offentlege sfærer er eit forsøk på å forklare denne universelle kvinneunderordninga. Ein så den offentlege sfæra som premissgivande og hushaldssfæra som undertrykt. Andre kvindeforskrar har seinare stilt spørsmålsteikn ved denne todelinga, kor det som omfattar familien blir sett på som hushaldssfæra og alt det øvrige den offentlege sfære. Denne inndelinga skjuler variasjon og det at familien har viktige samfunnsmessige apekt (Gullestad 1984). Reiter sitt studie er likevel nyttig for å forstå korleis kjønn kan vere avgjerande for skala og felt. I hennar materiale spelar mennene ut sine roller i større geografisk rom enn kvinnene, dei opererer i felt av større skala. Det er mennene som blir definert som bønder, og som dermed identifiserer seg med andre bønder.

Fellesskap, virkefelt og lokalitet

I motsetning til Reiter finn eg at det er kvinnene som har størst virkefelt. Desse forskjellane frå studie gjort i same område med tjue års mellomrom, er interessante. Det ser ut til å ha skjedd ei endring i kjønna sine domene. Fleire forhold må trekka inn for å forklare desse forskjellane. Salmona (1984/85) viser i eit studie gjort av franske gardsbruk utført i 1984 at det kun var halvparten av kvinnene som deltok i planlegginga av drifta og var med på å ta avgjerder. Kvinnene på gardsbruka eg har besøkt skildrar den same situasjonen nokre for år tilbake. I utviklinga frå denne sitasjonen til dagens, kor dei i høgaste grad deltar i desse oppgåvene, er landbruksorganisasjonane viktige faktorar. Sjølv om kvinnene framleis er usynleggjort og undertrykt av forvaltninga, har dei gjort seg svært synlege for sine omgjevnader. Her er det ofte kvinnene som blir definert som brukarane, eller administratorane, på gardane. Dette gir kvinnene grunnlag for å identifisere seg med andre gardbrukarar, og har ført dei saman i mellom anna kvinnegruppene. Gjennom desse har kvinnene blitt motivert og kvalifisert til å delta i styringa av gardsbruka.

Ein mogleg forklaringsfaktor på at kvinnene ikkje lenger er usynlege er at desse kvinnene er mindre knytta til huset og husarbeidet enn deira formødre var. Dei har satt bort mykje av barnepasset og husarbeidet. Dette gjer dei meir disponible og fleksible til å delta i andre oppgåver og felt. Kvinnene kan ha blitt synlege gjennom ei erobring av den offentlege sfæra. I staden for å fokusere på dette skiljet mellom hushaldssfærer og offentlege sfærer, har eg i tråd med nyare kvinneforsking valt å fokusere på skala - på storleiken på dei felte menn og kvinner inngår i (Strathern 1988 i Melhus, Rudie og Solheim op.cit.). Gjennom hushaldsanalyse har eg prøvd å vise korleis familieliv og hushald sett grenser for kvinner (og menn!) (jamfør Haugen 1987).

HUSHALD SOM FELT

Grønhaug (1978) ser på hushaldet som eit aspekt ved nokre verksemder i Herat. Eg vil ut frå definisjonen av sosiale felt som aggregat av sosiale relasjonar som er sett av komplementære roller, argumentere for at hushaldet i mitt materiale kan sjåast på som eiga verksemdsfelt. Og som det viktigaste feltet. Eg må ned på hushaldsnivå og dei sosiale personane i hushalda for å kunne forklare endring.

Kvardagsslit, tomatar, kjærleik og stoltheit

Det at naboane er "blitt borte" gjer hushaldet til ein enno viktigare arena for aktørane. Hushaldet omfattar eit lite geografisk område og få personar, og er eit felt av liten skala.

Som eg har vist, er det i hushaldet dei fleste oppgåvene blir utført. Det gjeld både i forhold til profesjon og sosialt liv, noko det forvrig er vanskeleg å skilje mellom. I tillegg til å vere ein viktig arena for utføringa av mange verksemder, er hushaldet den organiserande eininga også for oppgåver utført utanfor gardane. Det er i hushaldet dei produserer varer og utøver omsorg, og aktivitetar som organisasjonsverksemd og sal på marknaden er organisert rundt hushaldet.

Produksjonsmåten hos desse bøndene er hushaldsbasert. Sjølv hos Rivieres som ikkje driv eit tradisjonelt familiebruk meiner eg det er tilfelle. Mange oppgåver er tatt ut av hushalda (til dømes barne- og sjukeomsorg; Jacques er på skulen, Benoin på institusjon), men desse er erstatta av nye (koordinering av arbeide ute og i huset for Annie, turismen hos Jordans osb.).

Dei unge opererer i større geografiske og sosiale rom enn foreldra, dei er meir mobile og har meir tid disponibel. Dei inngår i nye felt (på skulen, på arbeidsplassen, i idrettslag osb.), felt som er ukjente for foreldregenerasjonen. Likevel er dei med på å konsolidere hushaldet og familien.

Grønhaug finn at det økonomiske feltet er det dominerande for innbyggjarane i Herat. Dei økonomiske rollene styrer dei sosiale. Dette er i høg grad tilfelle her også. Men bak både dei økonomiske og sosiale tilpassingane ligg hushaldet som styrande faktor. Eg finn det vanskeleg og lite naturleg å skilje det økonomiske frå det sosiale ved hushaldet, og vel å sjå på hushaldet som ei organiserande eining. Hushaldet er eit **organiserande felt**. Dette organiserande feltet er det dominerande, det styrer kva andre felt aktørane inngår i. Innafor dette feltet administrerast aktørane sin kvardag.

Fellesskap, virkefelt og lokalitet

KAPITTEL 9

MODERNISERING VERSUS FLEKSIBILITET -OPPSUMMERING, DISKUSJON OG AVSLUTNING

"Ne faites pas comme vos grands-parents!"²⁰

(Renée Jordans siterer jordbruksteknikarar og bankkontaktar)

ENDRING OG VEDLIKEHALD - VERDIAR OG VILKÅR

Endring er ein viktig del av kvardagen for aktørane. Modernisering av driftsforma medfører nye arbeidsoppgåver og arbeidslag. Stadig endring av arbeidsoppgåver fører til at gamal kunnskap mister sin verdi, noko som får konsekvensar for aktørane si identitetsforvaltning og skaper avstand mellom generasjonane. Samstundes med denne endringa, ser vi at familie og hushald blir halde ved like. Gardane med allsidig produksjon held fast på si tradisjonelle tilpassing. Aktørane strever etter "at skabe selvføgelighed og helhed" (Bech Jørgensen 1988: 76), for å kunne fortolke og forstå den umiddelbare omverda og danne seg heilskapsbilete ut av mangfaldet. **Dei strever etter å leve eit godt liv, etter å realisere sine verdiar ut frå dei ressursar dei innehavar og dei vilkår dei er underlagt. I desse prosessane frambringast kontinuitet og forandring** (ibid.).

Eg har forsøkt å vise kva desse verdiane og vilkåra er. Eg har vist at hushalda har ulik *evne* til å ta opp i seg økonomisk innovasjon, basert på materielle og menneskelege ressursar og evna til omstilling. Eg har vist at dei også har ulik *motivasjon*. Når familiane Lopez og Jordans har valt å halde fast på si tradisjonelle drift, istadenfor som Rivieres å satse på moderne drift, er det på bakgrunn av ulike situasjonsdefinisjonar. Dei har ulike verdiar dei sokjer å realisere. Medan Fernand Riviere ønskjer seg ein moderne arbeidsplass med god inntekt, er Loulou Jordan motstandar av mykje av det modernisering av drifta fører med seg. Han ønskjer å leve trygt og drive med ting han meistrar. For ektepara Jordan og Lopez er det å drive gard ein verdi i seg sjølv. Dei er villige til å strekke seg langt for fortsatt å få vere bønder. Å produsere kvalitetsprodukt,

²⁰ "Driv ikkje slik besteforeldra dykker gjorde!"

Modernisering versus fleksibilitet

ha eit veldreve bruk, eit godt forhold til kundane og dei dei arbeider saman med og god kontakt med familie og vener er verdiar som inngår i deira idé om det gode liv.

I deira strev etter å realisere desse verdiane, møter dei mange barrierer. Nokre av dei skuldast den forståingsbarriera som skapast mellom dei og verda utanfor i rolleutformingsprosessane (jamfør Holtedahl 1986).

TRADISJONELL DRIFT - "BAKSTREVERSK" DRIFTSFORM?

-FORSTÅINGSBARRIERER MELLOM FORVALTNINGA OG UTØVARANE

Det er stor geografisk avstand mellom dei som fattar avgjerdene i Paris og Brüssel og dei avgjerdene gjeld for. Eg vil vise at det også er stor avstand i korleis dei oppfattar røynda. Ulik kultur, ulike verdsettingar, ulik kunnskap og ulike former for kommunikasjon, fører til **avmakt for aktørane i forhold til forvaltning og styresmakter** (jamfør Arntsen 1994, Førde 1994).

Det blir ofte hevdat at fransk jordbruk er "underutvikla". Det blir hevdat at Frankrike, i motsetnad til land som Nederland, England og Danmark, ikkje har greid å integrere sitt jordbruk i det moderne samfunn (le Roy 1991). Det franske jordbruksmekanisert, med 2for mange brukarar på for små bruk" (ibid.). Eg har vist korleis oppfatninga av jordbruksmekanisert, med bøndene som lite effektive og umoderne har konsekvensar for utøvarane si sjølvoppfatning og for korleis dei blir oppfatta av andre. Ikkje minst får det konsekvensar for bøndene at jordbruksforvaltninga, den politiske og administrative delen av næringa, legg denne oppfatninga til grunn for sin politikk.

Som nemnt er det ei politisk målsetting, i Frankrike som i resten av Europa, å rasjonalisere og modernisere jordbruksmekanisert. Ved å få små bruk satt ut av drift, vil ein styrke overlevingssjansane for dei større. Ein ønskjer eit meir "profesjonelt" jordbruk, utøvarar med høgare utdanning og produksjon på eit høgare teknisk nivå. For bøndene får desse målsettingane direkte konsekvensar ved utforminga av støtteordningar, lovar og reglar. Døme på dette er økonomiske fordelar ved å slå bruk saman til GAEC'ar, forkjøpsrett for nabogardar om ein gard skal seljast og krav til landbruksutdanning for å få rett til oppstartsstønad. Byråkratiet (landbrukskontor,

jordbruksteknikarar, landbruksbanken og liknande), som bøndene må gå gjennom for å få finansiert og godkjent nye prosjekt og vedlikehald, styrer ut frå same prinsippet. Dei oppfordrar bøndene om å "tenkje bedrift", det vil seie modernisere drifta for å maksimere profitt. Bøndene blir oppfordra til å spesialisere produksjonen og satse på større og meir maskinell drift om dei ønskjer å bli i jordbruket. **Småbruk med allsidig produksjon blir i det offentlege politiske system sett på som ei "bakstreversk" driftsform.**

Eg har vist at familiane Lopez, Jordan og Riviere definerer situasjonen annleis. Så usikker som framtida for fransk jordbruk no fortunar seg for dei, ser dei det som galskap å investere i nytt, kostbart produksjonsutstyr. Bøndene må kunne tilpasse drifta rammevilkår i stadig endring. Hushaldsutviklinga, det vil seie behov og tilgjengeleg arbeidskraft, naturforhalda, dei politiske retningslinene og marknaden er ustabile. I denne situasjonen, med stadige endringar, blir fleksibilitet, definert som potensiell eller ubrukt endring (Bateson 1972 i Artnsen 1994), viktig. Når prisane på tomatar går ned, må bondehushalda kunne hente inn inntekter frå andre produkt eller andre aktivitetar. Skulle rotter øydeleggje paprikaavlinga, må dei kunne plante ut andre ting i staden. Når omsettingsleddet sviktar, må dei kunne finne nye måtar å få solgt produkta på. Toppar arbeidet seg, må dei ha reservearbeidskraft og sette inn. Og skulle anna arbeid og inntekt falle bort, må dei ha andre oppgåver å sette folk til.

Eg har vist fleire døme på korleis familiane Lopez og Jordan har lagt om drifta for å møte endringar; Oppretting av direktesal hos Jordans når kooperativet braut saman, sterke satsing på melon hos Lopez' når tomatprisen gjekk ned osb. Familien Riviere derimot, har ikkje dei same moglegheitene til å omstille seg. Når eplene frys eit år, har dei ikkje alternative inntektskilder. I år veit dei at det vil bli overproduksjon av eple i Frankrike, og at prisen dermed blir låg. Dei kan likevel ikkje legge om produksjonen for å imøtegå desse problema. Ein pløyar ikkje opp ein fleire dekar stor eplehage, med tre som må stå i fleire år før dei gir frukt, sjølv om prisane er därlege eit år. Dei ser jamvel inga moglegheiter til å møte problemet med at TGV'en, hurtigtoget, truleg vil bli lagt rett over markene deira om få år. Dei har investert for mykje til at det i det heile tatt er aktuelt å legge om produksjonen. Annie kan nytte ledig kapasitet til å hente inn inntekt utanfrå, men også det er vanskeleg då ho må tilpasse tida si dei øvrige hushaldsmedlemmene.

Modernisering versus fleksibilitet

Rudie (1969/70) viser at økonomisk og rasjonell spesialisering ofte er ugjenkallelig. Når hushaldet har spesifisert bruket av sine aktiva (arbeid og kapital), er dei mindre oppnåelege for andre formål. Hushaldet har dermed redusert sin økonomiske valfridom (ibid.). Når Rivieres spesialiserte seg på eple og pærer, var det fordi dei trudde det ville lønne seg økonomisk. Utviklinga har gått i motsatt retning av kva alle trudde, og no er dei låst i investeringane. Eg har vist at "dei tradisjonelle bruka", med lite kapitalkrevande og allsidig produksjon basert på manuell arbeidskraft, lettare kan omplassere sine aktiva enn "det moderne bruket" med kapitalkrevande, mekanisert og spesialisert produksjon. Fernand Riviere hevdar det i dag er ein fordel å ha eit lite bruk, som er mindre kapitalkrevande. **Tradisjonell drift er meir fleksibel enn moderne.** Dette poenget er oversett av jordbrukssteknikarane og rådgivarane i landbruksbanken som ber bøndene om "*ikkje å drive slik besteforeldra deira gjorde*".

Fernand Riviere angrar på at dei spesialiserte produksjonen på garden fordi dei no går med økonomisk tap. Og at Loulou Jordan vegrar seg mot "det moderne" i forsvar av sin identitet. Modernisering representerer nye situasjonsdefinisjonar og medfører verdikonfliktar for utøvarane. Eit par døme på korleis dei snakkar om moderne stordrift kan illustrere det ytterlegare; Bøndene snakkar om Nederland som "storebroren" når det gjeld jordbruk. Men samstundes som dei er imponerte over produksjon så moderne og i så stor skala som det drivast der, så uttrykker dei ofte forakt for slik masseproduksjon. Dei meiner kvaliteten på produkta frå slike bruk er därleg. Eit anna døme er korleis familien Lopez snakker om gardsdrifta "hos Max". Max bur like ved familien Lopez, han driv med spesialisert tomatproduksjon på eit bruk ti gonger så stort som Lopez'. "*Du skulle vore hos Max*", seier Maurice til meg, "*der ville du få sett skikkeleg tomatproduksjon!*" "*Men*", legg han til, "*du ville ikkje få det godt der. På ein så stor gard blir ikkje folk tatt vare på*".

Medan modernisering er eit uttrykt mål for forvaltninga, er biletet meir samansatt for utøvarane. Utøvarar og næring opererer på ulike nivå. Samhandling forgår på ulike premiss og i ulike former på dei to nivåa, og samhandling på tvers av dei er vanskeleg. Rudie (1982) snakkar om skilnaden mellom resiprositetsprinsippet og marknadsprinsippet for samhandling. I hushalda styrer resiprositetsmoralen, folk er knytta saman av rettar og plikter. Dei inngår i moralske fellesskap.

I det øvrige økonomiske liv svarar ikkje partane for kvarandre ut over den enkelte transaksjonen. Hushaldsmedlemmene kjenner at det større samfunn ikkje opererer etter dei same moralske reglane som dei som styrer handlinga i kvardagslivet (jamfør Gullestad 1989). Det oppstår kulturelle spenningsfelt mellom kvardagslivet sine livsverder og samfunnet sine politiske og økonomiske strukturar (ibid.). Skiljet mellom multiplekse og simplekse relasjonar kan også skildre dette forholdet (jamfør Holtedahl 1986). Bøndene foretrekk bøndene arenaer kor dei kan vere seg sjølv. Dei er vand med å opptre og samhandle som heile personar. I det offentlege politiske felt er relasjonane simplekse - ein samhandlar som samansatte personar. I møte mellom gardbrukarane og byråkratiske og politiske organ, blir det vanskeleg å einast om kva sider ved situasjonen og personane som skal gjerast relevant.

Kontakt med byråkrati og styresmakter er formell, og foregår ofte skriftleg. Då kvinnfolka har lært seg mange av reglane som gjeld for denne typen kommunikasjon, å fylle ut skjema og liknande, er denne barrieren mindre for dei enn for mennene. Men sjølv om kvinnene utfører den naudsynte kontakten med forvaltningsorgana og er aktive organisasjonsmedlemmer, reknar dei seg ikkje som politiske aktørar. Fernand er den einaste som er politisk aktiv. Men han er djupt usamd i den jordbrukspolitikken som blir ført i landet. Maurice og Loulou tar avstand frå politisk verksemd. Dette skuldast ikkje manglande engasjement, både mennene og konene er opptatte av framtida for næringa og for landet. Dei har sine meningar om korleis det burde vere, og diskuterer gjerne med familie, vener og kven dei ellers måtte prate med. Men dei koplar det ikkje til politikk, politiske diskusjonar vil dei helst unngå. Eit døme på det er når dei i samtale med meg kom inn på EU. Eg blei spurt om eg ønska Noreg inn i EU. Når eg svara nei, sa dei stille at "*det gjer du rett i*". Så snart dei skjønte at det kunne bli ein politisk diskusjon, bakka dei unna. Loulou fortel at han stemmer ved val, det kjenner han som si plikt, men han stemmer blankt. Alle partia er like, meiner han. Han fortel om greie folk han kjente som har blitt politikarar - etter det er dei ikkje til å kjenne att. "*Politikarane feiler heile tida. Dei held seg ikkje orientert om det som skjer. Landbruksministrane stikk aldri nevane i jorda, det er det som er problemet!*", slår han fast.

Å delta i det politiske system krev ferdigheiter bøndene ikkje har. Og kanskje enno viktigare; Den ferdigkeitstradisjonen dei representerer blir ikkje verdsatt i desse organa. I den offentlege politiske

Modernisering versus fleksibilitet

røynda er kvardagslivskompetanse utdefinert som relevant (jamfør Fyhn op.cit.). Det fører til at utøvarane trekker seg ut av det offentlege politiske felt. Bøndene unngår desse møta fordi dei her ikkje får stadfesta si sjølvoppfatning, dei kjenner jamvel sin identitet trua. Tilbaketreking frå deira side er eit forsvar av deira bonde-identitet. Ein identitet kor sjølvstendighet, nærliek og kjærleik til jorda, produkta, kundane og arbeidslaga er viktigare enn økonomisk rasjonalitet.

FRÅ FAMILIEBRUK TIL EINMANNSFØRETAK ? -PLASSERING I DEN FAGLEGE DISKURSEN

Eg vil i det følgjande samanhilde nokre av mine empiriske funn med anna jordbruks- og hushaldsforsking. Eg vil såleis forsøke å plassere meg i den faglege diskusjonen om kva retning utviklinga av jordbruket tar. Ved å trekke inn norsk forsking vil eg trekke nokre paralellar til norsk jordbruk.

Mykje forskning staderfester forvaltninga si røyndsforståing. Både i fransk, norsk og anna vestleg forsking er det ei utbredt oppfatning om at utviklinga går mot separering av gardsdrift og familie/hushald. Utviklinga går mot einmannsbruk og større driftseiningar, blir det halde fram. Den franske sosiologen Mendras (1984) meiner ein ikkje lenger kan snakke om gardsdrifta uadskilt frå familien. I staden har vi fått jordbruk som individuelle yrke (ibid.). Mendras bygger på skiljet mellom "paysan" og "producteur agricole", som har klare paralellar til omgrepa "peasant" og "farmer" nytta i mykje litteratur (Wolf 1966, Saul & Woods 1971, Shanin 1970 m.fl.). "Peasantry" definerast som ein totalitet av økonomiske, sosiale og kulturelle funksjonar, av familieliv og foretak. Altså jordbruk som *levemåte*. "Peasants" knyttast til sjølvforsyning, i motsetning til "farmers", som driv kapitalistisk. "Peasantry" blir det eit aspekt ved fortida - eit "pre-industrielt" fenomen, som Shanin (op.cit.) kallar det. Som ein konsekvens av denne definisjonen, endar både Shanin, Saul & Woods og Mendras opp med at bonden ("the peasant", "le paysan") og bondehushaldet er utrangert av kapitalismen og industrialiseringa, i alle fall i den vestlege verda. I Frankrike som i Noreg viser statistikken at kvinner på gardsbruk, som kvinner generelt, i aukande omfang tar lønnsarbeid utanom bruket. Store delar av både jordbruks- og kvinneforskninga har konkludert med at kvinna dermed går ut av landbruket (Mendras op.cit., Bartez 1982).

Mange norske jordbruksforskarar hevdar det same. "*Det er ikke lenger familien, men enkeltindivider som blir bønder*", skriv Haugen (1990: 153). Denne konklusjonen heng saman med oppfatninga om at den teknologiske utviklinga av jordbruket har skove kvinnene ut av gardsdrifta. "*Når teknologien kommer til gards, går mannofolka i fjøsen*", står det om nordnorsk jordbruk si historie (Bjørklund, Drivenes og Gerrard 1994: 319). At det i hovudsak er mannen som påtar seg mange av dei nye arbeidsoppgåvene som tungt maskinarbeid, er ei situasjonsskildring det er semje om. Men det spørsmålet som reiser seg, er; Kor går kvinne? Det blir hevdat at moderniseringa av jordbruket har ført til ei "maskulinisering" av næringa (viser til m.a. Haugen op.cit., Brandt 1993 og Almås 1987). Brandt og Haugen påpeiker at det dog fins kvinnebønder, det vil seie kvinner som eig og driv gard. Dei opererer maskinparken og gjer stort sett det same arbeidet som mennene. Kjønn har dermed mista si forankring i arbeidsdelinga, hevdar Brandt (op.cit.). Haugen (op.cit.) hevdar at dei nye kvinnebøndene har valt jordbruket som yrke, og støttar opp om Mendras sin påstand om at jordbruket ikkje lenger er ei livsform.

Min empiri leiar fram til heilt andre konklusjonar. Eg har vist at hushaldet framleis er den sentrale eininga for organiseringa av gardsdrifta, og at kvinnene i høgaste grad deltar. Vidare har eg vist at tungt maskinarbeid er mannofkarbeid, og at mekanisering i form av til dømes traktorarbeid delvis har skove kvinnene ut av produksjonsarbeidet. Men kvinnene har påtatt seg mange nye oppgåver i gardsdrifta, som rekneskapsføring, marknadsføring osb. Nye oppgåver har ført til nye arbeidslag, men desse har framleis utgangspunkt i hushaldet. Kvinnene og mennene har ulike overlevingsstrategiar i den pressa situasjonen dei står i. Men mennene, som berarar av tradisjonell kunnskap om produksjon, og kvinnene, som innovatørar og hushaldskoordinatorar, er avhengige av kvarandre. Arbeidsdelinga er framleis viktig for forvaltninga av kjønnsidentitet. Vidare har eg vist at bonde og bondekone er dominante status, at det formar ein heilskapleg identitet og dermed må kunne sjåast som ein levemåte. Dei ønskjer å oppretthalde si tradisjonelle driftsform, og finn nye moglegheiter for å greie det. Dei tradisjonelle brukena er meir fleksible. Eg har vist at dei unge, til trass for at dei vel andre yrker, blir buande på garden og konsoliderer hushaldet. Dei fungerer som reservearbeidskraft på brukena, og brukena står som ei opning for dei om dei skulle mangle anna arbeid.

Modernisering versus fleksibilitet

Dette leiar attende til diskusjonen om hushaldet si stilling som økonomisk eining i det moderne samfunn²¹. I staden for ei eintydig utvikling mot "urbane samfunn" kor hushalda er marginalisert, og kor familiebruken blir erstatta av større *einmannsbruk*, ser vi at hushalda stadfester sin posisjon som grunnleggande eining for gardsdrifta og prøver å halde på si tradisjonelle tilpassing. Andre hushaldsforskarar, både i Noreg og Frankrike, finn det same. Fyhn (1985) viser til nordnorske hushald med jordbruk som basistilpassing. Ho hevdar at kvinnedeltakinga på nordnorske gardsbruk ikkje er avtakande med auka driftsstorleik, at mekaniseringa av gardsdrifta ikkje fungerer som "ein utstøtingsmekanisme for kvinner". Flakstad (1984) har også studert nordnorske bondehushald, og meiner at ein i staden for funksjonstapping av hushaldet kan snakke om funksjonsflytting oppover i behovshierarkiet. Haicault (1994), som har studert franske hushald, hevdar at hushaldsoppgåver ikkje forsvinn, men omformast. Nilsen (1990) viser til dei same dynamikkane i arbeidsorganisering som eg har funne i sin studie av yrkestilpassingar i Storfjord og Porsanger, og Nilsen og Mosli (1994) i ein studie av reindrifta i Gouvdageaidnu; Den enkelte si yrkestilpassing er prega av at ho/han tar omsyn til dei andre familiemedlemmene og deira arbeidsinnsats, og ein kulturell trass mot styresmaktene sitt effektivitetspress. Som ein parallell til utviklinga av jordbruket, har kvinnene i reindriftshushalda mista sin plass på vinterbeitet. Nilsen og Mosli viser at dei likevel framleis er integrert i reindrifta (*ibid.*). Dei viser at den tradisjonelle familiestrukturen, utvida kjernefamiliar, blir halde ved like ved at dei unge blir buande heime etter at dei har gått ut i jobb. Det oppstår nye yrkeskombinasjonar der familiar utnyttar nye inntektsmoglegheiter sånn at dei kan oppretthalde sine allsidige tilpassingsformer. **Gjennom å utnytte andre moglegheiter, blir hushalda styrka i staden for svekka som operative økonomiske einingar** (Nilsen op.cit.).

²¹ Sjå HUSHALD SOM ANALYTISK EINING, kap.2.

"DEN SOM LEITER DEN FINN DET HAN LEITER ETTER"

"Hallo!" sa Nøff, 'hva holder du på med?'

'Går på jakt', sa Brumm.

'På jakt etter hva?'

'Følger et spor', sa Brumm hemmelighetsfullt.

'Hva slags spor ?' spurte Nøff og kom nærmere.

'Det er nettopp det jeg spør meg selv om. Jeg spør meg selv: Hva slags?'

'Hva tror du at du kommer til å svare?' spurte Nøff.

'Jeg vil vente med å svare til jeg har nådd igjen den som lager det', sa Brumm. ²²

Ole Brumm går på jakt med eit åpe leiteutgangspunkt. Det er i tråd med Barth si oppfordring om at vi må la våre oppdaginger forme vår vitskap (Barth 1987). For å utvide vår forståing av verdsbiletet, må vi sjå på korleis det blir produsert. Vi må fokusere på samspelet mellom prosess og form (ibid.). Gjennom deltakande observasjon kan ein framskaffe data om samhandling, og framsette relasjonelle og prosessuelle forklaringar på menneskeleg adferd (Wadel 1991). Eg gjekk ut i "felten" med den innstillinga at empirien skulle avgjere kva som skulle bli mine data.

Dette er eit teoretisk utgangspunkt som skiljer seg frå kvantitativt orientert forsking. Wadel byggjer skiljet mellom kvalitativt og kvantitativt orientert forsking på om forskinga først og framst er innholds- eller utbreiingsorientert. All forsking inneholder både kvalitative og kvantitative aspekt, men i kvalitativt orientert forsking har dei viktigaste data å gjere med *"innhold, betydning og mening"* (ibid.: 198). Medan den kvantitativt orienterte forskaren leiter etter utbreiing og årsakar, etter samvariasjon mellom avhengige og uavhengige variablar, fokuserer den kvalitativt orienterte forskaren på å skildre prosessar. Den kvantitativt orienterte forskinga har teori, hypoteser, metode og kva som skal vere data, fastlagt på førehand. I kvalitativt orientert forsking, derimot, må ein justere forskingsopplegget undervegs. Wadel kallar det runddans mellom teori, metode og data.

²² Frå Ole Brumms sitatbok.

Modernisering versus fleksibilitet

Mykje av jordbruksforskinga fokuserer meir på utbreiing enn på innhald. Eller for å fortsette i Barths terminologi; Det blir fokusert meir på form enn på prosess. Argumentasjonsrekka går ofte som følgjer; Moderne jordbruk er mekanisert jordbruk, mekanisert jordbruk er maskulinisert jordbruk, maskulinisert jordbruk er einmannsdreve osb. Dette utan at innhaldet i omgrepene blir problematisert. Eit døme er Mendras (1994) som snakkar om overgangen frå "bondesamfunnet" til "det industrielle samfunn", frå "le paysan" til "le producteur agricole". "Paysan" står for sjølvforsyningssbruk i isolerte jordbruksområder og "producteur agricole" for bruk som eksisterer i samspel med det kapitalistiske samfunnet. Ut frå desse definisjonane konkluderer han at "paysans" er utsletta av det industrielle samfunnet. Mendras skildrar formtrekk utan å vise prosessane bak dei. Han får ikkje fram korleis aktørane gjennom si tilpassing til omverda genererer mønsteret. Han får heller ikkje fram kva denne endringa inneber for aktørane. Meiningsaspektet blir borte.

Forskarar vil alltid kategorisere, i forsøk på å avspegle sider ved røynda (Rudie 1982). Denne kategoriseringa er avgjerande for kva vi fangar opp, og for kva vi *ikkje* fangar opp. Her ligg faremomentet i vår bruk av kategoriar. Rudie viser korleis bruk av produksjonsomgrepet i forsking har skapt analytiske avgrensingsproblem. Mange forskarar har valt å sjå den økonomiske omorganiseringa av samfunnet som at produksjonen lausrivast frå hushalda, eller at den hushaldsbaserte produksjonsmåten blir forlatt, utan å problematisere produksjonsomgrepet. Det er blitt trekt eit skilje mellom produksjon og *ikkje*-produksjon, eit skilje som ofte går tvers gjennom kvinnene sine arbeidsfelt (ibid.). Då produksjon ofte blir forstått som arbeid som gir målbare produkt og målbart inntekt, ekscluderer det mykje av det arbeidet kvinner utfører, som husarbeid og omsorgsarbeid. Ein konsekvens av denne kategoriseringa blir gjerne at kvinner sitt arbeid blir usynleggjort.

Mange kvinneforskarar går i same fella. Eg meiner omgrepene "kvinnebonde" - "bondekone", nytta av mellom andre Haugen (1990) og Brandt (1993), er med på å usynleggjere kvinner sin arbeidsinnsats i jordbruket. Haugen fokuserer på kvinner som står som eigarar og brukarar av gardsbruk, og kallar desse kvinnebønder. Ho er sjølv merksam på svake sider ved denne kategoriseringa; Få gardskvinner fell inn under kategorien. Dei som her blir defibert som bønder er helst einslege kvinner, uetablerte og enker, som utfører det som blir rekna for mannsarbeid.

Haugen ser faren for å undervurdere det tradisjonelle kvinnearbeidet i jordbruket. Ho har likevel valt dette fokuset, då ho meiner forsking som tar utgangspunkt i familien overser einslege kvinner som driv gard. Hagen oppnår å vise at også kvinner kan vere einedrivarar av gardsbruk. Men det er mange forhold som forsking med denne typen kategorisering ikkje fangar opp. Kategoriane bygger opp under forvaltninga si marginalisering av kvinnene i næringa då størstedelen av dei ikkje blir rekna som bønder. Og ved å usynleggjere det tradisjonelle kvinnearbeidet får ein ikkje fram samanhengen mellom økonomisk verksemd og sosial organisasjon (Fyhn 1991). I staden for å fokusere på innhaldet og meiningsa i det arbeidet kvinner utfører, blir fokus retta mot utbeining av kvinner som eig gardsbruk, som kjøyrer traktor osb.

Wadel kritiserer den kvantitativt orienterte forskinga for at ho ikkje får fram innhaldet i aktivitetar og sosiale relasjoner. Kvantitativt orientert forsking er dermed eit dårlig grunnlag for å forstå dynamiske forhold, prosessar og samhandlingsmønster (Grønnmo 1982 i ibid.). Ein kan kun få tak på meiningsa og dei dynamikkane som former samfunnet, ved å ta utgangspunkt i situasjonar kor folk samhandlar (Barth op.cit.). Eit interessant fokus for jordbruksforskingsa må vere kva som skjer innan og med hushaldsfeltet under skiftande omstende. Det kan vi best gripe ved å sjå på dynamikkane i hushaldet i lys av andre samhandlingsfelt (Gullestad 1977 i Rudie op.cit.).

Wadel (op.cit.: 198) hevdar, med ei omskriving av Arne Garborg, at "*den som leiter den finn det han leiter etter*". Ein bør ikkje berre leite etter strukturane, men også etter prosessane som former dei. Og, etter eksempel frå Ole Brumm, bør ein la felten vere med på å avgjere kva vi skal leite etter.

"ET ALORS?" - AVSLUTNING

Når eg no skal runde av, tenkjer eg på Loulou Jordan som les forskningsrapportar om jordbruket med eit "*et alors?*" ("og kva så?"). Det hadde han kanskje også sagt om han hadde lese dette arbeidet. Eg har tenkt mykje på kva eg trur eg ville svart.

Gjennom ei tilnærming med fokus på aktørane sine kvardagsliv, deira praktiske organisering av oppgåver og verksemder, deira erfaring og livsverd, har eg forsøkt å vise kva tilpassingar

Modernisering versus fleksibilitet

bondehushalda vel og korfor. Eg har avdekt ein del sosiale former og prosessar som genererer dei. Eg har motgått ein del oppfatningar som ser ut til å vere rådande innan næringa som sektor (styresmakter og forvaltning) og delar av forskninga, og støtta opp om anna forskning. Eg har argumentert for å ta utgangspunkt i folk sin kvardag, deira "*verden-indenfor-rækkevidde*" (Schutz 1975 i Bech Jørgensen 1988), for å få fram relasjonane mellom samfunnskapte strukturar og menneskeleg handling.

Mykje av dette vil vere dokumentasjon på forhold som for bøndene og deira familiar er sjølvsagte. Men det er ikkje sjølvsagt for resten av verda. Det kjem tydeleg fram når ein ser mine "funn" i forhold til oppfatningar som ser ut til å vere rådande hos styresmaktene og innan delar av forskninga på feltet. Ved å gå inn i nokre hushald, har eg latt dei kome til orde (jamfør Hastrup 1992 og Nilsen 1990). Dei har fått skildre sine idéar om det gode liv. Eg har tatt utgangspunkt i deira situasjonsdefinisjonar. Det er her eg har henta kunnskap om vala deira. Og det er her eg har avdekt samhandling. Denne kunnskapen er naudsynt for å forstå og styre utviklinga av jordbruket. Ved hjelp av samfunnsvitskapleg teori og analyseverkty, vonar eg å ha fått fram ny innsikt også for utøvarane i jordbruket. Hastrup (op.cit.) påpeiker at vi med vår forskning har moglegheiter til å skape forandring. Gjennom dei spørsmål forskaren stiller, kan ho eller han sette i gang erkjenningsprosessar som kan endre samfunnet. "*De videnskabelige resultaters 'objektive' værdi*", seier Hastrup (ibid:78), "*ligger i deres bidrag til at skabe enighed om nye ønskverdige mål, snarere end at bekræfte gamle teorier.*" Vår jobb er å finne ut kva folk trives med, kva dei legg i det gode liv og kva vilkår som må til for å nå det.

APPENDIX 1: STATISTIKK

Tal for regionen Provence- Alpes- Côte d'Azur frå 1988,
henta frå "Agreste" - la statistique agricole 1992 og Recensement
Agricole 1988 Inventaires, SCEES - INSEE.

Bruk totalt: 44 579

"Population familiale",

dvs jordbruksbefolkinga med familiemedlemmene medrekna: 124 610

derav kvinner: 58 982

"Les chefs d'exploitations",

dvs den registrerte brukar på kvart bruk, etter alder²³:

| Alder | Personar |
|----------------|----------|
| under 25 år | 519 |
| 35-44 år | 3964 |
| 45-49 år | 7701 |
| 50-54 år | 4230 |
| 55-59 år | 5402 |
| 60-64 år | 7323 |
| 65 år og eldre | 9288 |
| Totalt: | 44527 |
| Kvinner | |
| av desse: | 7872 |

Produksjonstype:

(eg gjer merksam på at nokre bruk har fleire typar produksjon)

| Produkt | Bruk |
|--|-------|
| korn | 12030 |
| industriell produksjon (soya -, solsikkeolje etc) | 3947 |
| grønsaker | 13602 |
| fôr | 6987 |
| blomster | 3236 |
| vin | 20279 |
| frukt | 8800 |
| oliven | 7784 |

²³ NB! Kvinner er ikkje med her.

APPENDIX 2: RENEE JORDAN HAR TEIKNA NED SITT LIVSLØP

Renée Jordan har laga ein oversikt over livsløpa til seg og mannen. Dette har ho lagt fram for 2000 menneske på FNGEDA-konferanse, og det har stått trykt i ei landbruksavis.

| Dato | Han | Ho |
|---------|--|--|
| 1955 | Gifta dei seg Foreldra hans dreiv gard | Ho frå byen Uønska som svigerdotter Før giftemålet måtte ho vise at ho kunne greie med gardsarbeidet, at ho var André verdig |
| 1956 | Første barn; dottera født | |
| 1957 | Andre barn; sonen født | |
| 1955-63 | Dei arbeider begge på garden til André sine foreldre | |
| 1963 | Dei flytter til landsbyen kor dei no bur. Dei kjøper gard og blir sjølv- stendige | |
| 1955-70 | Ansvarleg for produksjonen, kommersiali- seringa og alt kontorarbeid. | Emballerer. Innhaustar. Held ved like plantene. Tar seg av ungane. Av eigen interesse lagar ho grafiske figurar av tala André legg fram. Dette for å fremje endring. |
| 1965 | Sjuk, ryggplager. Dei taper eit års produksjon. | |
| 1966-67 | | Sjuk, hofteplager. |
| 1970 | Dei spør seg; Livet, kva er det eigentleg? Oppdagar Le Groupement Développement Agricole Blir med i La Commission Feminine Commission Maraï- (Kvinnegruppe) chère (Organisasjon for åkerprodusentar) | Blir med i La Commission Feminine (Kvinnegruppe) |
| 1973 | Introduserte "Planningen" Informasjon blir sortert, kan for- utsjå meir. | Gir si meining om val av produkt dei dyrkar. Programerer ferie. |

- 1976 Insisterer på
 spesialisering. Nektar. Går til slutt med på
 spesialisering på persille.
 Har rekna ut at det vil løne seg.
Går ikkje an å leve
av persille! Insisterer
på tomat.
Gir seg.
 Persilleproduksjon. Sel til kooperativet.
 Omsettinga byrjar å bli interessant.
- 1979 Vil introdusere turisme.
Nektar. Gir seg,
men seier;
"Slut på fred og ro"
 Overtyder han om at det skal gå
roleg føre seg, avgrensa område,
avgrensa tid.
Opprettar campingplassen og gîtes (utleierom)
- 1979-82 Tar verv som president i GDA
 (Groupement de Developpement
Agricole). Ungane er store,
ho arbeider halv tid på bruket.

Dei tar feriar,
3 veker i september og 1 i januar,
i tillegg 3 gode helger.

Skolerer seg. Lærer å lage
"traviescope".
- 1982 Blir president i FDGEDA,
visepresident i FRGEDA og
administrator i FNGEDA.
- 1983 Kooperativet går dukken.

Var president
- 1983-86 Lever av sal av kylling og egg, og av
campingen. Panikkår!
- 1986 Mista motet. Vil selje direkte på garden.
Vil ikkje starte
omatt diversifsert
produksjon slik dei
hadde i 60-åra.
Direktesal forstyrrande.
 Argumenterer med avgrensa
opningstider.
 Har tatt mykje kurs,
gjort ulike "stages".
Ho har sett opp modellar,
ønskjer å drive diversifert i
samarbeid med andre.
Han gir seg.
- 1985 Seier i frå seg vervet i GDA.

1987

Seier frå seg vervet i FNGEDA.
Vil ha meir tid til å konsentrere
seg om eiga drift.

1988

Samanslutninga av bønder startar opp, med støtte frå l'ANDA. Dei er 6 stk.

Dei startar med grønsaksanretninga
Plukkar grønsakene. Lagar anretninga i lag med
svigerdottera.

I dag

Dei angrar på:
-åra med spesialisering.

Dei er glade for:

- direktekontakten med konsumentane
- at dei har trekt svigerdottera inn i drifta
- den økonomiske progresjonen
- at dei er med i GDA
- at dei sel heile produksjonen
direkte, og
- snøballeffekten som har gjort at dei i dag
har 6 direkte-sal.

LITTERATURREFERANSAR:

Almås, R. (1987): "Family Farming in Norway" i Galeski og Wilkening (red.): Family Farming in Europe and America. Rural Sociological Society, Westview Press, Oxford.

Altern Haugen, I. (1986): "Hva er kultur", i Korbøl (red): Kulturforskjeller og gjensidig forståelse, Institutt for samfunnsforskning, Oslo 1988.

Ardagh, J. (1990): Provence, Languedoc, Côte d'Azur, Gyldendahls Reiseguids, Danmark.

Arntsen, B. (1994): Navigasjon med lokal kunnskap som kompass. Et møte med fiskere i en fjord, hovedfagsoppgåve ved seksjon for samiske studier/sosialantropologi, ISV, Universitetet i Tromsø.

Barth, F. (1965): "Anthropological models and social reality" i Process and form in social life, Routledge & Keagan Paul, London 1981.

Barth, F. (1974): "Forord" i Goffman: Vårt rollespill til daglig, Pax Forlag, 1992.

Barth, F. (1987): "Some reflections on the theory and method", kap. 11 i Cosmologies in the making: A generative approach to cultural variation in inner New Guinea, Cambridge University Press.

Barth, F. (1994): Manifestasjon og prosess, Universitetsforlaget.

Bathez, A. (1982): La famille et le travail dans l'agriculture. Une questions de methode. Economica, Frankrike.

Bech-Jørgensen, B. (1988): "Hvorfor gør de ikke noget?", i Bloch, Højgaard, B.-Jørgensen og L. Nautrup: Hverdagsliv, kultur og subjektivitet, Kultursociologiske Skrifter nr 25, Københavns Universitet 1988.

Bertaux, D. og Bertaux-Wiame, I. (1981): "Life stories in the bakers trade", i Bertaux, D. (red): Biography and society. The life history approach in the social sciences, SAGE, Beverly Hills.

Bjerkli, B. (1991): Cultural Change in Rural Norway and the Problems of diverging Norms and Values, NordlandsForskning - Working paper 1105/91, Bodø.

Bjørklund, I., Drivenes, E.A. og Gerrad, S. (1994): "På vei til det moderne - om jordbruk, fiske, reindrift og industri 1890-1990" i Nordnorsk Kulturhistorie

Brandth, B. (1993): "Kvinner er ikke lenger hva de var - kvinnebønder, teknologi og konstruksjon av kjønn" i Brandth og Vestad (red.): Kvinneliv i landbruket, Landbruksforlaget.

Choen, A. (1985): The Symbolic Construction of Community, Ellis Horwood Limited.

Flakstad, A.G. (1984): "Kan endring innen kvinnearbeidet utløse strukturendringer?", i Rudie (red.): Myk start - hard landing, Universitetsforlaget, Oslo.

Fyhn, A. (1985): Makt og kjærlighet i jordbruket. Ei drøfting av betingelsene for kvinnerekruttering til jordbruksproduksjon og organisasjon, hovedoppgave i samfunnsvitskap, ISV, Universitetet i Tromsø.

Fyhn, A. (1991): "Nordnorske bygdekvinne mellom gamle og nye næringer - verdikonflikt oh kompetansebehov", i Åtte perspektiver på bygdeutvikling, NLVF-publikasjon 3/91.

Førde, A. (1994): "Mytar og sanningar om franske bønder" i pÅ tVERS, årgang 1, studentfaglig magasin ved ISV, Universitetet i Tromsø.

Galeski, B. (1971): "Social Organization and Rural Social Change", i Shanin (red): Peasants and peasant societies, Penguin Books, England 1971

Geertz, C. (1973): The interpretation of cultures, Basic Books.

Geertz, C. (1983): ""From the Natives Point of View": On the Nature og Anthropological Understanding" i Local Knowledge. Further Essays in interpretive Anthropology, Basic Books, New York.

Grønhaug, R. (1978): "Scale as a Variable in Analysis: Fields in Social Organization in Herat, Northwest Afghanistan" i Barth, F. (red): Scale and Social Organization, Universitetsforlaget.

Grønhaug, R. (1984): "Konstruksjon og destruksjon av tegn" i Johansen og Utaker (red.): Strukturalisme og semiologi. Muligheter og begrensninger i en semiotisk forskningspraksis, Universitetsforlaget.

Gullestad, M. (1978): "Lokalsamfunnsbegrepet og dets anvendele i studiet av samfunn" i Thuen og Wadel (red.): Lokale samfunn og offentlig planlegging, Universitetsforlaget.

Gullestad, M. (1984): "Sosialantropologiske perspektiver på familie og hushold" i Rudie, I. (red): Myk start - hard landing, Universitetsforlaget, Oslo.

Gullestad, M. (1989): Kultur og hverdagsliv,
Universitetsforlaget.

Haicault, M. (1994): Perte de savoirs familiaux, nouvelle
professionalité du travail domestique, quel liens avec le
système productif?, Université Toulouse II, LEST Aix-en-
Provence.

Hastrup, K. (1989): "Kultur som analytisk begrep", i Hastrup og
Ramløv (red): Kulturanalyse. Fortolkningens forløb i
antropologien, København 1989.

Hastrup, K. (1992): Det antropologiske projekt - om forbløffelse,
Gyldendalske Boghandel, København.

Haugen, I. (1987): Concentrating on women. Introduction to a
debate in social anthropology, Ams- Varia, Vol. 17,
Stavanger.

Haugen, M.S. (1990): Kvinnebonden, rapport nr 7/90, Senter for
Bygdeforskning.

Holtedahl, L. (1986): Hva mutter gjør er alltid viktig,
Universitetsforlaget AS.

Hutson, S. (1971): "Social ranking in a French Alpine Community"
i Bailey (red.): Gifts and poison, Basic Blacwell.

Højrup, T. og Rahbec Christensen, L. (1989): "Strukturel
livsformsanalyse" i Nord nytt nr 37 1989.

Melhus, M., Rudie, I. og Solheim, J. (1992): "Antropologien og
kjønnet" i Taksdal og Wiederberg (red.): Forståelser av
kjønn, Ad Notam Gyldendal AS.

Lysestøl, P.M. (1992): Husholdets politiske økonomi,
Universitetsforlaget, Oslo.

Mendras, H. (1984): La fin des paysans, BABEL.

Nilsen, R. (1990): Gjenstridige fjordfolk, Forut, Tromsø.

Nilsen, R. og Mosli, J.H. (1994): Inn fra vidda. Hushold og økonomisk tilpasning i reindrifta i Guovdageaidu 1960-1993, NORUT samfunnsforskning rapport SF 17/94, Tromsø.

Okely, J. (1994): "Vicarious and sensory knowledge og chronology and change: ageing in rural France" i Hastrup og Hervik (red.): Social Experience and Anthropological Knowledge, Routledge England.

Paulgaard, G. (1993): "Nye tider - nye tonar? Eit fiskerisamfunn i endring" i Heggen, Myklebust og Øia (red.): Ungdom i lokal miljø. Perspektiv frå pedagogikk, sosiologi, antropologi og demografi, Det Norske Samlaget.

Reiter, R.R. (1975): "Men and Women in the South of France: Public and Private Domains" i Reiter R.R. (red.): Toward an Anthropology of Women, Monthly Review Press, USA.

Rossvær, V. (1989): "Fiskerkvinneaksjonen på Sørøya. Innenfraforståelse og utenfraforståelse", Albatross nr 1, 1989.

le Roy, P. (1991): L'avenir des agricultures francaises, Presses Universitaires de France.

Rudie, I. (1969/70): "Husholdsorganisasjon. Tilpasningsprosess og restriktiv form. Et synspunkt på økonomisk endring", fra Folk Vol. 11-12. 1969/70.

Rudie, I. (1982): "Utkantsproblematikk, kjønnsproblematikk og husholdsanalyser" i Nilsen, Reiersen og Aarsæther (red.): Folkemakt og regional utvikling, Pax forlag.

Rudie, I. (1984): "Innledning" til analyseperspektiver og "Fra kjernefamilie til kollektiv. En modell for analyse av hushold" i Rudie, I. (red): Myk start - hard landing, Universitetsforlaget, Oslo.

Salmona, M. (1984): Espérances et désespoirs des petits groupes au travail, des petits groupes à histoires et projets économiques, FNGDA, Frankrike, 1984/85.

Saul, J.S. & Woods, R. (1971): "African Peasants" i Shanin (red.): Peasants and peasant societies, Penguin Books, England 1971.

Shanin, T. (1970): "A Russian Peasant Household at the turn of the Century" i Shanin (red): Peasants and peasant societies, Penguin Books, England 1971.

Spradley, J.P. (1980): Participant Observation, Harcourt Brace Jovanovich College Publishers.

La statistique agricole (1992): "Agreste"

Wadel, C. (1991): Feltarbeid i egen kultur, SEEK a/s, Flekkefjord.

Wolf, E.R. (1966): Peasants, Prentice-hall, inc, New Jersey.